

# Kartlegging av naturtyper i Fræna kommune



**Rapport J. B. Jordal  
nr. 5-2005**

Utførande konsulent: Biolog John Bjarne Jordal 6610 Øksendal	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal epost: john.bjarne.jordal@c2i.net	ISBN-nummer: 82-92647-06-6
Oppdragsgjevar: Fræna kommune 6440 Elnesvågen, tlf. 71 26 81 00	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lode før mai 2004, deretter May Britt Bjerke	År: 2005
<b>Referanse:</b> Jordal, J. B. 2005: Kartlegging av naturtypar i Fræna kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2005. 140 s.		
<b>Referat:</b> Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar og raudlisteartar i Fræna kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Slik kartlegging skal utførast i alle kommunar for å betra det lokale kunnskapsgrunnlaget. Det er avgrensa og skildra 145 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmark og fjell. Fleirtalet av desse er nye basert på feltarbeid, rundt 31 var i den tidlegare Naturbasen til fylket, og ein del fleire fanst i litteraturen. Det er gjort 157 funn av 43 nasjonale raudlisteartar av lav, mosar, ferskvassblautdyr, planter og sopp. Materialet er presentert dels i rapportform, dels i database. Fræna kommune har 11 verneområde, 2 i myr, 2 i ferskvatn og 7 på havstrand. Dei er oppretta for å ta vare på plante- og/eller fuglelivet. I tillegg er Stavikvassdraget omfatta av Verneplan IV. Fræna sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane havstrand med fleire store og viktige lokalitetar, ferskvatn/våtmark med rike kulturlandskapsjøar og viktige bekkedrag, skog med edellauvskog, gammal lauv- og furuskog, berg og rasmark med artsrike nordvendte kystberg og kalkrike fjellområde med rik, basekrevande flora. Av 57 prioriterte naturtypar nasjonalt er 37 funne i Fræna, noko som viser ei heilt uvanleg stor spennvidde.		
<b>Emneord:</b>		
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	
Planter	Kulturlandskap	
Sopp	Myr	
Mose	Skog	
Lav	Havstrand	
Virvellause dyr	Fjell	
Fugl	Ferskvatn	
<b>Framsdebilete:</b> <i>Øvst t.v.: Ved Kryssvatnet står den nordlegaste barlinden i Noreg, berre nokre meter frå kommunegrensa til Molde. Innfelt: nærbilete av barlindgrein.</i> <i>Øvst t.h.: Slåtteeing på Skutholmen ved Vikan. Dette er fiskarbonden sitt tradisjonelle landskap. Innfelt: slimjordtunge, ein av dei svært sjeldne beitemarkssoppene som veks her.</i> <i>Midten t.v.: Nordsida av Talstadhesten er vidt kjent blant botanikarar for ein utruleg rik flora av til dels kalkkrevande artar. Innfelt fagbotanikaren Leif Malme ved sommarhuset sitt i Malmefjorden. Han har skrive ei omfattande avhandling om Talstadhesten, og er truleg den som har gjort mest for den botaniske utforskinga av kommunen.</i> <i>Midten t.h.: Utsikt frå Talstadhesten mot Farstad med Langvatnet, Frelsvatnet og Hostadvatnet. I Hustadvassdraget finst fylkets største bestand av den freda elvemuslingen (innfelt).</i> <i>Nedst t.v.: Frå Hustadmyrane mot Aslaksteinen. Strandflata mellom Stavika, Bud og Hustad har eit av dei største myrområda i låglandet i heile Noreg. Fjellrekkja med Aslaksteinen har mykje edellauvskog (med alm og hassel) og ein rik flora av varmekrevande planter. Dessutan har desse fjella ei rekkje oseaniske (fukt-krevande og frostvare) artar av mosar, lav og planter.</i> <i>Nedst t.h.: Marianøkleblom er velkjent frå hagar, men i vill tilstand er det berre to veksestader i fylket: sanddynene på Farstad og Skotten. Sanddynar er sjeldne så langt nord. Mange spesialiserte sanddyneplanter er sørlege og varmekrevande, og fleire av dei har nordgrensa si i Fræna.</i>  <i>Alle foto: John Bjarne Jordal ©.</i>		

# FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Fræna kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd egne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Fræna kommune av underteikna. Arbeidet er finansiert av Fræna kommune og Møre og Romsdal fylke. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfattaren ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 11.01.2005

John Bjarne Jordal  
prosjektansvarleg

# INNHALD

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>8</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>13</b>
BAKGRUNN .....	13
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	13
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD .....	13
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET .....	13
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE .....	14
FORMÅLET MED RAPPORTEN .....	15
NOKRE ORD OG UTTRYKK .....	15
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>17</b>
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	17
AVGRENSING, VERDSETTING OG PRIORITERING .....	18
PRESENTASJON .....	20
<b>NATURGRUNNLAG</b> .....	<b>21</b>
LANDSKAP M.M. ....	21
KLIMA .....	21
GEOLOGI .....	21
LAUSMASSAR .....	22
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK Plassering .....	22
<b>NATURTYPAR</b> .....	<b>24</b>
HAVSTRAND/KYST .....	24
KULTURLANDSKAP .....	25
MYR .....	25
FERSKVATN .....	26
SKOG .....	26
RASMARK, BERG OG KANTKRATT .....	27
FJELL .....	28
<b>LOKALITETAR</b> .....	<b>29</b>
1 LANGØYVÅGEN NATURRESERVAT (STRANDENGER, UNDERVASSENGER).....	29
2 YTRE HOEMSVÅGEN (STRANDENGER).....	29
3 INDRE-HOEMSVÅGEN (STRANDENGER, UNDERVASSENGER).....	30
4 AUREOSEN: ELVEUTLØPET (BRAKKVASSDELTA) .....	30
5 JENDEMSFJELLET, VESTSIDA (GAMMAL LAUVSKOG, GAMMAL FURUSKOG) .....	31
6 JENDEMSFJELLET: VEST FOR KJERKJESKARET (NORDVENDTE KYSTBERG) .....	31
7 NORDAUST FOR KRYSSVATNET (FURUSKOG) .....	32
8 ÅNDAL: GRYTRØRIN SØR FOR TVERRLIVATNET (FURUSKOG) .....	32
9 AUREOSEN: HESTADVATNET (RIK KULTURLANDSKAPSSJØ) .....	33
10 SANDBUKTA: UTLØPET AV HOLSELVA (BRAKKVASSDELTA) .....	33
11 MALMEFJORDEN: UTLØPET AV MALMEELVA (BRAKKVASSDELTA) .....	33
12 MALMEFJORDEN: UNDER ØYGARDSFJELLET (EDELLOUVSKOG).....	34
13 MALMEDALEN: NAKKEN-FAGERLIA (EDELLOUVSKOG).....	34
14 SKARET: SKARVATNET (FERSKVATN) .....	35
15 SKARET: BERRMYRANE/KRINGLA (MYR).....	35
16 MALMEFJORDEN: VED UKKELBERG (SVARTOR) .....	36
17 MALMEFJORDEN: LINDSET (EDELLOUVSKOG) .....	36
18 MALMEFJORDEN: REITVIKA VEST FOR LINDSET (SVARTOR) .....	37
19 SYLTEOSEN: VEST FOR SYLTEVORPA (SVARTOR) .....	37
20 SYLTEOSEN (BRAKKVASSDELTA).....	38
21 SYLTEOSEN: VED SYLTEELVA (HAGEMARK M. SOLBLOM) .....	38
22 RØDALEN: UNDER KVANNFJELLRØRA (EDELLOUVSKOG) .....	38
23 MOEN: MOELVA VED FAGERMO (EDELLOUVSKOG) .....	39
24 TROLLKYRKJA (KALKRIKE OMRÅDE I FJELLET) .....	39
25 FRÆNEIDET NATURRESERVAT, MYRDELEN (RIKMYR) .....	40
26 FRÆNEIDET NATURRESERVAT, ØVRE DEL (EDELLOUVSKOG) .....	41

27 BØRRESDALEN (EDELLOUVSKOG).....	41
28 SYLTHESETRA: VED GJERDEHAUGEN (RIKMYR).....	41
29 SYLTHESETRA: VED HYTTTER (SMÅBIOTOP).....	42
30 SYLTHESETRA: HAGAN (GJERDET) (SLÅTTEENGER).....	42
31 SYLTHESETRA: NEDANFOR HAGAN (GJERDET) (SKOGSBEITE).....	43
32 EIDEM: LITLEVATNET (RIKE KULTURLANDSKAPSSJØAR).....	43
33 SKJELBREIA (RIKE KULTURLANDSKAPSSJØAR).....	43
34 PRESTELVA (FRÅ SKJELBREIA, VIKTIG BEKKEDRAG).....	44
35 HAUKÅSDALEN (ARTSRIKE VEGKANTER).....	44
36 LANGVATNET VED PRESTELVA (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	45
37 LANGVATNET (RIKE KULTURLANDSKAPSSJØAR).....	45
38 SLEPSKARET, NORDSIDA (NORDVENDTE KYSTBERG M.M.).....	46
39 LANGVATNET: NEDANFOR HUSTAD KALK OG MARMOR (KALKSKOG).....	46
40 LANGVATNET: NORDAUST FOR HUSTAD KALK OG MARMOR (EDELLOUVSKOG).....	47
41 TALSTADHESTEN: SKOGLIA (KALKSKOG M.M.).....	48
42 TALSTADHESTEN: VEST FOR SLEPSKARET (KALKRIKE OMRÅDE I FJELLET).....	49
43 STØTTELVA (FRÅ LANGVATNET, VIKTIG BEKKEDRAG).....	49
44 HUSTADVASSDRAGET NATURRESERVAT: FRELSVATNET (RIKE KULTURLANDSKAPSSJØAR).....	50
45 HUSTADVASSDRAGET NATURRESERVAT: HUSTADELVA, SØRLEGE DEL (VIKTIG BEKKEDRAG).....	50
46 VEST FOR FRELSVATNET (MYR).....	51
47 HUSTADVASSDRAGET: VED SKJENTJØNNA (LÅGLANDSMYR).....	51
48 HUSTADELVA, NORDLEGE DEL (VIKTIG BEKKEDRAG).....	52
49 TVERRFJELLIA (NORDVENDTE BERG).....	52
50 TVERRFJELL: STORMYRA (INTAKT LÅGLANDSMYR).....	53
51 TVERRFJELL: NORD FOR STORMYRA (EDELLOUVSKOG).....	53
52 STORDALEN (NORDVENDTE KYSTBERG).....	53
53 MELEN (KALKRIKE OMRÅDE I FJELLET).....	54
54 KNOKLIA VED FRÆNABU (EDELLOUVSKOG).....	54
55 HOSTAD (EDELLOUVSKOG).....	55
56 HOSTAD-FARSTAD: SØRAUST FOR ØRHEIM (KJELDE OG KJELDEBEKK).....	55
57 HOSTAD-FARSTAD: SØRAUST FOR ØRHEIM (SØRVENDT BERG OG RASMAR).....	56
58 HOSTAD-FARSTAD: VED ØRHEIM (EDELLOUVSKOG).....	56
59 FARSTAD: RØDAL (EDELLOUVSKOG).....	56
60 HOSTADVATNET NATURRESERVAT (RIKE KULTURLANDSKAPSSJØAR).....	57
61 FARSTADELVA (VIKTIG BEKKEDRAG).....	58
62 RAUDTUA: AUST FOR SVARTHAMRANE (NORDVENDTE KYSTBERG).....	58
63 RAUDTUA: SVARTHAMRANE VED NERLANDSSETRA (NORDVENDTE KYSTBERG, GAMMAL EDELLOUVSKOG).....	59
64 RAUDTUA: FJELLRYGGEN PÅ NORDVESTSIDA (TERRENGDEKKJANDE MYR).....	59
65 HUSTAD: AUSTSIDA AV LYNGSTADFJELLET (EDELLOUVSKOG).....	60
66 HUSTAD: SØRAUSTSIDA AV ASLAKSTEINEN (EDELLOUVSKOG).....	60
67 HUSTAD: NORDAUSTSIDA AV ASLAKSTEINEN MOT LITLÉ-HORBERGET (EDELLOUVSKOG).....	61
68 HUSTAD: HORBERGET (EDELLOUVSKOG).....	61
69 HUSTAD: LITLÉ-HORBERGET (EDELLOUVSKOG).....	62
70 HUSTAD: SØRVESTSIDA AV ASLAKSTEINEN (EDELLOUVSKOG).....	62
71 HUSTAD: KAMMEN (EDELLOUVSKOG).....	63
72 HUSTAD: RÅA (EDELLOUVSKOG).....	63
73 HUSTAD: GAMMELSETRA, VESTRE DEL (EDELLOUVSKOG).....	64
74 HUSTAD: GAMMELSETRA, AUSTRE DEL (EDELLOUVSKOG).....	64
75 SKARSET: SVARTGJØLHAMRANE (EDELLOUVSKOG).....	65
76 SKALTEN: HERDALEN (GAMMAL FURUSKOG, GAMMAL LAUVSKOG).....	65
77 ÅS (SLÅTTEENG).....	66
78 TORNES: ÅSMULEN VED KONGSSTIGEN (EDELLOUVSKOG).....	66
79 TORNES: LANGHAUGAN (NATURBEITEMARK).....	67
80 TORNES: VED VARDHAUGMYRA (NATURBEITEMARK).....	67
81 SKARET: MALMESETRA (NATURBEITEMARK).....	68
82 TORNES: LEVRA-ØRNEHAUGEN (NATURBEITEMARK).....	68
83 TORNES: SANDVIKA (SANDSTRAND).....	69
84 KJØRSVIKBUKTA (SANDSTRAND).....	69
85 STAVIKA: STORVIKA (SANDSTRAND).....	70
86 STAVIKA (SANDSTRAND).....	70
87 STAVIKA: VEST FOR VEDABERGET (SANDSTRAND).....	70
88 VESTAD: SOLBERG (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	71
89 VESTAD: RISHAUGAN (SLÅTTEENG).....	71

90 VESTAD: AUST FOR RISHAUGAN (NATURBEITEMARK).....	72
91 VESTAD: ØVERLAND (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	72
92 GULELEIRA (STRANDENGER).....	73
93 BUD: KARLSVIKA (SANDSTRAND).....	73
94 BUD: GULBERGET (EDELLAUVSKOG).....	74
95 BUD: RAUDMOAKSLA, VESTSIDA (EDELLAUVSKOG, BERG/RASMARK).....	74
96 BUD: RAUDMOAKSLA, NORDSIDA (NORDVENDTE KYSTBERG).....	75
97 BUD: BÅSAN (GAMMAL LAUVSKOG, NORDVENDTE KYSTBERG).....	75
98 BUD-BERGSET (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	76
99 BERGSET: YTTERSUNDE (STRANDENGER).....	76
100 BERGSET-SUNDE (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	77
101 BERGSET-GULE (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	77
102 GULE-/STAVIKMYRANE NATURRESERVAT (MYR).....	78
103 VEST FOR RAMBJØRHAUG (LÅGLANDSMYR).....	79
104 HØGHAUGEN SØR FOR SANDSTØLEN (SLÅTTEENG).....	79
105 HUSTAD: VEST FOR VENÅS (EDELLAUVSKOG).....	80
106 HUSTAD: RUGGA VED BARBRØHOLEN (VIKTIG BEKKEDRAG).....	80
107 HUSTADMYRANE, NORDRE DEL (LÅGLANDSMYR).....	81
108 VIKAN: KVENNAGROVHAUGEN (LÅGLANDSMYR).....	81
109 SØRVEST FOR VIKAN (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	82
110 VIKAN: SANDSTØLEN SØR (LÅGLANDSMYR).....	82
111 VIKAN: SANDSTØLEN VEST (DAMMAR).....	83
112 VIKAN: SANDSTØLEN (KALKRIKE ENGER).....	83
113 VIKAN: SANDSTØLEN NORD (BEKKEDRAG).....	84
114 VIKAN: SANDSTØLEN: MARITTJØNNA (INTAKT LÅGLANDSMYR).....	84
115 VIKAN: SKUTHOLMEN (SLÅTTEENGER).....	85
116 VIKAN (STRANDENGER).....	86
117 VIKAN: SKUTSANDEN (STRANDENGER).....	86
118 VIKAN: LEIRHEIM (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	87
119 VIKAN-MALE (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	87
120 RUGGEØSEN (STRANDENGER M.M.).....	88
121 MALE: ASKEVÅGEN (UNDERVASSENGER).....	88
122 MALETANGEN (NATURBEITEMARK, TANGVOLLAR).....	88
123 AUST FOR MALETANGEN (KALKRIKE ENGER).....	89
124 MALE: VED MALEHAMMAREN (SANDSTRAND, TANGVOLLAR).....	89
125 VIKAN: VED INNSIDA AV SOLØYA.....	90
126 NERLANDSBUKTA NATURRESERVAT (BRAKKVASSDELTA, SANDDYNER).....	90
127 SØR FOR HOKSNESET: BREIVIKA.....	91
128 FARSTAD: HOKSNESET, VED HUSA (KALKRIKE ENGER).....	91
129 FARSTAD: HOKSNESET (UNDERVASSENGER).....	92
130 FARSTAD: STORHOLMEN-TAKSNESET (NATURBEITEMARK/KYSTLYNGHEI).....	92
131 FARSTAD: VEST FOR STORHOLMEN (UNDERVASSENG).....	93
132 FARSTAD: AUST FOR STORHOLMEN (STRANDENG, DRIFTVOLLAR).....	93
133 FARSTAD: FARSTADBERGET (KALKRIKE ENGER, KYSTLYNGHEI).....	94
134 FARSTADBUKTA NATURRESERVAT (BRAKKVASSDELTA, SANDDYNER).....	94
135 FARSTAD: BREIVIKBUKTA (SANDSTRAND).....	95
136 FARSTAD-SKOTTEN (ARTSRIKE VEGKANTAR).....	95
137 FARSTAD: SANDVIKBUKTA (SANDSTRAND).....	96
138 STEMSTESTEN: SKOTTENURA (NORDVENDTE KYSTBERG).....	96
139 SKOTTEN: OTTERLIENE (NORDVENDTE KYSTBERG).....	97
140 SKOTTEN (SANDDYNER, KALKRIKE ENGER).....	97
141 STEMSTESTEN, AUSTSIDA (NORDVENDTE KYSTBERG).....	98
142 VEST FOR KRÅKHOLMSUNDET (SANDSTRAND).....	98
143 KRÅKHOLMSUNDET (STRANDENG).....	99
144 SANDBLÅSTVÅGEN NATURRESERVAT (BRAKKVASSPOLL M.M.).....	99
145 SKOTTENSTUPET (NORDVENDTE KYSTBERG).....	100
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS.....	101
<b>RAUDLISTEARTAR.....</b>	<b>102</b>
GENERELT.....	102
SOPP.....	102
LAV.....	102
PLANTER.....	102
MOSAR.....	102

VIRVELLAUSE DYR.....	102
FUNNOVERSIKT.....	103
<b>KUNNSKAPSSTATUS.....</b>	<b>109</b>
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAGET ETTER DETTE PROSJEKTET.....	109
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR.....	109
<b>KJELDER .....</b>	<b>110</b>
GENERELL LITTERATUR.....	110
LITTERATUR SOM BERØRER FRÆNA .....	110
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER, INTERNETT .....	125
MUNNLEGE KJELDER .....	125
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>126</b>
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR.....	126
MOSELISTER FOR LOKALITETAR .....	135
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR.....	137
<b>KART</b>	139

# SAMANDRAG

## Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling.

Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar.

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Møre og Romsdal fylke, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget i kommunen er kort skildra med omtale av landskap, geologi og lausmassar, klima og naturgeografiske tilhøve.

## Naturtypar i Fræna

Dei ulike naturtypane i Fræna er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Fræna er havstrand, kulturlandskap, ferskvatn, myr, berg/rasmark, skog og fjell. Fræna har i visse område ein berggrunn som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande planter m.m.

Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Fræna fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>A</b>	<b>Myr (15 lok.)</b>				
A01	Intakte låglandsmyrar	3	5	2	10
A02	Intakte høgmyrar	2	3		5
A03	Terrengdekkjande myr		2		2
A05	Rikmyr	4	2	1	7
A06	Kjelde og kjeldebekk		1		1
<b>B</b>	<b>Rasmark, berg og kantkratt (26 lok.)</b>				
B01	Sørvendt berg og rasmark	2	10		12
B04	Nordvendte kystberg	1	10	3	14
<b>C</b>	<b>Fjell (3 lok.)</b>				
C01	Kalkrike område i fjellet	2	1		3
<b>D</b>	<b>Kulturlandskap (34 lok.)</b>				
D01	Slåtteeuger	1	4		5
D03	Artsrike vegkantar	1	7	3	11
D04	Naturbeitemark	1	3	4	8
D05	Hagemark		1		1



Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
D06	Skogsbeite		1		1
D07	Kystlynghei	2	1		3
D08	Kalkrike enger	5	2	1	8
D09	Fuktenger		1		1
D11	Småbiotoper		1		1
<b>E</b>	<b>Ferskvatn/ våtmark (16 lok.)</b>				
E03	Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti			1	1
E06	Viktige bekkedrag	4	4	1	7
E08	Rike kulturlandskapssjøar	3	2	2	7
E09	Dammar	1		1	2
<b>F</b>	<b>Skog (45 lok.)</b>				
F01	Rik edellauvskog	2	26	4	32
F02	Gammal edellauvskog	1	1		2
F03	Kalkskog	1	1		2
F04	Bjørkeskog med høgstauder	1	1		2
F05	Gråor-heggeskog			1	1
F06	Rikare sumpskog		5	1	6
F07	Gammal lauvskog		7		7
F08	Gammal barskog	1	4		5
F12	Kystfuruskog		1		1
<b>G</b>	<b>Havstrand/ kyst (36 lok.)</b>				
G02	Undervassenger	3	7	1	11
G03	Sanddyner	3			3
G04	Sandstrender	2	7	3	12
G05	Strandeng og strandsump	3	13	2	18
G06	Tangvollar	3	12	1	16
G07	Brakkvassdelta	2	3	1	6
G08	Brakkvasspollar	1		1	2
<b>Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori</b>		<b>28</b>	<b>91</b>	<b>26</b>	<b>145</b>

I tabell 1 går det fram at det i Fræna kjent 37 av dei 57 prioriterte naturtypene i DN-handboka. Dette er eit svært bra resultat og viser at naturen i Fræna er svært rik og variert.

### **Viktige lokalitetar i Fræna**

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjevne nummer frå 1 og oppover.

Tabell 2. Viktige lokalitetar i Fræna. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
1	Langøyvågen naturreservat	Undervassenger, strandeng og strandsump, tangvollar	A
2	Ytre Hoemsvågen	Undervassenger, strandeng og strandsump	B
3	Indre-Hoemsvågen	Undervassenger, strandeng og strandsump	B
4	Aureosen: elveutløpet	Undervassenger, brakkvassdelta, strandeng og strandsump	B
5	Jendemsfjellet, vestsida	Kystfuruskog, gammal lauvskog, gammal barskog	B
6	Jendemsfjellet: vest for Kjerkjeskaret	Nordvendte kystberg, gammal barskog	B
7	Nordaut for Kryssvatnet	Gammal barskog	A
8	Åndal: Grytrørin sør for Tverrlivatnet	Gammal barskog	B
9	Aureosen: Hestadvatnet	Rike kulturlandskapssjøar	B
10	Sandsbukta: utløpet av Holselva	Brakkvassdelta, strandeng og strandsump	C
11	Malmefjorden: utløpet av Malmeelva	Brakkvassdelta	B
12	Malmefjorden: under Øygardsfjellet	Rik edellauvskog	B

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
13	Malmedalen: Nakken-Fagerlia	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	B
14	Skaret: Skarvatnet	Rike kulturlandskapssjøar	C
15	Skaret: Berrmyrane/Kringla	Rikmyr, terrengdekkjande myr	B
16	Malmefjorden: ved Ukkelberg	Rikare sumpskog	B
17	Malmefjorden: Lindset	Rik edellauvskog, rikare sumpskog, sørvendt berg og rasmark	B
18	Malmefjorden: Reitvika på Lindset	Rikare sumpskog	B
19	Sylteosen: Storvika (Lindset)	Rikare sumpskog	C
20	Sylteosen	Brakkvassdelta, strandeng og strandsump, tangvollar, undervassenger	B
21	Sylteosen: ved Sylteelva	Hagemark	B
22	Rødalen: under Kvannfjellrøra	Rik edellauvskog	B
23	Moen: Moaelva ved Fagermo	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog	C
24	Trollkyrkja	Kalkrike område i fjellet	A
25	Fræneidet naturreservat, myrdelen	Rikmyr	A
26	Fræneidet naturreservat, øvre del	Rik edellauvskog	B
27	Børresdalen	Rik edellauvskog	B
28	Syltesetra: ved Gjerdehaugen	Rikmyr	A
29	Syltesetra: ved hytter	Småbiotopar	B
30	Syltesetra: Hagan	Slåtteenger	B
31	Syltesetra: nedanfor Hagan	Skogsbeite	B
32	Eidem: Litlevatnet	Rike kulturlandskapssjøar	C
33	Skjelbreia	Rike kulturlandskapssjøar	B
34	Prestelva	Viktig bekke drag	A
35	Haukåsdaalen	Artsrike vegkantar	B
36	Langvatnet ved Prestelva	Artsrike vegkantar	B
37	Langvatnet	Rike kulturlandskapssjøar	A
38	Slepkaret, nordsida	Nordvendte kystberg, gammal lauvskog	B
39	Langvatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor	Kalkskog, rik edellauvskog	B
40	Langvatnet: nordaust for Hustad kalk og marmor	Rik edellauvskog	B
41	Talstadhesten: skoglia	Kalkskog, bjørkeskog med høgstauder, gammal edellauvskog	A
42	Talstadhesten: vest for Slepkaret	Kalkrike område i fjellet	A
43	Støttelva	Viktig bekke drag	A
44	Hustadvassdraget naturreservat: Frelsvatnet	Rike kulturlandskapssjøar	A
45	Hustadvassdraget naturreservat: Hustadelva, sørlege del	Viktig bekke drag, intakt låglandsmyr	A
46	Vest for Frelsvatnet	Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr	B
47	Hustadvassdraget: ved Skjentjønna	Intakt låglandsmyr, intakt høgmyr	B
48	Hustadelva, nordlege del	Viktig bekke drag	A
49	Tverrfjellia	Nordvendte kystberg	B
50	Tverrfjell: Stormyra	Intakt låglandsmyr	C
51	Tverrfjell: nord for Stormyra	Rik edellauvskog	B
52	Stordalen	Nordvendte kystberg	B
53	Melen	Kalkrike område i fjellet	B
54	Knoklia ved Frænabu	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	B
55	Høstad	Rik edellauvskog, rikare sumpskog	B
56	Høstad-Farstad: søraust for Orheim	Kjelde og kildebekk	B
57	Høstad-Farstad: søraust for Orheim	Sørvendt berg og rasmark	B
58	Høstad-Farstad: ved Orheim	Rik edellauvskog	B
59	Farstad: Rødal	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	A
60	Høstadvatnet naturreservat	Rike kulturlandskapssjøar	A
61	Farstadelva	Viktig bekke drag/meandrerande elv	C
62	Raudtua: aust for Svarthamrane	Nordvendte kystberg, gammal lauvskog	B
63	Raudtua: Svarthamrane ved Nerlandssetra	Gammal edellauvskog, nordvendte kystberg	A
64	Raudtua: fjellryggen på nordvestsida	Terrengdekkjande myr	B
65	Hustad: austsida av Lyngstadvfjellet	Rik edellauvskog, gammal lauvskog	B

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
66	Hustad: søraustsida av Aslaksteinen	Rik edellauvskog, gammal lauvskog, sørvendte berg og rasmark	B
67	Hustad: nordaustsida av Aslaksteinen mot Litle-Horberget	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder, nordvendte kystberg	B
68	Hustad: Horberget	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark	A
69	Hustad: Litle-Horberget	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark	B
70	Hustad: sørvestsida av Aslaksteinen	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark	B
71	Hustad: Kammen	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark	B
72	Hustad: Råa	Rik edellauvskog	B
73	Hustad: Gammelsetra, vestre del	Rik edellauvskog	B
74	Hustad: Gammelsetra, austre del	Rik edellauvskog	B
75	Skarset: Svartgjølhamrane	Rik edellauvskog, nordvendte kystberg	B
76	Skalten: Herdalen	Gammal barskog, gammal lauvskog	B
77	Ås	Slåtteeenger	B
78	Tornes: Åsmulen ved Kongsstigen	Rik edellauvskog	C
79	Tornes: Langhaugan	Naturbeitemark	C
80	Tornes: ved Vardhaugmyra	Naturbeitemark	C
81	Skaret: Malmesetra	Naturbeitemark	C
82	Tornes: Levra-Ørnehaugen	Naturbeitemark, kystlynghei, tangvollar	B
83	Tornes: Sandvika	Sandstrand, rikare sumpskog	B
84	Kjørsvikbukta	Sandstrand	B
85	Stavika: Storvika	Sandstrand, tangvollar	B
86	Stavika	Sandstrand	B
87	Stavika: vest for Vedaberget	Sandstrand	C
88	Vestad: Solberg	Artsrike vegkanter	C
89	Vestad: Rishaugan	Slåtteeenger	B
90	Vestad: aust for Rishaugan	Naturbeitemark	C
91	Vestad: Øverland	Artsrike vegkanter	C
92	Guleleira	Strandeng og strandsump, tangvollar	B
93	Bud: Karlsvika	Sandstrand	C
94	Bud: Gulberget	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	B
95	Bud: Raudmoaksla, vestsida	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	B
96	Bud: Raudmoaksla, nordsida	Nordvendte kystberg	C
97	Bud: Båsan	Gammal lauvskog, rik edellauvskog, nordvendte kystberg	B
98	Bud-Bergset	Artsrike vegkanter	B
99	Bergset: Yttersunde	Strandeng og strandsump	B
100	Bergset-Sunde	Artsrike vegkanter	B
101	Bergset-Gule	Artsrike vegkanter	B
102	Gule-/Stavikmyrane naturreservat	Høgmyr, rikmyr, intakt låglandsmyr, dammar	A
103	Vest for Rambjørhaug	Intakte høgmyrar, intakt låglandsmyr, rikmyr	A
104	Høghaugen sør for Sandstølen	Slåtteeenger	B
105	Hustad: vest for Venås	Rik edellauvskog	B
106	Hustad: Rugga ved Barbroholen	Viktig bekkedrag	B
107	Hustadmyrane, nordre del	Intakt låglandsmyr, intakt høgmyr	B
108	Vikan: Kvennagrovhaugen	Intakt låglandsmyr, rikmyr	B
109	Sørvest for Vikan	Artsrike vegkanter	B
110	Vikan: Sandstølen sør	Intakt låglandsmyr	B
111	Vikan: Sandstølen vest	Dammar	C
112	Vikan: Sandstølen	Kalkrike enger	A
113	Vikan: Sandstølen nord	Viktige bekkedrag	B
114	Vikan: Sandstølen: Marittjønna	Intakt låglandsmyr, rikmyr	C
115	Vikan: Skutholmen	Slåtteeenger	A
116	Vikan	Strandeng og strandsump, tangvollar	B
117	Vikan: Skutsanden	Strandeng og strandsump, tangvollar	B
118	Vikan: Leirheim	Artsrike vegkanter	C
119	Vikan-Male	Artsrike vegkanter	B
120	Ruggeosen	Strandeng og strandsump, undervassenger	B
121	Male: Askevågen	Undervassenger, strandeng og strandsump	B
122	Maletangen	Naturbeitemark, fuktenger, tangvollar	B
123	Aust for Maletangen	Kalkrike enger, kalkrike strandberg	B
124	Male: ved Malehammaren	Sandstrand, tangvollar, kalkrike enger	B
125	Vikan: ved innsida av Soløya	Strandeng og strandsump	C

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
126	Nerlandsbukta naturreservat	Brakkvassdelta, sanddyner, strandeng og strandsump, tangvollar, undervassenger, kalkrike enger	A
127	Sør for Hoksneset: Breivika	Strandeng og strandsump, tangvollar, kalkrike strandberg	B
128	Farstad: Hoksneset, ved husa	Kalkrike enger	C
129	Farstad: Hoksneset	Brakkvasspoll, undervassenger	C
130	Farstad: Storholmen-Taksneset	Kystlynghei, naturbeitemark, kalkrike enger	A
131	Farstad: vest for Storholmen	Undervassenger	B
132	Farstad: aust for Storholmen	Tangvollar, strandeng og strandsump, naturbeitemark	B
133	Farstad: Farstadberget	Kalkrike enger, kystlynghei	A
134	Farstadbukta naturreservat	Brakkvassdelta, sandstrand, sanddyner, tangvollar	A
135	Farstad: Breivikbukta	Sandstrand, tangvollar	B
136	Farstad-Skotten	Artsrike vegkanter	A
137	Farstad: Sandvikbukta	Sandstrand, tangvollar	C
138	Stemshesten: Vetaberga-Skottenura	Nordvendte kystberg	B
139	Skotten: Otterliene	Nordvendte kystberg	B
140	Skotten	Sandstrand, sanddyner, kalkrike enger	A
141	Stemshesten, austsida	Nordvendte kystberg, rik edellauvskog	C
142	Vest for Kråkholmsundet	Sandstrand	B
143	Kråkholmsundet	Strandeng og strandsump, tangvollar	B
144	Sandblåstvágen naturreservat	Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump	A
145	Skottenstupet	Nordvendte kystberg, rik edellauvskog	C

### **Raudlisteartar**

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 157 funn av 43 nasjonale raudlisteartar av lav, mosar, ferskvassblautdyr, planter og sopp. Desse er opplista og kommentert i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er ikkje tatt med (sorterer under viltkartlegging, sjå eigen rapport).

### **Kunnskapsstatus**

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står ein del att å undersøkje på havstrand (særleg undervassenger), i kulturlandskapet, i ferskvatn (særleg fisketome ferskvatn og bekkedrag), i myr, i skog (særleg gammal skog og sumpskog med svartor). Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Fræna er også jamt over dårleg. Tema biologisk mangfald må også supplerast med undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging og kartlegging av ferskvatn.

### **Litteratur**

Ein eigen litteraturdatabase er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Fræna i denne basen ga 653 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

### **Vedlegg**

I vedlegga er det presentert artslistar for einskildlokalitetar for planter, mosar og sopp.

### **Kart**

Alle prioriterte naturtype-lokalitetar er innteikna på kart som er plasserte bakerst i rapporten.

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

## Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

## Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001b) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

## Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

### Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske

mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

### ***Endra driftsformer i jordbruket***

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapte naturtyper, m.a. slåtteenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til buskmark eller skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane vil truleg ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar forsvinna eller bli svært sjeldne, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). Område med biologisk verdifull myr har i noko grad vorte drenert og dyrka i løpet av 1900-talet. I dag er det stort sett stillstand i dyrkinga.

### ***Spreiing av framande organismar***

Menneskeskapt spreiding av organismer som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døye ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

**Mink** er døme på ein art som er komen til og har spreid seg dei siste 30-50 åra.

**Platanløn** tek no til å spreia seg i lauvskog på eiga hand.

**Sitkagran** har vore mykje bruka til leplanting, men tek no til å spreia seg i kystheiane på eiga hand.

**Spansk kjørvel** spreier seg ukontrollert langs Farstadelva, han stammar frå hagar.

### ***Overhausting***

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten ramar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet.

### ***Forureining***

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk.

Langtransportert forureining har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogenfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing.

## **Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane**

### ***Verneområde***

Fræna kommune har 11 verneområde, 2 i myr (Fræneidet, Gule-Stavikmyrane), 2 i ferskvatn/våtmark (Frelsvatnet, Hostadvatnet) og 7 i havstrand/våtmark (Langøyvågen, Indre-Hoemsvågen, Aureosen, Sylteosen, Nerlandsbukta, Farstadbukta og Sandblåstvågen). I tillegg er Stavikvassdraget omfatta av Verneplan IV. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

## ***Resterande areal***

På dei resterande delene av arealet i kommunen er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han eksproprierast, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

## ***Aktiv sikring***

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføre kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

## ***Passiv sikring***

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001b).

## ***Grunneigaravtalar***

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

## ***Virkemiddel i landbruket***

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå tilskot er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjevne økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av kystlynghei, naturbeitemarker m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne.

## **Formålet med rapporten**

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## **Nokre ord og uttrykk**

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Fræna er det alm, ask, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar.

**Naturengplanter:** planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarkar, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstillt andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.



# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

### Generelt

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a). Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av ferskvassfisk eller marine område.

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbyrkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport.

*Det er viktig å merka seg at denne undersøkinga ikkje omfattar vilt (virveldyr), som er presentert gjennom eit anna prosjekt.*

### Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Fræna. Dette har vorte lettare å få oversikt over frå år 2000, da underteikna saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og ligg på Fylket sine heimesider på Internett. Eit søk på Fræna i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

*Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Fræna, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.*

Kjelde	Kommentar
Aksdal (1994)	Omtalar verdifulle kulturlandskap på Hustadvika
Arnekleiv (1993)	Undersøkingar i Hustadvassdraget, m.a. Langvatnet
Bruun (2003)	Ferskvassbiologiske undersøkingar i Hustadvassdraget
Bugge (1993)	Skildrar nokre edellauvskogslokalitetar
Bendiksen m. fl. (1998)	Omtalar raudlisteartar av sopp, fleire er kjent frå Fræna
Dolmen (1991)	Ferskvassbiologiske undersøkingar i Stavikvassdraget
Eie (1975)	Ferskvassbiologiske undersøkingar av nokre vatn/tjønner
Folkestad (1973a)	Skildrar Hustadvassdraget
Folkestad (1976a)	Skildrar naturkvalitetar i Fræna kommune
Folkestad (1978a)	Skildrar våtmarksområde i Fræna kommune
Fylkesmannen i MR (1982)	Verneplanen for våtmark, omtalar fleire lokalitetar i Fræna
Fylkesmannen i MR (1988a)	Verneplanen for myr, omtalar myrar i Fræna
Fylkesmannen i MR Miljøvernadv. (2000a)	Naturbasen, utskrift for Fræna m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Fræna
Gaarder & Jordal (2001)	Funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Fræna
Gaarder & Stenberg (2003)	Konsekvensutgreiing for kraftlineprosjekt, detaljerte biologiske skildringar av mange lokalitetar
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekkje viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Fræna
Holten m. fl. (1986b)	Fagrapport havstrand, omtalar fleire strandområde i Fræna
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap i fylket inkl. Fræna

Jordal & Sivertsen (1992), Jordal & Gaarder (1993, 1995)	Nemner område og funn frå beitemark
Jordal (1993)	Nemner mange soppfunn frå Fræna
Kristiansen (1974)	Skildrar ein del strandlokalitetar botanisk
Larsen & Gaarder (2004)	Konsekvensutgreiing for Statkraft (vindkraftprosjekt), detaljerte biologiske skildringar av mange lokalitetar
Loen (1991)	Undersøkingar (mest fugl) i Stavikvassdraget
Malme (1966, 1969, 1971a)	Omfattande botaniske undersøkingar på nordsida av Talstadhesten
Malme (1971b, 1974a, 1974b, 1979)	Plante- og mosefunn frå Eide og Fræna
Malme (1972, 1975, 1978)	Undersøkte ferskvassplanter og mosar i mange ferskvasslokalitetar
Melbye & Gaarder (2002)	Skildrar verdiar i Farstadvassdraget.
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, og fleire i Fræna
Oterhals (1996)	Verneplan for havstrand og elveos
Relling & Otnes (2000)	Kartlegging av forureining i vassdrag
Singsaas (1985)	Supplerande undersøkingar til verneplan myr
Størmer (1967)	Liste over funn av kystmosar
Aas (1999)	Undersøkingar av elvemusling i Hustadvassdraget på oppdrag av Fræna kommune

### ***Museumssamlingar, databasar, Internett***

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Underteikna har vidare motteke utskrift frå herbariedatabasane når det gjeld regionalt sjeldne planter og kransalgar. Dessutan er det brukt eigne databasar om litteratur, raudlisteartar, vassplanter, kransalgar, regionalt sjeldne planter m.m.

### ***Innsamling frå personar***

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Fræna. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskeleg å kunne bruka meir tid til dette.

### ***Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen***

I 1992-1994 har rapportforfattaren saman med Sigmund Sivertsen og Geir Gaarder undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Fræna. Dette er sidan oppdatert fleire gonger.

### ***Artsbestemming og dokumentasjon***

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For sopp har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Tor Erik Brandrud har hjelpt til med bestemming av sopp. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsén (1985) og Damsholt (2002). Dr. scient. Kristian Hassel har hjelpt til med bestemming og kontroll av viktige funn. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999). Særleg interessante funn (planter, sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet.

## **Avgrensing, verdsetting og prioritering**

### ***Generelt***

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

## Kriteriar og kategoriar

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. Kriteria for C - "lokalt viktig" er ikkje presentert i handboka. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

## Avvik frå DN-handboka i denne rapporten

Fræna er rik på ferskvatn. Ein del område med dammar og småtjønner har ein variert og interessant flora og er naturleg å kartleggja. Aktuelle naturtypar er Rike kulturlandskapssjøar, Dammar og Naturleg fisketome innsjøar og tjønner. I mange tilfelle burde sistnemnde naturtype vore nytta, men det er ofte uråd å vera sikker på at det ikkje finst stingsild. Ein har derfor nytta naturtypen Dammar i staden, og da ofte med verdsetting C (lokalt viktig). Dette er gjort sjølv om denne typen i hovudsak er tenkt nytta til dammar i kulturlandskapet.

Rapportforfattaren er usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane vert sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner undertekna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar eller raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar eller raudlisteartar i lågare kategori
- C (lokalt viktig)** mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar, og ingen raudlisteartar (t. d. dårleg utvikla hasselkratt)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, førekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med førekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

## Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Desse inngår i verdsettinga av lokalitetar. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det oppramsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

*Ferskvatn:* mindre vanlege vassplanter som hjartetjønna, trådtjønna og småtjønna

*Rikmyr:* breiull, engstorr, loppestorr, brunskjene, jåblom, gulstorr, stortviblad, engmarihand

*Havstrand/brakkvatn:* t.d. havstorr, ishavsstorr, bogestorr, småhavgras, havbendel, saftmelde, salturt

*Naturbeitemark:* ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

*Nordvendte kystberg:* fuktkevande artar som kystmaigull, hinnebregne, droningmose, praktvibladmose m.fl.

*Kalkrike område i fjellet*: basekrevande fjellplanter som reinrose, rukkevier, raudsildre m.m.

## ***Bruk av truga vegetasjonstypar***

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

## ***Område med dårlege data eller usikker status***

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om er samla i kapitlet "Område med dårlege data eller usikker status". Prosjektet hadde tronge rammer, og ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging. Lokalitetar som ikkje er prioriterte, er også kort omtala i det same kapitlet.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er undersøkt, men ein har ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- lokaliteten er ikkje undersøkt, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

## **Presentasjon**

### ***Generelt***

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Siste kapitlet kjem med ei vurdering av kunnskapsstatus. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Fræna. Artslister for lokalitetar er ikkje tekne med, sidan desse i hovudsak er publisert i grunnlagsmaterialet.

### ***Områdeskildringar***

Dei einskilde lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

### ***Vegetasjonstypar***

Inndeling av vegetasjonstypar følgjer Fremstad (1997) i grove trekk. Eit unntak er inndelinga av vegetasjon på nokre få havstrandlokalitetar. Holten m. fl. (1986a) nytta eit meir detaljert system, og ein har ikkje gjort forsøk på å konvertera desse til Fremstad sine typar.

### ***Kartavgrensing***

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på manuskart som er overlevert til kommunen, som så har sørget for å få dei digitalisert. Kartgrunnlaget er av eldre dato, og dette har av og til skapt problem i avgrensingsarbeidet. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befaringsferder for å få ei meir detaljert avgrensing.

# NATURGRUNNLAG

## Landskap m.m.

Fræna ligg på kysten i midtre del av Møre og Romsdal fylke. Arealet (landareal + ferskvatn) er oppgjeve til 368 km<sup>2</sup>, noko som gjer Fræna til ein kommunane over gjennomsnittet i fylket. Spennvidda i naturtypar er likevel betydeleg, med holmar og skjær, strandberg, strender, vågar, jordbrukslandskap, innsjøar og vassdrag, myr, hei, utmarksbeite, fjell og berg/rasmark.

Tabell 4. Nokre geografiske data for Fræna kommune (Statistisk sentralbyrå 2001).

Parameter	Verdi
Areal	368 km <sup>2</sup>
Del av fylket sitt areal	2,4 % av 15104 km <sup>2</sup>
Jordbruksareal	ca. 53 km <sup>2</sup>
Skogareal	121 km <sup>2</sup>
Myrareal	67 km <sup>2</sup>
Ferskvatn	272 stk (8 km <sup>2</sup> )
Strandline (fastland + øyar)	374 km
Høgaste punkt	980 m o. h. (Kvannfjellet)
Gjennomsnittshøgde	180 m o. h.
Talet på øyar	701 (7 km <sup>2</sup> )

## Klima

Klimaet i Fræna er typisk kystprega. Eit oseanisk klima har milde vintrar og liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. På dei tre målestasjonane ligg temperaturen på eller over 0°C som gjennomsnitt for januar, noko som understrekar kystpreget. Gjennomsnittstemperatur for juli er i overkant av 12°C alle tre stader, noko som er relativt kjøleg i fylkessamanheng. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør rundt 1300-2000 mm). Det er også hyppig nedbør, >220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året, og over 240 dagar i området rundt fjellrekkja ved Talstadhesten. Kjelde: Statistisk Sentralbyrå og Nasjonalatlas for Norge.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Fræna i perioden 1961 – 1990. Kjelde:

[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal/normaler\\_for\\_kommune\\_1548.html?kommuner](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal/normaler_for_kommune_1548.html?kommuner).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
62600	Elnesvågen	30	0,2	0,4	2,0	4,3	8,6	11,3	12,6	12,9	9,9	7,4	3,2	1,3	6,2
62650	Hustad	26	0,3	0,4	2,0	4,2	8,4	11,1	12,4	12,7	10,0	7,6	3,3	1,4	6,2
62660	Nerland	16	0,0	0,0	1,8	4,1	8,2	11,0	12,3	12,7	9,9	7,3	3,0	1,0	5,9

Tabell 6. Nedbørnormalar for Fræna i perioden 1961 – 1990. Kjelde:

[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal/normaler\\_for\\_kommune\\_1548.html?kommuner](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal/normaler_for_kommune_1548.html?kommuner).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
62700	Hustadvatn	80	176	142	149	125	90	104	143	152	260	258	214	233	2046
62600	Elnesvågen	30	155	130	126	106	75	85	116	128	217	220	187	205	1750
62650	Hustad	26	116	96	91	81	58	67	90	105	164	173	146	153	1340
62660	Nerland	16	121	99	93	82	61	70	92	110	172	179	152	159	1390

## Geologi

Fræna har ein variert berggrunn med mange interessante trekk, og er mest som eit klassisk område å rekna når det gjeld geologisk utforsking. Heile 51 titlar er funne som omtalar geologi og lausmassar i kommunen. Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg for området (Tveten m. fl. 1998). Det finst og mellombelse geologiske kart i målestokk 1:50.000 i svartkvitt (kartblad 1220 I Hustad, NGU 1989, og kartblad 1320 IV Eide, NGU 1990). Deler av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmergneis, glimmerskifer), amfibolitt m.m. Slike bergartar finst i eit område frå Stemshesten til Bud, og i Talstadhestområdet. Velkjent er også innslaget av kalkstein og marmor i Talstadhesten, særleg i eit område ved Hustad kalk og marmor ved Langvatnet, Slepškaret og Trollkyrkja. Kalkkrevande planter er vanlege i Fræna, og finst m.a. på

desse bergartane. Elles er kalkgrus og skjelsand brukt som fyllmasse mange stader. Vegkantane i ytre deler av kommunen har mange stader ein svært interessant flora av dels sjeldne, kalkkrevande planter.

## Lausmassar

Den beste kjelda om lausmassane er "Møre og Romsdal fylke – kvartærgeologisk kart 1:250000" (Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er ein del fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida, og desse finst over mesteparten av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst m.a. i Aureosen, Malmedalen, Sylteosen, Farstad (Farstaelva) og Tornes. Uvanleg i fylket er større vindavsetningar (gamle flygesandområde). Slike finst på Hustad og ved Skotten. Marine strandavsetningar finst ganske utbreidd i låglandet i heile kommunen. Desse har kome på land som følgje av landhevinga etter istida. Strandflatene er i stor grad utnyttta til jordbruksland. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene, som Fræna har ganske mykje av. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst m.a. i området Bud-Hustad-Tornes, Hustad-Farstad-Tverrfjell, Ås-Langvatnet og Fræneidet. Hustadmyrane er ei av dei største kystlåglandsmyrane i landet.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Fræna høyrer her dels til region 40 Møre og Trøndelags kystregion, underregion 40a Møre og Trøndelags kyst nord til Follafjorden (ytte deler). Dei indre delene av kommunen tilhøyrer region 39 Møre og Trøndelags kystskogsregion, underregion 39a, Møre- og Sør-Treøndelagstypen.

Noreg sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998a). Fræna kommune tilhøyrer i denne samanheng dels region 25 Trøndelags og Nordmøres kyst-bygder (ytte deler), dels region 26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag (indre deler).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssonar** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogsone)
- Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgaltin sone)

*Vegetasjonen i Fræna tilhøyrer dels sør- og mellomboreal sone, og dels dei alpine sonene.* (Moen 1998 s.94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

- O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørsmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen vert delt i to underseksjonar:
  - O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innåfor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nettet og Rauma.

*Vegetasjonen i Fræna tilhøyrer for det meste sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h), men mindre deler tilhøyrer O2 Klart oseanisk seksjon (Moen m. fl. 1998, s. 126).*

# NATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Fræna, vert omtala nedanfor.

## Havstrand/kyst

Fræna har i ytre deler ei stor strandflate som har stige sakte or havet etter istida. Strandlina i kommunen er heile 374 km. Det seier seg sjølv at det er ei stor utfordring å få oversikt over ei så lang strandline. Der hav og land møtest, oppstår ei smal stripe med tidevassone. Tilknøyt denne tidevassona førekjem fleire prioriterte naturtypar som er godt representerte i Fræna: undervassenger, brakkvasspollar, brakkvassdelta, sandstrender, strandeng og strandsump, tangvollar, litt sanddyner og litt kalkrike strandberg.

## Brakkvasspollar

Brakkvasspollar er ikkje vanlege i Fræna, den mest interessante er Sandblåstvågen. Typisk er ei trong opning eller grunn terskel som hemmar, dempar og forseinkar vassutskiftinga med havet utanfor. I tillegg er det gjerne tilførsel av ferskvatn frå landsida som gjer at vatnet får eit lågare saltinnhald. Mange artar er tilpassa å leva i roleg brakkvatn. I slike pollar finn ein ofte undervassenger, og det er stort overlapp mellom desse to typane. Mest vanleg er ålegras og småhavgras. Dei mest interessante brakkvasspollane botanisk sett er slike som har undervassenger.

## Undervassenger

Undervassenger kan vera av fleire typar og førekjem ofte i brakkvasspollar (sjå ovanfor) eller i grunne, rolege bukter. I heilt salt vatn førekjem ålegras på sandbotn mange stader. Ålegrasenger er såpass vanlege i Fræna, at ein ikkje har satsa på å kartleggja dei. Dette krev omfattande utspørjing og kartlegging, dels frå båt. Mange av desse er også viltlokalitetar, sidan svaner og grasender beitar på dei vinters tid. Elles finst småhavgrasenger på grunt vatn i pollar og beskytta vikar. Der ålegras er funne saman med småhavgras, har ein gjerne avgrensa det. I pollar der ferskvasstilførselen fører til brakt vatn med vesentleg redusert saltinnhald kan ein få bestandar av skruehavgras. Denne arten er sjeldan i fylket. Det kan vera aktuelt å undersøkje dette nærare i samband med ei eventuell kartlegging av marint biologisk mangfald. Undervassenger kan meir sjeldan vera av tjønnakstype, med busttjønna og trådtjønna, som finst i Sandblåstvågen.

## Brakkvassdelta (elveos)

Brakkvassdelta dannar seg der elvar renn ut i grunne sjøområde. Oppsamling av elvtransportert masse dannar større flater med strandenger og gruntvassområde. Desse er ofte produktive og viktige plante- og fugleområde. I Fræna har ein mindre delta i utløpet av mange mindre vassdrag.

## Strandeng og strandsump

Strandenger og strandsumpar oppstår i flate strandområde med større avsetningar av finsediment. Fræna er ein av dei kommunane som har mykje strandenger, og strandengvegetasjon er velutvikla fleire stader. Fleire av desse er også verna.

## Sandstrender

Sandstrender er det ganske mykje av i kommunen, særleg på strekninga Tornes-Bud-Farstad-Skotten. Desse har oftast tang- og tarevollar i indre del. Mange av dei er populære badeplassar.

## Sanddyner

Sanddyner med sand i stadig rørsle er i dag nokså sjeldan i fylket. Dei beste lokalitetane er Nerlandsbukta, Malefeta, Farstadsanden og Skotten. Dei fleste av desse vart først undersøkte av Ove Dahl på 1890-talet. I Fræna finn ein utpostlokalitetar av sørlege sanddyneplanter som sandstorr og sandsiv. Strandkveke og marehalm som og hadde nordgrense her, er derimot ikkje attfunne i kommunen dei siste tiåra. Ein raudlista sopp som er funne i sanddyner på Farstadsanden er *Entoloma phaeocyathus* (R), sist i 2004.

## Kalkrike strandberg

Dette er ein svært sjeldan naturtype i fylket, elles kjent frå m.a. Smøla. På Male finst eit par lokalitetar. Slike strandberg har innslag av mange kalkkrevande planter.



## **Kulturlandskap**

Funn frå Vestlandet viser at husdyrbruket har ei historie på rundt 4000-4500 år rundt Bergenskanten. Det er grunn til å tru at jordbruket i Fræna også er fleire tusen år gammalt. Gammalt kulturlandskap er ofte det mest artsrike. Dette synest å vera tilfelle også i Fræna, for fleire område på kysten her er verkeleg artsrike.

### ***Kystlynghei***

Dei eldste kjende lyngheiområda på Vestlandet vart skapt av brenning for rundt 4300 år sidan (Kaland 1986). Brenning eller sviing av lynghei vert ikkje lenger utført i Fræna så vidt ein kjenner til. Dette er ei gammal driftsform i kyststrok heilt frå Portugal til Lofoten. I våre dagar er det derimot attgroing som pregar dette landskapet. Frå Portugal til Sørvestlandet er lyngheiane i våre dagar også påverka av nitrogen-nedfall, som gjer at lyngen dels vert oppeten av lyngbladbillar, og dels utkonkurrert av grasartar som smyle og blåtopp. Det europeiske lyngheilandskapet har dermed sine siste intakte utpostar på Vestlandet og i Trøndelag. Her opplever ein også mykje attgroing. Eit håp for dette landskapet synest å vera drift med utgangarsau av gammalnorsk rase. Denne sauen kan gå ute og greia seg sjølv i snøfrie periodar, og et mykje lyng i vinterhalvåret. Fremstad m. fl. (1991) skildra ingen lokalitetar i kommunen. Det finst likevel framleis opne lyngheiområde på strekninga Hoem-Tornes-Bud-Vevang. Det meste av dette landskapet er no i attgroing, og berre få lokalitetar er avgrensa. Ved Storholmen ved Farstad er eit større lyngheiområde beita av utgangarsau. Dette er det mest interessante av dei lyngheiområda som vart undersøkte.

### ***Naturbeitemark og slåtteeenger***

Mange stader har det ofte danna seg grasdominert vegetasjon som følgje av beiting. I utmark på udyrka eller lett overflatedyrka jord har ein i lang tid, kanskje tusenvis av år sleppt dyra på slikt beite år etter år. I periodar kan det og ha vore drive slått på slike stader. Beitemarker som er lite påverka av jordarbeiding og gjødsling, kallar ein naturbeitemark. Her finn ein ei rekkje engplanter, og da særleg om jorda er kalkrik. Her finn ein også ei rekkje artar av beitemarkssopp. Mange av desse er sterkt truga av at leveområda forsvinn i heile Europa. Anten vert jorda dyrka og drifta intensivert, eller drifta opphøyrer med attgroing som konsekvens. I Fræna er det i dag berre mindre areal naturbeitemark som er intakt (mest på kysten), takk vere utmarksbeiting med sau eller storfe, men mykje har forsvunne. Det vil vera ei stor utfordring å bevare kontinuiteten i denne driftsmåten slik at mangfaldet som lever her vert teke vare på. Lyngheiane ved Storholmen har og interessante naturbeitemarker. Tradisjonelle slåtteeenger med liten grad av jordarbeiding og gjødsling er sjeldne i dag. I artsinventar liknar desse på naturbeitemarkene. Ein kjenner til berre få slike lokalitetar. Ein av desse er deler av Skutholmen ved Vikan. Denne lokaliteten har framleis i 2004 utruleg mange interessante og sjeldne artar, særleg av beitemarkssopp. Ein annan lokalitet ligg på Ås. Slike slåtteeenger er i dag svært sjeldne og det er særst interessant om noko av det siste kan verta teke vare på.

### ***Kalkrike enger***

Nokre av dei gamle naturbeitemarkene eller slåtteeengene ligg på kalkrik grunn, særleg i området Male-Malefeta, og Farstadberget. På kalkrik grunn kjem det inn ei rekkje plante- og soppartar som ikkje finst på kalkfattig mark, og DN (1999a) har derfor skilt ut ein eigen type som understrekar dei særreigne kvalitetane. Det er behov for skjøtsel i form av beiting over større område, og da helst av kalvar og ungdyr av storfe. Grunnen til dette er at området er særst rikt på urter, og desse vert selektivt oppetne av sau. Alle tilgjengelege data viser at storfe kan leva saman med orkidéar og andre sjeldne artar i kalkrike område utan at artane vert utrydda, medan dette ikkje går så bra med andre dyreslag. Kalvar og ungdyr gjev mindre markslitasje og trakkaskader i vått ver enn vaksne dyr. Hestar er og eit alternativ (t.d. Farstadberget).

### ***Artsrike vegkantar***

Vegkantar kan etter kvart få ein flora som liknar tradisjonelle slåtteeenger, og i mange distrikt er vegkantane siste tilfluktsstaden for einskilde sjeldne engartar. I Fræna finst fleire stader kalkrike vegkantar med sjeldne og konkurransesvake planteartar. Dette gjeld særleg strekninga Bud-Male og Farstad-Skotten. Desse områda har dei viktigaste bestandane av bittersøte i fylket, og dessutan viktige bestandar av elles sjeldne artar som bakkesøte, marinøkkel, vill-lin, brudespore m.fl. Utruleg mange andre lyskrevande og konkurransesvake artar kan dukka opp i desse kalkrike vegkantane. Ein som vi trur førekjem i vegkantane på Hustadvika er raudlistearten kystengkall, men dette treng stadfesting av spesialist. Det er viktig at vegkantane vert skjøtta med kantslått også i framtida, men det er grunn til å vera merksam på at sein slått er ønskjeleg, og at hard grøfterensk over lange strekningar på ein gong kan vera uheldig.

## **Myr**

Fræna har ifølgje Statistisk Sentralbyrå heile 67 km<sup>2</sup> myr. Myr kan dannast i eit fuktig og kjøleg klima der nedbøren er vesentleg større enn fordampinga. Vassmetting av jorda gjer oksygenutvekslinga dårleg og nedbrytinga går da så sakte at organisk materiale hopar seg opp og dannar torv. Fræna er ein av dei viktigaste kommunane i fylket når det gjeld myr. Myrane har i uminnelege tider vore utnytta til brensel ved at ein har spadd torv, tørka og brukt til fyring istaden

for ved, som det tidlegare var lite av i ytre deler av kommunen. Myrane er derfor oftast ikkje utan inngrep, men prosessen med myrdanning dekkjer etter kvart over gamle torvuttak. På 1900-talet har myrane vorte nytta til dyrking mange stader. Myrtypar og verdifulle myrlokaltetar er skildra av Moen (1984) og Fylkesmannen i MR (1988a). Ein skiljer særleg mellom nedbørsmyr, der all næring kjem med nedbøren, og jordvassmyr, der vatn i kontakt med mineraljord gjer næringstilgangen for plantene betre. Jordvassmyr deler ein inn etter ein pH-gradient slik at ein skiljer mellom fattigmyr, intermediærmyr og rikmyr. Ein kan og dela inn etter terrengformer m.m., t.d. bakkemyr og planmyr. Nedanfor er nokre prioriterte typar etter DN (1999a) skildra.

## **Høgmyr**

Høgmyr er ein type nedbørsmyr der det høgaste punktet ligg inne på myra. Desse er danna i flatt terreng ved at eit torvlag byggjer seg opp i høgda utan å verta brote ned. Langs kysten brukar ein ofte neminga atlantisk høgmyr, som gjerne er nokså flat og vid med mange ”kuplar”. I Fræna finst fleire høgmyrar, noko som er sjeldan i låglandet lenger sør på Vestlandet.

## **Rikmyr**

Jordvassmyrar med høg pH kallast rikmyr. Slike myrar har ein særmerkt flora av planter og mosar. M. a. Fræneidet naturreservat har betydelege areal av typen, som er sjeldan i Møre og Romsdal. Utanom Fræna finst rikmyr i vårt fylke særleg på Nordmarka (Surnadal og Rindal), Smøla og elles spreidde småflekker i ein del andre kommunar.

## **Kjelde og kjeldebekk**

Kjelder er stader der grunnvatnet kjem fram i dagen, også kalla oppkom. Intakte kjelder i låglandet reknast som ein truga vegetasjonstype. Ved Oreheim mellom Hostad og Farstad er det funne ein lokalitet (Melbye & Gaarder 2002). Særleg sjeldne er kjelder med høg pH, såkalla rik-kjelder. Dei utgjer alltid små areal, og dei inngår i større avgrensa område med rik hei og rikmyr. Truleg finst slike i Fræna, men er ikkje avgrensa.

## **Ferskvatn**

Fræna har 277 stillestående ferskvatn (gjennomsnittareal 26,8 dekar) som er synlege på kart i målestokk 1:50 000, til saman utgjer desse 7,42 km<sup>2</sup>. Mangfaldet knytt til ferskvatn i Fræna må seiast å vera etter måten dårleg kjent med unntak av fisk og planter i ein del større vassdrag som Hustadvassdraget, Farstadvassdraget og Stavikvassdraget. Mykje av førekomstane er anten oligotrofe (næringsfattige) eller dystrofe (humustjønner), men ein god del har både betre pH og betre næringstilgang enn gjennomsnitt i fylket (mesotrofe sjøar). Variasjonsbreidda i ferskvassfloraen er derfor stor i Fræna (jf. Malme 1971b, 1972, 1975, 1978). Kunnskap om faunaen i ferskvatn er jamt over dårleg (unntak er m.a. Dolmen 1991, Eie 1975, Arnekleiv 1993, Bruun 2003).

## **Rike kulturlandskapssjøar**

Med rike kulturlandskapssjøar meinest låglandsvatn i eller nært inntil kulturlandskapet med god næringstilgang og ein rik flora og fauna. Ein del av dei større vatna som i tillegg mottok avsig frå jordbruksområde høyrer hit. Hostadvatnet, Skjelbreia og Frelsvatnet er eksempel på denne typen, med dels frodige og kraftige takrøyr- og sjøivaksbelte, i tillegg til ein generelt artsrik flora av vassplanter. Næringskrevande artar som kjempepiggnopp, amerikamjølke, småtjønnaaks og andemat finst fleire stader.

## **Viktige bekkedrag**

I Fræna finst mange rolegflytande bekkar med m.a. rik flora av vassplanter. Fleire av dei som er undersøkte, er klassifisert som ”viktige bekkedrag”. Somme av desse har bestandar av den internasjonalt truga elvemuslingen. Hustadvassdraget har den største elvemuslingbestanden i fylket, og truleg ein av dei største i landet. Det står att å undersøkje svært mange lokalitetar før ein kan seia å ha oversikt over denne naturtypen.

## **Dammar**

I DN-handbok nr. 13 (DN1999a) er dammar helst definert som noko som tilhøyrer kulturlandskapet, og som skal verdsettast på grunnlag av faunaen. Ein del av dei ”dammane” som finst i Fræna burde truleg heller vore klassifisert som ”Naturleg fisketomme innsjøar og tjønner”. Dette er nokså krevande å fastslå, for da må ein kunne dokumentera at dei korkje har stingsild eller småaure. Dolmen (1991) har vist mange stader at når ein leitar etter stingsild, så finn ein den. Berre ein svært liten del av dei mindre vatna i Fræna er undersøkte. Her står svært mykje arbeid att, særleg når det gjeld ferskvassfaunaen.

## **Skog**

Fræna har totalt 121 km<sup>2</sup> skog. Av dette er det mykje bjørkeskog, men det er og ein del furuskog og edellauvskog, og noko granplantefelt. I tillegg finst leplantingar, m.a. med sitkagran.

## **Rik edellauvskog**

Edellauvskog er skog med vesentleg innslag av edellauvtre som hassel, alm og svartor. Alm er varmekrevande og finst mest oppunder bratte hamrar, ofte sør- til vestvendt. I Fræna er det funne alm mange stader (særleg strekninga Hostadvatnet-Farstad, og strekninga Skarset-Hustad). Elles finst det noko hasselskog over større område, og svartor i kantsoner langs havstrand, ferskvasstrand og i lifoten mot kulturmark fleire stader. Svartor er nær nordgrensa for den samanhengande utbringa, lenger nord er det langt mellom lokalitetar som kan kallast svartorskog. Svartorlokalitetar er gjerne klassifisert som rikare sumpskog. Av raudlista sopp i hasselskog som er funne i kommunen kan nemnast karminslørsopp *Cortinarius anthracinus*, dvergstanksopp *Mutinus caninus*, gulnande begersopp *Peziza succosa*, rustkjuke *Phellinus ferruginosus*, falsk brunskrubbb *Porphyrellus porphyrosporus*, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* og elegant småfingersopp *Ramariopsis subtilis*.

## **Gammal edellauvskog**

Gammal edellauvskog er edellauvskog som har både varmekjært preg og ein del daud ved. Slik skog er funne m.a. på austsida av Raudtua, med førekomst av fleire kravfulle lav- og soppartar som *Gyalecta flotowii*, *Opegrapha vermicellifera*, *Pyrenula laevigata*, og narrepiggsopp *Kavinia himantia*.

## **Kalkskog**

Kalkskog er skog som veks på grunn som gjev høg pH, t.d. kalkstein. Slik skog inneheld ofte eit stort og sjeldan artsinventar av kalkkrevande artar. Sidan Fræna har ein del kalkstein vil ein forventa at det og er noko kalkskog. Mest kalkskog finst i nordhellinga av Talstadhesten, og er grundig undersøkt særleg av Leif Malme, ein av svært få botanikarar med røter i Fræna. Somme stader i liene elles kjem det fram kalkrikt sigevatn som forårsakar små lokale lommer med kalkpåverka skog. Det krevst mykje tid å leita etter slike småflekkear. Av raudlisteartar som er funne i kalkskog i Talstadhesten, kan nemnast soppartane *Entoloma exile*, fiolett rødskevessopp *Entoloma mougeotii*, *Entoloma pratulense*, *Entoloma turci*, og planten marisko *Cypripedium calceolus*. Elles er det funne ei rekkje planter og nokre soppartar som er knytt til kalk.

## **Gammal lauvskog**

Fleire stader i Fræna finst gammal bjørkeskog med ein del innslag av daud ved. Dersom slik skog også ligg nord- til nordaustvendt og fuktig, vil ein kunne få inn ein flora av krevande lav- og moseartar knytt til slike miljø. Dette gjeld mellom anna sjeldne skorpelavartar som *Arthonia arthonioides*, kvithovudnål *Cybebe gracilentia* og *Pyrenula laevigata*. Desse er kandidatlar til ei framtidig revidert raudliste. Dessutan førekjem raudlista busk- og bladlav som skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* og kastanjelav *Fuscopannaria sampaiana*. Andre lavartar med liknande miljøkrav som ikkje er like sjeldne er m.a. skrukkelav *Platismatia norvegica*, sølvnever *Lobaria amplissima* og kystnever *Lobaria virens*. På røten ved finst mosar som røteflak *Calypogeia suecica* (raudlista), fingersaftmose *Riccardia palmata*, larvemose *Nowellia curvifolia* og sopp som ospekjuke *Ceriporiopsis aneirina* m. fl.

## **Gammal barskog**

Generelt er det sparsamt med furuskog der det finst gamle gaddar, høgstubbar og læger i ulike aldrar og nedbrytingsgrad. Mengda av slike element er kritisk for mange artar i skogen. Gammal furuskog finst det litt av m.a. i Herdalen ved Skalten, på vestsida av Jendemsfjellet, i grenseområda mot Moldemarka ved Kryssvatnet og sør for Tverrlivatnet. Ellers er det og sett mindre område i høgareliggjande parti rundt Raudtua og rundt Åndalssetra som det ikkje har vore tid til å undersøkje. Rapportforfattaren har hatt eit samarbeid med borksoppeksperten Finn Oldervik (Aure) og det er påvist einskilde gammalskogartar av borksopp. På røten ved finst som i lauvskogen røtevedmosar som røteflak *Calypogeia suecica* (raudlista), fingersaftmose *Riccardia palmata* og larvemose *Nowellia curvifolia*.

## **Rasmark, berg og kantkratt**

Denne hovudnaturtypen forbind ein vel mest med indre dalstrok med bratte fjellsider. I Fræna førekjem mindre område av naturtypen "sørvendte berg og rasmarker" med tørketolande planter m.m. Nokre av desse er også kalkrike. Rasmarker i fjellet vert handsama som naturtypen "kalkrike område i fjellet". Mest interessant i Fræna er likevel typen "nordvendte kystberg", som er skildra av Gaarder m.fl. (2001). I Fræna er det særleg hamrane på nordaustsida av Raudtua som utmerkar seg, men og Tverrfjell, Skarsetområdet og Jendemsfjellet har interessante lokalitetar. Her finst ei rekkje mosar, planter og lavartar som krev høg luftfuktigheit og mild vinter, dei er med andre ord oseaniske. Den aller mest spesielle arten i dette følgjet er torntvibladmose *Scapania nimbosa* som tidlegare hadde sin einaste lokalitet i Skandinavia i Slepškaret. Denne er no truleg forsvunnen som følgje av kalksteinsutvinning (Hassel m. fl. 2000), men arten vart i 2003 attfunnen ved Nåsavatnet i Eide. Andre spesielle artar er hinnebregne, kystmaigull, dronningmose, praktvibladmose m.fl. Det kan finnast fleire slike lokalitetar i Fræna. Desse er ikkje prioritert å undersøkje, sidan dei fleste reknast for å vera lite truga av menneskelege aktivitetar.

## Fjell

Fræna har ein del fjell, faktisk ganske mykje til å vera ein kystkommune. I tillegg finst ein del kalkrike område i desse fjella, dels med kalk og marmor i dagen. Den einaste naturtypen som skal kartleggast heiter "kalkrike område i fjellet". Dette har Fræna ein god del av, særleg i området ved Trollkyrkja og Talstadhesten. Desse områda er mellom dei rikaste fjellplanteområda så nær kysten i Sør-Noreg, med m.a. mykje reinrose, og huser ei rekkje sjeldne artar som t.d. kalkfiol og lappaugnetrøst. Elles i kommunen finst nok sannsynlegvis fleire flekker av denne typen, utan at ein har prioritert å bruka tid på leiting. Einaste veksestaden for den raudlista nurkblygmosen *Seligeria pusilla* i fylket er på kalkstein ved Trollkyrkja. Elles har Leif Malme funne ei rekkje sjeldne og kalkkrevande mosar og planter i desse fjella.

# LOKALITETAR

Databasen over verdifulle naturområde i Fræna kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 145 lokalitetar. Mange var kjent frå rapportar m.m. publisert dei siste åra, men mange av dei har også kome fram gjennom dette prosjektet. Rundt 31 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (2000a). Etter lokalitetane kjem ei supplerande liste over område med dårlege data eller usikker status (tabell 7). Blant desse finst truleg lokalitetar som burde vore registrerte og avgrensa.

Lokalitetane er sorterte etter stigande lokalitetsnummer. Følgjande forkortingar er nytta på personar: AM=Asbjørn Moen, AOF=Alv Ottar Folkestad, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, JIH=Jarle Inge Holten.

## 1 Langøyvågen naturreservat (strandenger, undervassenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-1
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 98-99, 66-67
<b>Høgd over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Undervassenger, strandeng og strandsump, tangvollar
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (reservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Kristiansen (1974), Holten m. fl. (1986b, lok. 26.1 og 26.2), Oterhals (1996, lok. 15), Naturbasenummer: 154825201

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Langøya og Vågøya i sørvestre del av kommunen. To nærliggjande lokalitetar skildra av Holten m. fl. (1986b) er slått saman til ein (Oterhals 1996) som seinare er verna som Langøyvågen naturreservat. Området er ei stor strandflate med leir-rike gruntvassområde og strandenger. (Området har ein viktig funksjon for vassfugl,- først og fremst som raste- og overvintringsområde. Grensar til viktig viltområde rundt Langøya.) Sidan dei prioriterte naturtypene strandenger, tangvollar og undervassenger dekkjer ein stor del av lokaliteten, har ein avgrensa identisk med reservatgrensene.

*Vegetasjon:* Undervassenger med ålegras og småhavgras (U1, U2a), forstender med store mengder salturt (U3a), nedre og midtre saltenger med fjøresaltgras og ishavsstorr (U4a, U4d), saltenger med saltsiv og raudsvingel-fjørekkoll (U5a, U5c), velutvikla brakkvassenger (U7) og tangvollar av ulike slag. I indre delen svakt innslag av svartorstrandskog (E6).  
*Kulturpåverknad:* Det er dyrka ned mot stranda aust for Langøya. Beiting. Veggen til Vågøya kryssar gjennom austlege del av reservatet.

*Artsfunn:* Området er artsrikt med ca. 70 registrerte planteartar. Interessante artar er småhavgras, ishavsstorr og dei store bestandane av salturt. Svartor i stranda.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor lokalitet med velutvikla strandenger og fine soneringar med ei rekkje ulike vegetasjonstypar og artar. Strandenger på leire er regionalt sjeldne, og dei viktigaste i fylket ligg nettopp i Vågøy-Aureosen-området.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet.

## 2 Ytre Hoemsvågen (strandenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-2
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 00 66-67
<b>Høgd over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Undervassenger, strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Holten m. fl. (1986b, lok. 26.3), Naturbasenummer: 154825205, kontrollert 24.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg søraust for Vågøya i sørvestre del av kommunen, litt aust for Langøyvågen naturreservat. Lokaliteten er ein noko eksponert, leirfylt våg med tre utløp av bekkar og har stor variasjon i plantesamfunnstypar. Lokaliteten er etter kontroll i felt avgrensa om lag som hos Holten m.fl. (1986b).

*Vegetasjon:* Undervassenger med ålegras og småhavgras (U1, U2a), forstender med salturt (U3a), nedre og midtre saltenger med fjøresaltgras (U4a), saltenger med saltsiv og raudsvingel-fjørekoll (U5a, U5c), velutvikla brakkvassenger (U7) og brakkvassump (U8). Interessant og uvanleg er ein brakkvass-sump med takrøyr (U8d).

*Kulturpåverknad:* Noko storfebeite (1984).

*Artsfunn:* Området er middels artsrikt. Interessante artar er småhavgras, takrøyr og store bestandar av salturt.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla strandområde med undervassenger og strandenger.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

### **3 Indre-Hoemsvågen (strandenger, undervassenger)**

**Lokalitetsnummer:** 1548-3  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 01-02 66-67  
**Høgd over havet:** 0-1m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Undervassenger, strandeng og strandsump  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende, del av Aureosen fuglefredningsområde  
**Undersøkt/kjelder:** Kristiansen (1974), Fylkesmannen i MR (1982), Holten m. fl. (1986b, lok. 26.4), Naturbasenummer: 154812403, kontrollert 24.08.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg i Indre Hoemsvågen på innsida av Svansholmen i sørvestre del av kommunen. Lokaliteten er ein beskytta, leirfylt våg med tre utløp av bekkar og har stor variasjon i plantesamfunnstypar. Strandengene er rundt 2000 x 15 m (Holten m. fl. 1986b). Del av Aureosen fuglefredningsområde. Sidan strandeng og undervasseng utgjer ein stor del av lokaliteten, har ein velt å avgrensa lokaliteten identisk med fuglefredningsområdet.

*Vegetasjon:* Undervassenger med ålegras og småhavgras (U1, U2a), nedre og midtre saltenger med fjøresaltgras og ishavsstorr (U4a, U4d), saltenger med saltsiv og raudsvingel-fjørekoll (U5a, U5c), velutvikla brakkvassenger (U7), brakkvassump (U8) og sumpstrand med mjøddurt (U9a). Innslag av svartorstrandskog i nordvestre del.

*Kulturpåverknad:* Noko storfebeite (1984).

*Artsfunn:* Området er nokså artsfattig (41 artar). Ein litt uvanleg art er småhavgras.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla strandområde med undervassenger og strandenger.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Her gjeld reglane for fuglefredningsområdet.

### **4 Aureosen: elveutløpet (brakkvassdelta)**

**Lokalitetsnummer:** 1548-4  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 032-036, 662-666  
**Høgd over havet:** 0-1m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Undervassenger, brakkvassdelta, strandeng og strandsump  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende (fuglefredningsområde)  
**Undersøkt/kjelder:** Fylkesmannen i MR (1982), Naturbasenummer: 154812403, kontrollert 23.08.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skjerma våg med eitpar mindre bekkeutløp. Hovudsakleg leire i botnen. Store tidevassareal. (Viltområde: viktig rasteplass for fugl under trekk, og som overvintringsområde). Del av Aureosen fuglefredningsområde, verna 27.05.1988. Sidan deltaområdet med strandeng og undervasseng utgjer ein stor del av lokaliteten, har ein velt å avgrensa lokaliteten identisk med fuglefredningsområdet.

*Vegetasjon:* Rikt utvikla ålegrasenger i nedre del av tidevassona. Strandenger og litt tangvollsamfunn rundt elveutløpet.

*Kulturpåverknad:* Grenser til dyrka mark og veg. Elva er forbygd ved utløpet.

*Artsfunn:* Av interesse var bekkestjerneblom og betydeleg mengder salturt på elvegrusen.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre brakkvassdelta med litt undervassenger og strandenger, og bestandar av den regional uvanlege strandplanten salturt.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Her gjeld reglane for fuglefredningsområdet.

## 5 Jendemsfjellet, vestsida (gammal lauvskog, gammal furuskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-5
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 989-997, 645-655
<b>Høgd over havet:</b>	80-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Kystfuruskog, gammal lauvskog, gammal barskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.12.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg aust for skytebanen på Jendem. Mosaikk mellom gammal lauvskog med osp, bjørk og hassel i nedre deler, og eldre furuskog og bjørkeskog med rotvelter, gadd og læger i øvre deler. Litt steinur og bergknausar.

*Vegetasjon:* Skogen består av furu, bjørk, litt rogn, osp og hassel. Feltskiktet vert særleg dominert av storfrytle i nedre deler, men det er og parti med lågurtvegetasjon i hasselskogen, og blåbærvegetasjon eller røsslyngdominans lenger opp. Det vart observert hjortebeiting på rogn.

*Kulturpåverknad:* Det er hogd einskilde furutre i nyare tid. Skogdrift inntil området i nord. Eit lite granfelt i lokaliteten. Bra med læger, gadd og høgstubbar av osp i nedre deler, medan det var læger og gadd av bjørk og furu i øvre deler.

*Artsfunn:* Av raudlisteartar vart det funne eit par soppartar på daud ved: *Gloeocystidiellum karstenii* (R-sjeldan) på ei grov ospelåg og rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (DC-omsynskrevande) på daud ved av hassel. Elles vart raudlistekandidaten *Hyphoderma capitatum* funnen på nedramla furugreiner (soppar bestemt av Finn Oldervik). Av lav vart det funne kystnever, fertil sølvnever, lungenever, vanleg blåfiltlav, kystfiltlav, lodnevrenge, skrubbenever og glattvrenge. Av planter kan nemnast enghumleblom, kratthumleblom, kusymre, myske, sanikel, taggbregne og vivendel. På furulæger vart det funne m.a. larvemose.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert område med tilgang på daud ved av ulik kvalitet av både lauvtre og furu, og einskilde raudlisteartar. Dessutan er det eit svært oseanisk/fuktig lokalklima med bestandar av middels kravfulle lavartar som sølvnever og kystnever.

### Skjøtsel og omsyn

Naturverdiane er særleg knytt til kombinasjonen daud ved og fuktig lokalklima. Det er derfor ønskjeleg med minst muleg påverknad for å sikra tilgangen på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad.

## 6 Jendemsfjellet: vest for Kjerkjeskaret (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-6
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 019 660-661
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt, skog
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg, gammal barskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordvestsida av Jendemsfjellet og består av nordvendte berghamarar med litt gammal furublandskog inntil.

*Vegetasjon:* Dels røsslyngfuruskog, dels storfrytle og blåbærdominert bjørkeskog inntil berg.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten.

*Artsfunn:* Av planter vart det m.a. funne enghumleblom og knerot. Den raudlista røtevedmosen røteflak *Calypogeia suecica* (DM - bør overvakast) vart funnen på ei furulåg inntil berget, saman med larvemose, fauskflik, sagtvibladmose og skogkrekemose (bestemt av dr. scient. Kristian Hassel, NTNU). Av mosar elles vart det notert fleire dels kystbundne og fuktikrevande artar som heimose, kystjammemose, raudmuslingmose, kysttornemose, storstylte, småstylte, stripefoldmose, kystkransmose, fjørmose, stortujamose, kammose og gode førekomstar av den middels kravfulle kystarten dronningmose. Det var mykje lungenever, særleg på rogn, dessutan kystgrønnever.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med einskilde interessante fuktikrevande moseartar, m.a. ein raudlisteart.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for vesentlege fysiske inngrep.

## 7 Nordaust for Kryssvatnet (furuskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-7
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 006-014, 595-598
<b>Høgd over havet:</b>	285-340 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal barskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hjortebeiting og fysiske skadar på barlind, skogsdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Korsmo (1976), 07.07.1991, Arnfinn Skogen, Sigrid Lindmo og Erik Mordal (Lindmo m. fl. 1991), 26.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Her er avgrensa ein lokalitet med stort sett gammal furuskog frå Kryssvatnet austover mot Langvatnet inntil kommunegrensa mot Molde. Furu er opptil 70 cm i stammediameter. Lokaliteten er særleg kjent på grunn av barlind. Barlindane ved Kryssvatnet er dei nordlegaste som er kjent. Dei veks i ei sør-søraustvendt skråning ca. 150-200 m aust for austenden av Kryssvatnet. Dei har posisjon MQ 00890,59538 - 00909,59522 (WGS 84) og ligg berre ca. 5-30 meter frå grensa til Molde, i ei høgd av ca. 290-295 moh. Fordi barlindane er ein del av eit større gammalskogområde, har ein velt å avgrensa eit større område enn berre barlindane. I det avgrensa området har ein også tatt med Trolltjønna på grunn av interessant ferskvassflora.

*Vegetasjon:* Skogen består av furu, litt rogn, bjørk og einer. Feltskiktet rundt barlindane vert særleg dominert av bjønnekam, blåbær, smyle, storfrytle og einstape, og inneheld forøvrig lite kravfulle artar som tepperot, skogstjerne, storfrytle, hårfrytle, fugletelg, sauetelg, tytebær, skrubbær, einstape, maiblom, stormarimjelle, gullris, stri kråkefot, bjønnskjegg, blåknapp og heistorr (Korsmo 1976). I 2004 vart det og notert m.a. heisiv, klokkeling og klokkevintergrøn.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag, men spor av hogst. Det er innslag av gadd og læger av furu spreidd over området.

*Artsfunn:* Barlindane dannar to grupper med ca. 4-5 meters avstand. Den største har 20 stammar, den minste ca. 10. Begge er hannar. Høgda er opptil 3 meter, total kroneprojeksjon er om lag 200 m<sup>2</sup>. Stammediameter er opptil 25 cm. Ved Trolltjønna vart det funne soleinøkkerose (regionalt uvanleg) og storblærerot. På borklause furulæger vart det funne røtevedmosar som larvemose, stubbeblonde, piggrådmose og fingersaftmose. Det finst lungenever opptil 4 m opp i trea, elles m.a. kystfiltlav. Det er truleg potensiale for raudlisteartar av sopp og mose knytt til røten ved.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at denne lokaliteten huser den nordlegaste barlindbestanden som er kjent. Dette er såleis ein av dei mest spesielle førekomstane i Fræna-naturen. Dersom ein ønskjer å dela opp lokaliteten, fortener nærområdet rundt barlindane A og resten av lokaliteten B.

### Skjøtsel og omsyn

Barlind er generelt utsett for hjortebeiting og borkgnag, som er det største trugsmålet mot både overleving og forynging av barlind her i fylket. Det er t.d. muleg å spelka stammene med fjøler om nødvendig. Sidan dette er den nordlegaste kjente førekomsten (truleg i verda) kunne ein ha sett i verk enkle lokale forvaltningstiltak, t.d. med ei enkel tilsynsordning for å følgja med at dei har det bra (kan utførast av grunneigar/frivillige).

## 8 Åndal: Grytrørin sør for Tverrlivatnet (furuskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-8
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 000-015 599-604
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 200-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal barskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit høgareliggjande åsområde ved grensa til Aukra og Molde sør og vest for Tverrlivatnet, med blandingsskog av furu og bjørk. I øvre deler er skogen nokså lågvaksen fjellfuruskog. Skogen har preg av å vera gammal med ein del daud ved. Området er berre overflatisk undersøkt.

*Vegetasjon:* Skogen består av furu, litt rogn, bjørk og einer. Feltskiktet vert særleg dominert av blåbær, bjønnekam og røsslyng.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Det er spreidd med daud ved i form av gadd og læger av furu og bjørk.

*Artsfunn:* På ei borklaus furulåg ved MQ 0122 6014 vart den raudlista røtevedmosen røteflak *Calypogeia suecica* (DM) funnen, saman med m.a. fauskflik *Lophozia longiflora* (bestemt av dr. scient Kristian Hassel). Av planter vart det m.a. funne heisiv, myraugnetrøst. Floraen er generelt triviell i dei undersøkte områda austover frå Storskarhaugen.



*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med eldre furuskog, noko gadd og læger og førekomst av ein raudlistearart knytt til daud ved. Ein reknar med at området har potensiale for fleire raudlistearter knytt til daud ved.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at ein bevarer tilgangen på og nydanninga av daud ved. Daud ved er kritisk for mange artar i skogen. Det er derfor ønskeleg med minst muleg skogsdrift.

## 9 Aureosen: Hestadvatnet (rik kulturlandskapssjø)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-9
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 010-015 633-639
<b>Høgd over havet:</b>	50 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapssjøar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1972), Folkestad (1977), kontrollert 26.08.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Hestadvatnet ligg ved Hestad ved Aureosen. Vatnet ligg i ein flat dalbotn omgjeve av skog, myr og dyrka mark.

*Vegetasjon:* Langskot-, flyteblad-, krypsiv- og kortskotvegetasjon (P1, P2, P3, P4).

*Kulturpåverknad:* Vatnet grensar til dyrka mark i søraust, og har tilsig frå eit område med spreidd busetnad og noko dyrka mark.

*Artsfunn:* Vassplanter (Malme 1972): kransalgearten mattglattkrans *Nitella opaca*, bekkeblom, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, mannasøtgras, stivt brasmegras, krypsiv, tjønngras, botnegras, tusenblad, soleinøkkerose, kvit nøkkerose, småtjønnaaks, tjønnaaks, mjuksivaks, bekkestjerneblom, sumpblærerot, storblærerot og veikveronika.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrik låglandssjø med funn av fleire mindre vanlege vassplanter som soleinøkkerose, småtjønnaaks, mjuksivaks og veikveronika.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

## 10 Sandsbukta: utløpet av Holselva (brakkvassdelta)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-10
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 069 650
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta, strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.08.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av eit lite elveutløp der Storelva renn ut ved idrettsplassen i Sandsbukta.

*Vegetasjon:* Litt strandenger, tangvollsamfunn og forstrand med saltbendel.

*Kulturpåverknad:* Idrettsplassen og riksvegen har redusert arealet av elveutløpet.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. saltbendel.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit lite strandområde med få interessante artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Restane av lokaliteten bør ikkje utsettast for fleire fysiske inngrep.

## 11 Malmefjorden: utløpet av Malmeelva (brakkvassdelta)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-11
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 097-099, 650-651
<b>Høgd over havet:</b>	0-1 m

**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Brakkvassdelta  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** Naturbasenummer: 154803200, 23.08.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Mindre elveos der Malmeelva renn ut i søraustre del av Malmefjorden. (Viltfunksjon (naturbasen): raste- og overvintringsområde for vassfugl på grunne strandsoner ved elveutløpet inst i fjordbotnen. I trekktida samlast inntil 100 stokkender, 100 ærfugl og 10-20 silender. Blåskjelbankar ute i fjorden.) Elveosområdet er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal.

*Vegetasjon:* Ulike utformingar av strandenger og tangvollar. Særleg interessant var grusforstrender med mykje salturt.

*Kulturpåverknad:* Grenser til dyrka mark, beita av storfe. Elva er forbygd til utløpet.

*Artsfunn:* Av planter vart det funne m.a. havstorr, saltbendel, salturt, strandkjeks og åkersvinerot. Særleg interessant er dei store mengdene med salturt på grus i fjøresonen (omtala også av Malme 1971b).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre elveosområde med bestandar av fleire interessante artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Beiting er ønskjeleg.

## 12 Malmefjorden: under Øygardsfjellet (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-12  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 110-113, 652-658  
**Høgd over havet:** ca. 130-400 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 10.07.1966, 13.07.1972, Leif Malme (Malme 1971b), 11.06.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei bratt vestvendt li ned mot Julset i Malmefjorden. Lokaliteten ligg som i ei gryte som vert oppvarma av ettermiddagssola.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5), innslag av gråor-heggeskog (C3), kysthasselkratt (D2c) og storbregnebjørkeskog (C1b). Alm var relativt sparsam, men av hassel var det ein del. Undervegetasjonen var ofte nokså høgstaudeprega og stadvis dominert av gråor-heggeskogsartar.

*Kulturpåverknad:* Litt beita av storfe i nedre deler. Litt planta gran i nedre deler.

*Artsfunn:* Leif Malme har funne tannrot i dette området (opp til ca. 150 moh., herb. O, Malme 1971b), og elles fleire moseartar, m.a. kystmoldmose *Eurhynchium striatum* på jord og broddtråkleiose *Pseuoleskeella nervosa* på alm (Malme 1971b, 1974a). Av planter elles kan nemnast myske, jordnøtt (mykje), storfrytle (mykje), kratthumleblom, trollurt, firblad, nyresoleie, skogsvinerot, krattlodnegras (stadvis mykje), stankstorkenebb, markjordbær, strandrøyr, turt, rosenrot, sumphaukeskjegg, hengjeaks, krossved, liljekonvall, kranskonvall, lundrapp, hundekveke, myskegras, trollbær. Det var gode bestandar av lungenever og skrubbenever, m.a. på alm. Av fugl vart det observert munk, gransongar, gråtrast, raudvengetrast, kjøtmeis, gjerdesmett, gulsongar, spettmeis, svarttrast og gauk.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels utvikla edellauvskog med alm og hassel og eit moderat artsutvalg.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

## 13 Malmedalen: Nakken-Fagerlia (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-13  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 123-126, 645  
**Høgd over havet:** ca. 230-300 m  
**Hovudnaturtype:** Skog, rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 23.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei sørvendt lauvskogsli med varmekjær vegetasjon like vest for glattkjøringsbanen i Malmedalen, oppunder hamrane ved Nakken og Fagerlia.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt (D2c) med innslag av gråor-almeskog, treslag: bjørk, hassel, alm (opptil 30 cm stammediameter, 0-50% hjortegnag på borken), osp, gråor, rogn og gran.

*Kulturpåverknad:* I nedkant skogsveggar og granplantefelt.

*Artsfunn:* Planter: breiflangre, brunrot, firblad, hengjeaks, hundekveke, kratthumleblom, krossved, lundrapp, myske, myskegras, sanikel, skogsalat, skogsvinerot, storfrytle, svartburkne. Det vart elles funne flatkjuke og observert spettmeis. Av lav vart det funne m.a. lungenever, vanleg blåfiltlav og grynvrenge.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei middels utvikla edellauvskogsli med nokre varmekjære planter.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

## 14 Skaret: Skarvatnet (ferskvatn)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-14
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 15 64
<b>Høgd over havet:</b>	214 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapsjøar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1972). Avgrensing/tilstand kontrollert 23.08.2004, JBJ.

### Områdeskildring

*Generelt:* Skarvatnet ligg ved turistsenteret på Skaret nær grensa til Molde, i eit populært utfartsområde.

*Vegetasjon:* Langskot-, flyteblad- og krypsivvegetasjon (P1, P2, P3).

*Kulturpåverknad:* Det ligg mange hytter og fleire naust og båtar langs vatnet. Brygge og enkelt turistanlegg ved Skarstua. Litt planta gran inntil vatnet.

*Artsfunn:* Vassplanter (Malme 1972): flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, mjukt brasmegras, krypsiv, botnegras, bukkeblad, kvit nøkkerose, hesterumpe, takrøyr, småtjønnaaks, tjønnaaks, evjesoleie, kvitmyrak, sumpsivaks, flotgras, sumpblærerot, storblærerot, småblærerot. Ein del augestikkarar sett i 2004.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er funne nokre mindre vanlege vassplanter som takrøyr, småtjønnaaks, sumpsivaks og storblærerot. Lokaliteten tilfredsstiller truleg ikkje kriteria til B i DN (1999a).

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

## 15 Skaret: Berrmyrane/Kringla (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-15
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 15-17, 63-65
<b>Høgd over havet:</b>	215-290 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr, terrengdekkjande myr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.1971, Finn Wischmann, Malme (1972), 23.06.1975 (Moen 1984), Naturbasenummer: 154810202. Avgrensing/tilstand kontrollert 23.08.2004, JBJ.

### Områdeskildring

*Generelt:* Stort myrlandskap med eit lite vatn i austenden (Kringla). Veksling mellom ombrotrofe og minerotrofe myrtypar, hovudsakleg bakkemyr og flatmyr. Innslag av øyblandingsmyr, terrengdekkjande myr og planmyr (Moen 1984). Lokaliteten går inn i Molde kommune i sør.

*Vegetasjon:* Triviell fattigmyrsvegetasjon dominerer, men det er innslag av intermediære typar og små areal rikmyr. Elles litt nedbørsmyr. Overgangstypar mot snøleie- og fuktheivegetasjon. Fleire oligotrofe småtjønner med flaskestorrsumpar. Det er ein del småbjørk på myra.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten ligg sentralt i utfartsområdet for Molde-regionen og er ein del prega av inngrep, m.a. hytter og bilveg i nord. Skiløyper er anlagt i kanten av myrane.

*Artsfunn:* Døme på planter (Moen 1984): myrkråkefot, sivblom, svarttopp, korallrot, sumphaukskjegg, skavgras (sørvestenden av Kringla), bjønnbrodd og breiull. F. Wischmann har funne følgjande (herb. O): myrkråkefot, blystorr og brunmyrak. Planter funne rundt og i Kringla (dels Malme 1972, dels herb. O): strengstorr, trådstorr, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, mannasøtgras, mjukt brasmegras, krypsiv, botnegras, bukkeblad, kvit nøkkerose, tjønnaks, kvitmyrak, myrkråkefot, sivblom, småblærerot. Planter funne i det nærliggjande vatnet Gunilla (Malme 1972): trådstorr, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, mannasøtgras, mjukt brasmegras, krypsiv, botnegras, bukkeblad, kvit nøkkerose, tjønnaks, sivblom, flotgras, cf. mellomblærerot.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette myrområdet har innslag av mindre parti med rikmyr og terrengdekkjande myr.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 16 Malmefjorden: ved Ukkelberg (svartor)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-16
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 087-088, 661-663
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 10-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.06.1988, O.A. Bugge & JBJ (Bugge 1993, lok. 114), 06.08.2004, JBJ, Naturbasenummer: 154803800

### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvendt lauvskogsholt i Malmefjorden med stort innslag av svartor. Lokaliteten er kalla Blokkehaugen hos Bugge (1993).

*Vegetasjon:* Svartorskog med rogn, bjørk, gråor, selje, platanlønn og hegg. I feltskiktet kvitsymre, mjødur, skogburkne, gaukesyre m.m.

*Kulturpåverknad:* Mindre skogholt mellom vegar og fulldyrka mark. Siget av grunnvatn er påverka av dette.

*Artsfunn:* Innslag av kusymre, firblad, skogkarse, stortviblad, vanleg nattfiol, brunrot, mannasøtgras, sumphaukeskjegg og jordnøtt. Rik småfuglfauna med m.a. gulsongar, torsongar, munk og gulsporv. Det var kanskje her L. Malme samla stortviblad, svartor og vivendel i 1966 (herb. O).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre område med kulturpåverka og noko svakt utvikla sumpskog.

### Skjøtsel og omsyn

Viktigast er å oppretthalda vassiget i jorda, drenering vil føra til at svartor forsvinn etter kvart. Innslaget av svartor i skogen bør bevarast.

## 17 Malmefjorden: Lindset (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-17
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 077-080, 665-668
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 60-160 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, rikare sumpskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Sør- til sørvestvendt lauvskogsli og berg/rasmarker med varmekjær vegetasjon oppunder Storhammaren ovanfor Lindset i Malmefjorden. Lokaliteten skal tidlegare ha vore undersøkt av botanikar, uvisst kven (kjelde: Jon Arne Lindseth).

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt (D2c) med innslag av gråor-almeskog. Alm opp til 30 cm i stammediameter oppunder ura, men styva alm med stammediameter ca. 1 meter ved MQ 0769 6672. Svartorsumpskog like oppunder ura.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten i øvre del. Ei stor styvingsalm vitnar om lauvtaking. Ein del daud ved av osp, selje og furu, og einskilde litt større furutre viser at det er ei stund sidan her har vore drive skogsdrift i øvre del.

*Artsfunn:* Mest interessant var funnet av den raudlista sopparten falsk brunskrub (DC-omsynskrevande) ved MQ 0767 6671 (ved styvingsalmen). Denne soppen veks berre saman med røter av hassel og er sørleg og varmekrevande

(nordgrense i Aure). Planter: bergmjølke, breiflangre, brunrot, fagerperikum, firblad, hestespreng, hundekveke, hårsvæve, klokkevintergrøn, krossved, kusymre, lundrapp, myske, sanikel, skogsvinerot, svartburkne, svartor, trollbær, trollurt. Lungenever er registrert opp til 4 meter opp i trea. Andre lavartar var skrubbenever, vanleg blåfiltlav og glattvrenge, og det vart og funne sølvnever på berg, og kystnever på den store styvingsalmen.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei edellauvskogsli med eit interessant styvingstre, velutvikla lungeneversamfunn, fleire varmekjære planter, ein mindre sumpskog og ein raudlista soppart i lågare kategori.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let det avgrensa området vera i fred i øvre deler. Plukkhogst av bjørk og rogn gjer liten skade. Svartor er avhengig av fuktig/våt mark, og ein bør derfor ikkje drenera svartorområda.

## **18 Malmefjorden: Reitvika på Lindset (svartor)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-18
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0718-0740 6673-6685
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 1-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.06.1988, O.A. Bugge & JBJ (Bugge 1993, lok. 113), Naturbasenummer: 154812904, 11.06.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Sørvestvendt strandskog med svartor på nordsida av Malmefjorden, vest for Lindset, går litt opp i skogen nord for ei hytte i området, ved MQ 0731 6680.

*Vegetasjon:* Skog med m.a. svartor, gråor, platanlønn, hegg, hassel og osp. Undervegetasjon med mykje kvitsymre, ormetelg, gaukesyre, revebjølle og krattlodnegras.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten i stranda, opp frå stranda m.a. ein skogsveg og litt vedhogst.

*Artsfunn:* Det er teke karplanteliste. Bra bestandar av jordnøtt, elles brunrot. Av fugl i hekketida vart det notert spettmeis, gråtrast, bjørkefink, gransongar og kjøtmeis.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mindre lokalitet med svartorsumpskog. Svartor nærmar seg her nordgrensa for skogdannande utbreiing.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Svartora er avhengig av fuktig mark, og ein bør derfor ikkje drenera svartorområda. Ein bør la noko av svartora stå og verta gammal.

## **19 Sylteosen: Storvika (Lindset) (svartor)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-19
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0713-0747 6704-6744
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.06.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Vestover frå Syltevorpa mot Skofthella er det innslag av svakt utvikla svartorstrandskog langs stranda. Lokaliteten strekkjer seg oppover i terrenget som sumpskogflekker somme stader, m.a. ved MQ 0728 6719.

*Vegetasjon:* Svartorstrandskog (E6) med gråor, platanlønn, rogn og bjørk. I feltskiktet skogsnelle, kvitsymre, englodnegras, mjørdurt, havstorr, gåsemure, sløkje m.m. Svartora var stort sett småvaksen og mindre enn 20 cm i stammediameter.

*Kulturpåverknad:* Stort sett liten, litt søppel i stranda.

*Artsfunn:* Innslag av kornstorr, særbustorr, pors, flekkmarihand. Det vart og funne sumpklubbemorkel, ein sopp som veks på ved i sumpskog og bekkar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Svartor er sparsam og småvaksen, det er derfor ønskjeleg at ho ikkje vert hogd.

## 20 Sylteosen (brakkvassdelta)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-20
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 08 68
<b>Høgd over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta, strandeng og strandsump, tangvollar, undervassenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende, verna som fuglefredningsområde
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Kristiansen (1974), Fylkesmannen i MR (1982), Holten m. fl. (1986b, lok. 26.5), Naturbasenummer: 154801500, kontrollert 06.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av eit elvedelta rundt utløpet av Sylteelva i indre del av kommunen. Store tidevassområde og store strandenger dominerer. Langs elveutløpet og strandkanten er det litt krattskog, elles er området omgjeve av dyrkamark. Raste- og overvintringslokalitet for fugl. Området er verna. Fordi det er eit brakkvassdelta som dels og har undervassenger, er lokaliteten avgrensa som fredningsområdet.

*Vegetasjon:* Forstrender med saltbendel finst her (U3c), det same gjer fjøresaltgraseng (U4a), ishavstorreng (U4c), ulike saltenger (U5) og tangvollar med strandrug fremst og mjørdurt attafør. Innslag av undervassenger med småhavgras, sannsynlegvis også ålegras.

*Kulturpåverknad:* Området grensar til dyrka mark og vegar. Beiting av storfe (2003), gjerde. Litt søppel.

*Artsfunn:* Artsfattig med 31 artar. Den mindre vanlege arten småhavgras finst (først funnen av Kristiansen 1974), elles ishavstorr. Mykje strandkjempe.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels stor elveos med ein del variasjon i samfunnstypar, m.a. undervassenger og strandenger. Med lett tilgjenge og kort veg til skuleområde vil området vere lageleg for ekskursjonar. Verdien som viltområde er ikkje vurdert her.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld reglane for fuglefredningsområdet. Beiting er truleg ikkje i konflikt med naturverdiane.

## 21 Sylteosen: ved Sylteelva (hagemark m. solblom)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-21
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 091 689
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Hagemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.05.2003, Ottar Moen & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei flat grasmark ved Sylteelva ikkje langt frå utløpet, mellom bygdevegen og ein bekk. Lokaliteten har vore i gradvis attveksing med ung bjørkeskog og litt einer, men er framleis lysopen.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), oppslag av bjørk, kan nærast reknast som hagemark.

*Kulturpåverknad:* Beita av storfe. I 2004 vart det rydda litt skog som skjøtselstiltak (Ottar Moen pers. medd.).

*Artsfunn:* Mest interessant er nokre (5-10) rosetter av solblom (MQ 0909 6889) i 2003. Arten har ikkje blomstra dei seinare åra, men i 2004 vart det observert ca 25 rosetter og ein blomstrande (Ottar Moen pers. medd.).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein kulturlandskapslokalitet med små bestandar av ein raudlisteart i lågare kategori.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med beiting og rydding av skog.

## 22 Rødalen: under Kvannfjellrøra (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-22
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 136-139, 685-687

<b>Høgd over havet:</b>	ca. 220-320 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.06.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei bratt sør- til sørvestvendt li i indre del av Rødalen i indre Fræna.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5), kysthasselkratt (D2c), storbregnebjørkeskog (C1b) og rasmark/steinur med berg ovanfor. Bra førekomstar av alm opp til 50 cm i stammediameter i brysthøgde, utan eller med lite hjortegnag på borken. Av andre treslag førekom rogn, osp, hegg og selje. Undervegetasjonen var ofte nokså høgstaudeprega.

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast myske, myskegras, storfrytle, vendelrot, tågebær, liljekonvall, hengjeaks, geitrams, markjordbær, skogrøykvein, lundrapp, stankstorkenebb, hestespreng, raud jonsokblom, svartburkne, kratthumleblom, trollbær, skogsvinerot, brunrot, rosenrot, vårerteknapp, sanikel, skogvikke og hundekveke. Det var gode bestandar av lungenever og skrubbenever, m.a. på alm. Av fugl vart det observert munk, gransongar, gråtrast, raudvengetrast, kjøtmeis, gjerdesmett, gulsongar, spettmeis, svarttrast og gauk.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels utvikla edellauvskog med alm og hassel og eit relativt trivielt artsutvalg.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte, og det er ønskjeleg at lokaliteten får liggja mest muleg i fred.

## 23 Moen: Moelva ved Fagermo (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-23
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 1015-ca.1027, 6992-ca.7000
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 40-60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.06.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei bratt skråning ned mot Moelva ved Fagermo i ca. 150 m lengde. Dette er vel noko av det næraste ein kjem ravineskog i Fræna. Substratet er dels leire, dels litt grovare.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5), innslag av gråor-heggeskog (C3), kysthasselkratt (D2c). Alm var relativt sparsam, men av hassel var det ein del. Undervegetasjonen var ofte nokså høgstaudeprega og dominert av gråor-heggeskogsartar.

*Kulturpåverknad:* Litt beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast liljekonvall, hengjeaks, kvitbladtistel, markjordbær, skogrøykvein, skogkarse, lækjevintergrøn, skogsnelle, kratthumleblom, brunrot, skogvikke, enghumleblom, strandrøy, kvitsoleie, myske, nyresoleie, kranskonvall. Av fugl vart det observert svarttrast, bokfink, gulspurv, munk og lauvsongar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein relativt dårleg utvikla gråor-heggeskog og edellauvskog med alm og hassel og eit relativt trivielt artsutvalg.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at lokaliteten får liggja mest muleg i fred.

## 24 Trollkyrkja (kalkrike område i fjellet)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-24
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 11-12, 74
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 300-700 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.1895, Ove Dahl (Dahl 1897), 06.08.1907 (Kaalaas 1911), 06.08.1948, R. Nordhagen (Nordhagen 1952a, 1952b), 28.06.1965, T. Engelskjøn, 21.07.1971 Leif Malme (Malme

1971b), Tore Berg (pers. medd. etter besøk i juli 2001), Naturbasenummer: del av 154813205

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit kalkfjellområde med uvanleg flora, eit av dei klassiske planteområda i Fræna. Trollkyrkja er ei kjent kalksteinsgrotte inne i området, og eit populært turistmål. Området med basekrevande vegetasjon er avgrensa av cand. real. Leif Malme under eit møte 04.08.2004. Området er undersøkt av ei rekkje botanikarar (fleire enn opplista ovanfor), men informasjonen er dels vanskeleg/arbeidskrevande å framskaffa.

*Vegetasjon:* Store deler av området er reinrosehei på marmor.

*Kulturpåverknad:* Det er ein mykje brukt sti opp til Trollkyrkja, og det er tilrettelagt for ferdsle i kalkgrottesystemet.

*Artsfunn:* Raudlisteartar: Einaste funn i fylket av den kalkkrevande mosen nurkblygmose *Seligeria pusilla* (DM=bør overvakast), funnen på marmor av B. Kaalaas i 1907 (herb. BG), dessutan kvitkurle. Interessant flora på marmorfeltet med teppe av reinrose og rukkevier. Einaste sørnorske førekomsten av kalkfiol *Viola rupestris* ssp. *relicta* veks her (Tore Berg pers. medd.) og i fjellmassivet i Eide austanfor (G. Gaarder pers. medd.). Lappaugnetrøst veks også her, ein sjeldan plante, m.a. på "bratte kalkberg like ovafor inngangen til hula" (Nordhagen 1952a, T. Engelskjøn gjenfunn i 1965). Den sjeldne bregnearten kalktelg er funnen her (Ole Arne Aas pers. medd., privat herbarium). Fjellkvitkurle, raudflangre, norsk vintergrøn, fjellrundbelg (Ove Dahl 1895). Raudflangre, fjell-lok, fjellrundbelg, raudflangre, norsk vintergrøn og stortviblad (R. Nordhagen 1948 herb. O, "Indre Trollkirken"). Grov nattfiol, grønburkne, murburkne, norsk vintergrøn (T. Engelskjøn 1965, herb. O, TROM). Bergasal (Leif Malme). Dei sjeldne moseartane sigdstjernemose *Campylium chrysophyllum* og storraspmose *Lescuraea plicata* vart funne her for første gong i fylket, andre spesielle artar var stjernetonemose *Mnium stellare* og fjellhårstjerne *Tortula* (= *Syntrichia*) *norvegica* (Malme 1971b).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og velutvikla kalksteinsområde med mange regionalt sjeldne planter. Området har svært stor floristisk interesse da det inneheld ei rekkje sjeldne artar kombinert med eit oseanisk klima. Området er grenselokalitet for fleire artar, og er viktig i plantegeografisk samanheng. Særleg interessant er den einaste sørnorske førekomsten av kalkfiol her og i fjellrekkja lenger aust.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 25 Fræneidet naturreservat, myrdelen (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-25
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 10-12, 72-73
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 70-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (verna 13.12.96)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.1980 (Moen 1984), Fylkesmannen i MR (1988a), juli 2002, Tore Frøland (pers. medd.) Naturbasenummer: 154813206

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på eidet mellom Moen og Eide, mellom Moaelva og Seterelva (Børresdalselva), og er eit uvanleg variert myrområde. Bakkemyr dominerer, men innslag av flatmyr og strengmyr. Myrvegetasjonen er oppdelt av furuskog og bjørkeskog. Enkelte fragment av lågurtfuruskog. Området er verna som naturreservat. Det myrområdet som her er avgrensa er berre den delen av reservatet som er myr. Resten er skog opp til over 400 m og er skildra som eigen lokalitet.

*Vegetasjon:* Fattig fastmattevegetasjon dominerer, men store areal har rik og ekstremrik vegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Stien til kalkgrotta Trollkyrkja går i austkant av lokaliteten og har stor trafikk. Elles grensar myrane til grøfta område både i aust og vest.

*Artsfunn:* Rikmyrartar (Moen 1984): brunskjene, svarttopp, engmarihand, engstorr, skavgras, fjellsnelle, dvergjamne, bjønnbrodd, myrsaulauk og breiull. Elles vart det funne myrkråkefot, kysttjønnaks, kystmyrklegg, engstorr, loppestorr, kvitmyrak og den austlege arten blystorr. Eit herbariebelegg av strengstorr finst også herifrå. Notert av T. Frøland 2002: blystorr, brunskjene, engstorr, strengstorr. Ove Dahl fann i 1895 blodmarihand ved "Varhol", truleg ikkje langt unna reservatet (herb O).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er eit nokså stort og velutvikla rikmyrkompleks (det beste på Romsdalshalvøya) – med sjeldne artar som brunskjene, engmarihand og fjellsnelle m.m.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld reservatforskriftene.



## 26 Fræneidet naturreservat, øvre del (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-26
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 113-114 726-727
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 100-140 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift
<b>Undersøkt:</b>	Fylkesmannen i MR (1988a), del av naturbasenummer: 154813206, 01.03.2003, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 33)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Nordlege del av Fræneidet naturreservat består av skog. Lokaliteten har velutvikla hasselkratt i furuskog (nedre parti) og elles bjørkeskog (øvre parti). Det som er avgrensa er berre ein mindre del av skogen i reservatet. Lokaliteten er verna som naturreservat 13.12.96.

*Vegetasjon:* Hassel pregar skogen sterkt og det ser ut til å vera mykje brunjord i marka, vegetasjonstypen er rike kysthasselkratt (D2c).

*Kulturpåverknad:* Ein del skogsdrift i lia.

*Artsfunn:* Karplantefloraen er dårleg undersøkt pga. årstida. Bruntelg (DM=bør overvakast) er funnen i skogen nedanfor Trollkyrkja. Den noko kravfulle skorpelaven *Thelotrema sueticum* veks ganske talrikt på hasselstammene. Ved Myrbostadsetra er det tidlegare gjort funn av raudlistearten dvergstanksopp i hasselskog (Gaarder & Jordal 2001), lokaliseringa er noko usikker.

*Verdsetting:* Verdien vert sett til viktig (B) fordi det er ein middels utvikla hasselskog. Lokaliteten har eit potensiale for kravfulle og raudlista marklevande sopp knytt til rike hasselkratt, og betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å la området få liggje i fred for inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 27 Børresdalen (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-27
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 102 733
<b>Høgd over havet:</b>	160-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift
<b>Undersøkt:</b>	01.03.2003 GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 35)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten ligg i nedre del av ei søraustvendt li ved Skabakkøyan i Børresdalen, under Ørnehammaren.

*Vegetasjon:* Det er eit parti med gråor-almeskog.

*Kulturpåverknad:* Skogen er nokså gammal med sparsamt innslag av daudt trevirke. I aust, mot Myrbostadsetra, har det vinteren 2002/2003 vore hogd noko ved i kanten av området.

*Artsfunn:* Karplantefloraen verkar middels rik, med typiske artar som strutseveng, sanikel, junkerbregne og myske. I tillegg er det innslag av litt basekrevjande fjellplanter, som fjellsmelle, gulsildre og taggbregne. Lungenever-samfunnet er middels godt utvikla og sølvnever førekjem sparsamt. I tillegg vart raudlistekandidaten kvithovudnål *Cybebe gracilenta* funne ved basis av ei relativt grov, mangestamma alm.

*Verdsetting:* Verdien vert satt til viktig (B), sidan dette er ein edellauvskog med fleire kravfulle artar.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å la området få liggje i fred for inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 28 Syltesetra: ved Gjerdehaugen (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-28
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 1238-1253, 7041-7051
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 185 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr

**Naturtype:** Rikmyr  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 12.07.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg mellom Gjerdehaugen og Syltesetra, på oversida (austsida) av vegen.

*Vegetasjon:* Rik fastmattemyr og rik skogmyr.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er omgjeven av oppdyrka myrar i nord og sørvest, og vegen i vest. Det meste av myrane i området er dyrka.

*Artsfunn:* Det vart telt opp rundt 215 stenglar av solblom rundt i dei halvtørre kantane av myra. Elles var det store mengder stortviblad, og elles mange typiske artar for rikmyr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein større rikmyr med ein stor livskraftig førekomst av raudlistearten solblom, og med store mengder av den kravfulle orkidéen stortviblad.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som grøfting og dyrking. Solblomen er også her truleg noko beiteavhengig, så det er ønskjeleg med forsiktig beiting, helst av kalvar for å unngå trakksskader.

## 29 Syltesetra: ved hytter (småbiotop)

**Lokalitetsnummer:** 1548-29  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 1249 7071  
**Høgd over havet:** ca. 185 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Småbiotopar  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av hevd, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 12.07.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i tilknytning til eit par hytter langs vegen, med førekomst av solblom.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med solblom.

*Kulturpåverknad:* Slått rundt solblombestanden, sjølve solblomen vert truleg ikkje slått.

*Artsfunn:* Det vart telt opp rundt 40 stenglar av solblom på ein liten flekk. Like nedanfor, ved avkjørselen til Gjerdet ved MQ 12439 70713 vart det også funne 3 stenglar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein liten men livskraftig førekomst av raudlistearten solblom.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten bør slåast for å unngå attgroing. Solblom er slått- eller beiteavhengig.

## 30 Syltesetra: Hagan (Gjerdet) (slåtteenger)

**Lokalitetsnummer:** 1548-30  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 124 708  
**Høgd over havet:** ca. 180 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtteenger  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av hevd, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 12.07.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er øvre deler av det nedlagte småbruket Hagan eller Gjerdet. Lokaliteten er i byrjande attgroing, men framleis med intakte engsamfunn med solblom.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med solblom.

*Kulturpåverknad:* Området har vore beita i seinare tid. Tidlegare har dette vore slåtteenger (Britt Eli Sylteseter Røvik pers. medd.). Solblomen står i kantane, på dei udyrka partia.

*Artsfunn:* Det vart telt opp rundt 20 stenglar av solblom ved MQ 1244 7076 ovanfor husa, og elles 5 planter til ved MQ 1242 7078 nord for husa.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein liten men livskraftig førekomst av raudlistearten solblom.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten bør slåast eller beitast for å unngå attgroing. Solblom er slått- eller beiteavhengig. Grunneigar vart informert på staden.

### 31 Syltesetra: nedanfor Hagan (Gjerdet) (skogsbeite)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-31
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 1211-1229, 7069-7088
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 120-160 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Skogsbeite
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av hevd, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	12.07.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg rett sør for Syltestølen, nedanfor det nedlagte småbruket Hagan eller Gjerdet, og består av tidlegare slåtteliet, no er lokaliteten ein lysopen bjørkeskog med glenner og småmyrar som har vore beita av storfe.

*Vegetasjon:* Gras- og urterik bjørkeskog med sølvbunke (C2c), innslag av intermediære myrar og sumpskog.

*Kulturpåverknad:* Området vart slått til om lag 1950, og har deretter vore beita (Britt Eli Sylteseter Røvik pers. medd.). Lokaliteten var ikkje beita i 2002.

*Artsfunn:* Det vart telt opp rundt 35 stenglar av solblom spreidd på småflekke og lysningar rundt i skogen, med posisjonar MQ 12293 70875 (6 stenglar), 12145 70802 (2), 12113 70725 (6), 12121 70740 (9), 12142 70726 (5), 12159 70695 (5), 12187 70744 (1 stengel). Av andre artar vart det notert m.a. heisiv, blåklokke, tågebær, fjelltistel, sumphaukeskjegg, enghumleblom.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein liten, men livskraftig førekomst av raudlistearten solblom, ein rest av eit sjeldant kulturlandskap nær nordgrensa for solblom i Noreg.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Lokaliteten bør beitast for å unngå attgroing. Solblom er slått- eller beiteavhengig.

### 32 Eidem: Litlevatnet (rike kulturlandskapssjøar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-32
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 04 71
<b>Høgde over havet:</b>	47 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapssjøar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, ureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1972), Eie (1975)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Litlevatnet er det øvste vatnet i Hustadvassdraget, og ligg ved Eidem nær Elnesvågen. Noko humuspåverka. Lokaliteten er ikkje reinventert.

*Vegetasjon:* Langskotvegetasjon (P1), flytebladvegetasjon (P2).

*Kulturpåverknad:* Vatnet er truleg noko påverka av avrenning.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast artar som bekkeblom, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, mjukt brasmegras, krypsiv, tjønngras, botnegras, bukkeblad, tusenblad, kvit nøkkerose, tjønnaks, sjøsvaks, sumpsvaks, flotgras, småblærerot og veikveronika. Vatnet har i tillegg verdi for våtmarksfugl.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C), fordi han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B i DN (1999a).

#### Skjøtsel og omsyn

Fysiske inngrep og forureining er uheldig.

### 33 Skjelbreia (rike kulturlandskapssjøar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-33
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad

<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 04-05, 72
<b>Høgde over havet:</b>	43 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapsjøar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, ureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1971b, 1972)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skjelbreia ligg mellom Litlevatnet og Langvatnet i øvre del av Hustadvassdraget, nær Elnesvågen.

Lokaliteten er ikkje reinventert i nyare tid.

*Vegetasjon:* Langskotvegetasjon (P1), flytebladvegetasjon (P2), krypsivvegetasjon (P3), kortskotvegetasjon (P4).

*Kulturpåverknad:* Vatnet har vore påverka av vassuttak. Vatnet grensar til dyrka mark fleire stader. Det er truleg påverka av arealavrenning.

*Artsfunn:* Av planter i Skjelbreia kan nemnast artar som bekkeblom, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, mannasøtgras, mjukt og stivt brasmegras, krypsiv, tjønngras, botnegras, bukkeblad, tusenblad, kvit nøkkerose, rusttjønnaks, småtjønnaks, grasstjønnaks, tjønnaks, sjøsvivaks, sumpsvivaks, småsvivaks, flotgras, småblærerot, cf. sumpblærerot, veikveronika og kransalgen mattglattkrans *Nitella opaca*. Det kan tenkjast at vatnet har bestand av elvemusling (ikkje undersøkt). Bruun (2003) rapporterer muslinglarvar på fisk i Prestelva.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er innslag av fleire regionalt sjeldne planter. Det er i tillegg potensiale for fleire interessante artar. Det er uklart om Skjelbreia har bestandar av elvemusling i vatnet (Bruun 2003), i så fall kan verdien verta høgare.

#### Skjøtsel og omsyn

Fysiske inngrep og forureining er uheldig.

## 34 Prestelva (frå Skjelbreia, viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-34
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 055 730 – 057 734
<b>Høgde over havet:</b>	38-43 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, vassuttak, vass-standssenking, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Aas (1999), Gaarder & Stenberg (2003, lok. 26), Bruun (2003)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein del av Hustadvassdraget. Prestelva startar i Skjelbreia og renn ut i Langvatnet ved Talstad. Lokaliteten er ei elvestrekning på eit par hundre meter.

*Vegetasjon:* Litt påvekst på stein, elles lite.

*Kulturpåverknad:* Bekken har vore påverka av vassuttak, låg vassføring og tidvis masseforflytting lenger opp i vassdraget. Elles avrenning frå landbruket.

*Artsfunn:* Elvemusling skal finnast i elva ifølgje Aas (1999, undersøkt 1999), ein liten bestand med 0-2 skjel pr. m<sup>2</sup>.

Ifølgje Bruun (2003) døydde muslingbestanden i Prestelva omtrent ut som følgje av vassuttak i Skjelbreia og påfølgjande låg vassføring, men muslingar vart reetablert ved at det vart flytta muslingar frå Hustadelva opp i Prestelva i 1998. Det kan og tenkjast at nokre har overlevd. Bruun (2003) rapporterer muslinglarvar på fisk i Prestelva.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten har bestandar av den raudlista elvemuslingen, som også står på Bernkonvensjonens liste III. Lokaliteten er ein del av Hustadvassdraget, som har ein av dei største elvemuslingbestandane i landet (Bruun 2003).

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå forureining og fysiske inngrep. Det er viktig å halde oppe ei god vassføring heile året, da skjela døyr om dei kjem over vassoverflata. Ureining og stor tilføring av lausmassar kan også ta knekken på førekomsten.

Elvemuslingen er freda og må ikkje plukkast. Hustadvassdraget har så store verdiar at det må få eit biologisk overvakingsprogram (Bruun 2003).

## 35 Haukåsdalen (artsrike vegkanter)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-35
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 058-061, 719-720
<b>Høgde over havet:</b>	60-130 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Artsrike vegkantar  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Skogsdrift  
**Undersøkt:** 01.03.2003 og 15.05.2003, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 23)

#### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten utgjer eit rundt 500 meter langt parti av skogsvegen opp til Haukåsetra.

*Vegetasjon:* Vegkantane har opne baserike engsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Det har tydeleg vore bruka noko kalkgrus som fyllmasse på vegen, noko som har utvikla ein relativt kravfull flora langs vegkanten.

*Artsfunn:* Av spesiell interesse er førekomst av bittersøte, ein regionalt sjeldsynt og trua art. I tillegg førekjem vill-lin, småengkall og fleire orkideartar som ikkje kunne artsbestemmas tpga. årstida.

*Verdsetting:* Verdien vert satt til viktig (B), sidan dette tydeleg er ein artsrik vegkant og minst ein regionalt sjeldan art førekjem (bittersøte).

#### Skjøtsel og omsyn

For naturverdiane er det viktig å halde vegkanten fri for busker og kratt, ikkje sprøyte han og gjerne slå av og til, og rote litt i delar av lausmassane år om anna.

## 36 Langvatnet ved Prestelva (artsrike vegkantar)

**Lokalitetsnummer:** 1548-36  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 056, 734-737  
**Høgd over havet:** ca 40 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Artsrike vegkanter  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Attgroing, fysiske inngrep  
**Undersøkt:** 15.05.2003, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 25), 03.06.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein vegkant på begge sider av riksvegen langs sørenden av Langvatnet.

*Vegetasjon:* Vegkantane har opne baserike engsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Floraen viser tydeleg at det er ein del kalkgrus som har vore brukt på fyllmassane i vegen.

*Artsfunn:* Ein ganske artsrik engflora veks i kanten av vegen her. Mest interessant er førekomst av den regionalt sjeldsynte bittersøta. I tillegg førekjem m.a. brudespore, skogmarihand, rundskolm, harerug, tiriltunge, prestekrage og vill-lin. Det er potensiale for fleire kravfulle artar her, også av beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området får verdi viktig (B), sidan minst ein regionalt sjeldsynt og kravfull plante finst.

#### Skjøtsel og omsyn

Slått av vegskuldra er naudsynt. Dette bør føregå seint på ettersommaren eller på hausten, ikkje minst av omsyn til bittersøta og orkideane som blomstrar og sett frø ganske seint på sommaren. Det er viktig å halde området reint for buskar og tre.

## 37 Langvatnet (rike kulturlandskapssjøar)

**Lokalitetsnummer:** 1548-37  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 070 745  
**Høgd over havet:** 39 m  
**Hovudnaturtype:** Ferskvatn/våtmark  
**Naturtype:** Rike kulturlandskapssjøar  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, ureining  
**Undersøkt/kjelder:** Malme (1971a, 1971b, 1972), Eie (1975), Bloch & Hilmo (1977), Arnekleiv (1993), Gaarder & Stenberg (2003, lok. 22), Bruun (2003)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Langvatnet er det største vatnet i Fræna, med 2,1 km<sup>2</sup>, og var i 1975 på grensa mellom oligotrof og mesotrof (Eie 1975). Det er ein del av Hustadvassdraget. Største djup er minst 17,5 m (Eie 1975). Andre hydrografiske data (Eie 1975): pH=6,7-7,2, K<sub>18</sub>=55-59, Ca=4,5 mg/l, Mg=1,1-1,4 mg/l, Cl=13-15 mg/l, SO<sub>4</sub>=7,5-8,9 mg/l, Na=6,4-7,0 mg/l.

*Vegetasjon:* Langskotvegetasjon (P1), flytebladvegetasjon (P2), krypsivvegetasjon (P3), kortskotvegetasjon (P4).

**Kulturpåverknad:** Vatnet er påverka av kanalisering og regulering av utløpet og vassuttak. Kommunen fekk i 1995 konsesjon frå NVE til å regulera Langvatnet. Badeanlegg ved utløpet. Elles er det laga vegar inntil vatnet særleg i austenden, og vatnet grensar til dyrka mark fleire stader. Det er truleg litt påverka av avrenning.

**Artsfunn:** Viktigast i forvaltningssamanheng er bestandar av elvemusling i deler av vatnet, undersøkt 1992 (Arnekleiv 1993). Elvemuslingen er raudlista i kategori V=sårbar. Bestandsstorleiken er uviss. Langvatnet har regionalt sett ein rik flora. Her veks noko kravfulle og uvanlege sumpplanter som sjøsvivaks og takrøyr. Langskotvegetasjonen er også stadvis godt utvikla, med m.a. regionalt sjeldsynte artar som skjørkrans *Chara delicatula* og hjartetjønna. Vatnet har totalt 5 tjønna-arter. Her kan nemnast artar som dikevasshår, bekkeblom, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, mannasøtgras, mjukt og stivt brasmegras, krypsiv, tjønngras, botnegras, bukkeblad, tusenblad, rustjønna, småtjønna, grastjønna, tjønna, hjartetjønna, gåsemure, evjesoleie, sumpsivaks, mjuksivaks, småsivaks, flotgras, småpiggnopp, myrsauløk, småblærerot, cf. sumpblærerot og kransalgen mattglattkrans *Nitella opaca*. Vatnet har i tillegg verdi for våtmarksfugl og anadrome laksefisk. Av fisk er det registrert aure, laks, røye og trepigga stingsild, men røye er ikkje registrert etter 1992 (Bloch & Hilmo 1977, Arnekleiv 1993, Bruun 2003). Eie (1975) har registrert småkreps, men berre vanlege artar.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig), sidan det finst bestandar av den raudlista elvemuslingen, som også står på Bernkonvensjonens liste III. Elles er det innslag av fleire regionalt sjeldsynte planter m.m. Dette er ein tjønna-sjø med ialt 5 tjønna-arter, og særleg interessant er hjartetjønna og skjørkrans. Det er i tillegg potensiale for fleire interessante artar.

### Skjøtsel og omsyn

For naturverdiane er det særleg viktig å unngå ureining av vatnet, innbefatta auka næringstilgang. Også utfylling av lausmassar er uheldig. Elvemuslingen er freda og må ikkje plukkast. Hustadvassdraget har så store verdiar at det må få eit biologisk overvakingsprogram (Bruun 2003).

## 38 Slepskaret, nordsida (nordvendte kystberg m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-38
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 103-113, 832-839
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 80-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt, skog
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg, gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Bergverksdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Jørgensen (1934), 24.10.1998, GGa, Kristian Hassel & Jarle Holten (Hassel m. fl. 2000)

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten består av ei nordvestvendt fjellside nord for Slepskaret mellom Talstadhesten og Tverrfjellheia, på nordaustsida av kalkbrotet i området. Lia er dels skogkledd, mest med bjørk. Lokaliteten ligg i eit svært fuktig lokalklima og kan klassifiserast dels som nordvendte kystberg (Gaarder m.fl. 2001), dels som gammal lauvskog, oseanisk bjørkutforming.

**Vegetasjon:** Dels oseanisk utforming av bjørkeskog med m.a. storfrytle og blåbær. Litt mosevegetasjon på berg og stein.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er i nedkant avgrensa av vegar og inngrep i samband med kalkbrotet. Sidan kartgrunnlaget var utan desse inngrepa, er avgrensinga litt usikker i nedkant.

**Artsfunn:** Mest kjend i området er den tidlegare førekomsten av torntvibladmose, som vart funnen i Slepskaret 1907-1931, men som ikkje er attfunnen seinare. Dette var inntil 2003 einaste kjende funnet i Skandinavia. Arten er ettersøkt men truleg forsvunnen som følge av kalkutvinninga i området (Hassel m. fl. 2000). Dei fuktkevande og dels sjeldne skorpelavartane gammalgranlav *Lecanactis abietina*, *Artonia vinosa*, *A. leucopellea* og *A. arthonioides* vart funne på bjørk (kjelde: Geir Gaarder). Av mosartar vart det funne m.a. prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* og fjordtvibladmose *Scapania nemorea* (kjelde: Kristian Hassel).

**Verdsetting:** Området vert førebels verdsett til B (viktig) på grunn av at det er skuggefullt og eit oseanisk område med fleire sterkt fuktkevande artar. Lokaliteten har truleg potensiale for meir enn det som er funne, og kan visa seg å ha høgare verdi ved betre undersøkingar.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for fysiske inngrep eller treslagskifte.

## 39 Langvatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor (kalkskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-39
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 079-084 749-753
<b>Høgde over havet:</b>	40-70 m

**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Kalkskog, rik edellauvskog, rikare sumpskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Skogsdrift, bergverksdrift  
**Undersøkt/kjelder:** Malme (1966, 1971a), 27.02., 15.05.2003 og 20.03.2003 (GGa, Ist) (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 17 og 19)

#### Områdeskildring:

*Generelt:* Det avgrensa området ligg ned mot Langvatnet vest og nord for det gamle steinbrotet til Hustad marmor på søraustsida til Langvatnet.

*Vegetasjon:* Kalklågurtskog, bjørkutforming (B2c). I vestenden er det noko hasselkratt (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 17).

*Kulturpåverknad:* Området er påverka av ulike inngrep, ikkje minst drifta til steinbrotet, men og vegar, hytter, kraftliner, litt granplanting og hogst. I tillegg har det vore sprøyta for lauvkratt i kraftlinetråseene.

*Artsfunn:* Karplantefloraen viser tydeleg kalkinnslag, med artar som blåstorr, skavgras, nattfiol (ubestemt art) og gulsildre. Det er også eit edellauvskogselement med artar som myske, sanikel og tannrot i skogen, og kalkrik sumpskog med mykje sumphaukeskjegg og mjødur. Enghumleblom og liljekonvall er lokalt vanlege. Det er utvilsamt potensiale for funn av fleire sjeldsynte og kravfulle artar her. Malme (1966) har i si hovudfagsoppgåve kartlagt floraen detaljert i dette området, men diverre har han vanlegvis nokså grov eller manglande stadfesting. Dei fleste funna ser ut til å vere gjort ovafor steinbrotet (sjå omtale i lok. 20), men nokre planter er tydeleg samla innanfor denne lokaliteten. Dette gjeld m.a. den regionalt svært sjeldsynte slakkstorr, der han skriv; "Denne arten fant jeg ved en bekk på eit kalkrikt område nedenfor Steinbruddet, ca. 70 m o.h. Den fantes ganske rikeleg over en kortere strekning." Arten vart ikkje atfunnen våren 2003, men det kan likevel ikkje utelukkast at han framleis veks her. I hasselområdet i vestre del av lokaliteten vart raudlistearten rustkjuke funnen på ein daud hasselstamme. Ellers var det sparsamt med vanlege artar frå lungenever-samfunnet, med lungenever, grynfilflav, puteglye og vanleg blåfilflav.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan området har litt kalkrik sumpskog og innslag av varmekjære edellauvskogplanter. Det bør vurderast nye undersøkingar her for å avklara verdiar og avgrensing betre.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane å la området får liggje mest muleg i fred og unngå inngrep, inkludert alle former for skogsdrift. Dumping av lausmassar er uheldig. Også grøfting og sprøyting er også uheldig.

## 40 Langvatnet: nordaust for Hustad kalk og marmor (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-40  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 087-089 753-755  
**Høgde over havet:** 50-90 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Skogsdrift, bergverksdrift  
**Undersøkt/kjelder:** 16.09.1982, Sigmund Sivertsen (Jordal 1993), 27.02. og 20.03.2003 (GGa, Ist) (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 16), 01.09.2003, JBJ

#### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten ligg på søraustsida av Langvatnet, og er avgrensa pga. førekomst av hasselkog med mange kravfulle artar.

*Vegetasjon:* Rike kyst-hasselkratt (D2c) med nokså nordvendt eksposisjon og svært fuktig lokalklima med mange krevande lavartar.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten ligg i hjørnet mellom eksisterande kraftline og ei line som går opp til kalkbruddet i Slepskaret. Dei største trea i denne lauvskogen er delvis hogd ut, og i busksjiktet veks ein god del hasselkratt. Det er innslag av planta og forvilla gran.

*Artsfunn:* Raudlistearten gulnande begersopp *Peziza succosa* (DC=omsynskrevande) er funnen i hasselkog her (Jordal 1993), men staden er noko uviss. Karplantefloraen er ikkje spesielt rik. Av mosar førekjem dronningmose *Hookeria lucens* lokalt ganske vanleg. På hasselbuskene er det ein brukbart utvikla lavflora med dei vanlegste artane i lungenever-samfunnet (muslinglav, blåfilflav, kystvrenge, kystfilflav, kystårenever, lungenever), og eitt funn av kystnever på ei osp. Ved MQ 087 753 fann JBJ hassel med mykje kystnever, fertil lungenever, og elles sølvnever, kystfilflav, grynfilflav, glattvrenge, grynvrøng, vanleg blåfilflav og flishinnelav. Av skorpelav førekjem *Thelotrema lepadinum* på fleire hasselkratt, og den potensielle raudlistearten *Pyrenula laevigata* to stader. Leif Malme fann i 1966 skorpefilflav *Fuscopannaria ignobilis* "ved nordenden av Langvatnet", dette kan ha vore her ein stad. Ole Arne Aas har funne skavgras ved MQ 089 756, dvs. om lag i nordkanten av lokaliteten. I tillegg vart den raudlista røtevedmosen røteflak *Calypogeia suecica* påvist på ein morken furulåg. Like vest for lokaliteten var ein dvergspett sett på næringssøk, men det vart ikkje registrert territoriehevdande hakkespettar.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi viktig (B) sidan det vart funne to raudlisteartar. Ein kan ikkje sjå bort frå at betre undersøkingar f.eks. av sopp kan gi enda fleire artsfunn og høgare verdi.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane å la området får liggje mest muleg i fred og unngå inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 41 Talstadhesten: skoglia (kalkskog m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-41
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 075-092, 742-751
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 80-450 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Kalkskog, bjørkeskog med høgstauder, gammal edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1966, 1969, 1971a, 1971b), 15.06.1988, Bjarne Hatle & JBJ, 27.02. og 20.03.2003 (GGa og ISt) (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 18 inngår), 01.09.2003, JBJ, 11.06.2004, Bjarne Hatle, Kirsti Moe Oterhals, Per Håvard Ekli, JBJ

### Områdeskildring:

*Generelt:* Malme (1966) utførte hovudfagsoppgåva si på nordvestsida av Talstadhesten. Han fann i dette området mange sjeldsynte og kravfulle artar, særleg av karplanter, men også nokre moser og lav. Nokre av artane står på den norske raudlista (marisko, bruntelg, låglandskvitkurle). Han avmerka ikkje funna på kart, slik at det er noko uklårt kor dei mest verdifulle områda ligg, samtidig som det har skjedd inngrep i området etterpå. Lokaliteten er relativt grovt avgrensa på kart i målestokk 1:50 000 av Leif Malme 04.08.2004. Den avgrensa lokaliteten er den delen av undersøkingsområdet hans som ligg grovt sagt under skoggrensa (ca. 450 m).

*Vegetasjon:* Oseanisk låglandsutforming av lågurtskog (B1b), kalklågurtskog, bjørkutforming (B2c), høgstaudebjørkeskog, reinroseheiar og baserike engsamfunn i rasutsette område (R3/R4).

*Kulturpåverknad:* Dei avgrensa områda ligg inntil, og er dels påverka av aktivitet i samband med utvinning av kalkstein, m.a. vegar i nordre del av lokaliteten. Tidlegare vedhogst, framleis svak beiting av sau.

*Artsfunn:* M.a. kan følgjande kravfulle planter som Malme (1966, 1969, 1971a) har oppgjeve frå dette området trekkjast fram: marisko (raudlisteart, opptelt til ca. 300 blomstrande planter i 2004), bergstorr (vanleg ned til 200 m), bergveronika (nokså vanleg ned til 240 m), bittersøte (ein lok. på graseng 80 m), blåstorr (vanleg opp til 120-150 m), breiflangre (sjeldsynt opp til 150 m), breiull (spreidd ved bekker opp til skoggrensa), brudespore (vanleg), bruntelg (raudlisteart nokså vanleg opp til 760 m), engmarihand (70 m), fjell-lok (ikkje så sjeldsynt), flekkmure (nokså vanleg), fuglereir (sjeldsynt 250-300 m), grønburkne (vanleg), grønkurle (nokså vanleg), gullstjerne (sjeldsynt til 230 m), hårstorr (vanleg over 70 m), junkerbregne (spreidd til vanleg), klubbstorr (to funn på 290 og 360 m), knerot (vanleg til 230 m), kvitkurle (underart uviss, nokså vanleg på marmor), kystmaigull (spreidd opp til 440 m), lappaugnetrøst (spreidd på marmorgrus 250-500 m), marigras (nokså vanleg til 300 m), myrtevier (ein stad på 300), norsk vintergrøn (spreidd til vanleg på marmor), raggtelg (spreidd opp til 400 m), ramslauk (vanleg opp til 150 m), raudflangre (nokså vanleg), reinrose (vanleg i opne raspåverka område), rukkevier (vanleg ned til 250), sanikel (ganske vanleg opp til 420), skogstorr (urterik bjørkeskog 190 m), skogsvingel (2 lok. 90-150 m), sotstorr (nokså vanleg ned til 150 m), stortviblad (vanleg), svartstorr (vanleg over 100 m), taggbregne (vanleg), tannrot (vanleg opp til 220 m), trillingsiv (vanleg), vill-lin (vanleg), vårerteknapp (opp til 120 m), vårmarihand (nokså vanleg til 450 m). Falkbregne er belagt "under Tangstadhesten" (herifrå?) av E. Fondal 04.07.1954. Harald Aas har funne hjartegras i Langvasslia. Malme (1966, 1969) oppgjev også fleire uvanlege mose- og lavartar (vert ikkje lista her). Følgjande soppartar (dels kalkkrevande) vart funne av JBJ i kalkskog 01.09.2003: stankparasollsopp *Lepiota cristata*, ildrørsopp *Boletus luridus*, kakaoreddiksopp *Hebeloma edurum*, dufttrevlesopp *Inocybe bongardii* og gulnande jordmusserong *Tricholoma sculpturatum* (dei 3 siste bestemt av Tor Erik Brandrud). Trevlesoppen *Inocybe tricolor* vart funnen her for første gong i Noreg 01.09.2003, bestemt av den finske mykologen Ilkka Kytövuori i fersk tilstand 05.09.2003 under den nordiske soppkongressen i Sverige (herb. O, står på den svenske raudlista). Pokalmorkel *Helvella acetabulum* vart funnen på kalkrik grus fleire stader. Av spesiell interesse er ei forgreina og ganske gammal alm ved MQ 0776 7447 (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 18). På denne vart det funne ein del lavartar, deriblant den sjeldne skorpelaven *Gyalecta geoica* og raudlistekandidaten *Opegrapha vermicifera*, og eit par andre ubestemte skorpelav som og kan vera interessante. I tillegg førekom fleire artar frå lungenever-samfunnet (sølvnever, lungenever, kystårenever, grynfilltav, muslinglav) og på ei rogn vaks den regionalt uvanlege og kravfulle arten rund porelav sparsamt.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi svært viktig (A) fordi det er velutvikla og artsrik kalkskog (ein av dei mest interessante i fylket), og fordi fleire sjeldsynte og raudlista planteartar er funne, m.a. den regionalt svært sjeldsynte orkideen marisko. Også sjeldne sopp- og lavartar er funne.

### Skjøtsel og omsyn



Det beste for naturverdiane er dersom området får liggje mest muleg i fred utan fleire inngrep, inkludert alle former for skogsdrift. Marisko er totalfreda i medhald av Bernkonvensjonen og må ikkje plukkast eller takast opp med rot.

## 42 Talstadhesten: vest for Slepškaret (kalkrike område i fjellet)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-42
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 084-099, 740-749
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 450-900 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1966, 1969, 1971a, 1971b), Gaarder & Stenberg (2003, lok. 20 m.m.), 01.09.2003, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Malme (1966) utførte hovudfagsoppgåva si på nordvestsida av Talstadhesten. Han fann i dette området mange sjeldsynte og kravfulle artar, særleg av karplanter, men også mosar og lav. Lokaliteten er relativt grovt avgrensa på kart i målestokk 1:50 000 av Leif Malme 04.08.2004. Det avgrensa området er grovt sett den delen av undersøkingsområdet hans som ligg over skoggrensa. Avgrensinga rundt sjølve Slepškaret er grov, m.a. fordi kartgrunnlaget er gammalt og ikkje viser dei nyare inngrepa.

**Vegetasjon:** Stort sett reinroseheiar (R3/R4).

**Kulturpåverknad:** Dei avgrensa områda ligg stort sett ovanfor (høgare enn) områda som er påverka av aktivitet i samband med utvinning av kalkstein, men er dels påverka rundt Slepškaret.

**Artsfunn:** M.a. kan følgjande kravfulle planter som Malme (1966, 1969) har oppgjeve frå dette området trekkjast fram: grønburkne (vanleg), svartstorr (vanleg), sotstorr (nokså vanleg ned til 150 m), tranestorr (spreidd over skoggrensa), hårstorr (vanleg), fjellstorr (600-650 m), bergstorr (vanleg), fjellrapp (spreidd), grønkurle (nokså vanleg), fjell-lok (spreidd til 650 m), fjellpryd (sjeldan 540 og 750 m), reinrose (vanleg), bruntelg (nokså vanleg opp til 760 m), lappaugnetrøst (sjeldsynt, ein stad på 500 m), tuvesildre (to stader på 700 m), snøsildre (spreidd over 600 m), bergveronika (vanleg), trillingsiv (vanleg), taggbregne (vanleg), flekkmure (nokså vanleg), myrtevier (ein stad på 500 m), rukkevier (vanleg). Malme (1966, 1969) oppgjev også fleire uvanlege moseartar (vert ikkje lista her). Soppfunn av JBJ i reinrosehei/kalkrik eng 01.09.2003 i posisjon MQ 093 748: *Entoloma exile* (DC), *E. pratulense* (R), fiolett raudskivesopp *E. mougeotii* (R), tjøreraudskivesopp *E. poliopus*.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi svært viktig (A) fordi han har store areal med velutvikla reinrosehei, og fleire sjeldsynte planteartar er funne, dessutan fleire raudlista og sjeldne, kalkkrevande soppartar.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er truleg at området stort sett får liggje i fred, men gjerne med noko ekstensivt beite.

## 43 Støttelva (frå Langvatnet, viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-43
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 088, 763-766
<b>Høgde over havet:</b>	38-37 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, vassuttak, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Aas (1999), Bruun (2003)

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er ein del av Hustadvassdraget. Støttelva startar i Langvatnet og renn ut i Frelsvatnet. Den delen av elva som ligg nord for riksvegen er ein del av naturreservatet i Frelsvatnet.

**Vegetasjon:** Dei mest stilleflytande delene av elva har litt langskotvegetasjon.

**Kulturpåverknad:** Vassuttak i Langvatnet, avrenning frå landbruket. Den delen av elva som ligg sør foppr riksvegen, er kanalisert. Etter at Fræna kommune i 1995 fekk konsesjon av NVE til å regulera Langvatnet har Støttelva hatt ei konsesjonsbetinga minstevassføring på 165 l/sek., dvs. litt i underkant av alminneleg lågvassføring. Elles er det pålagt 8 lokkeflommar i juli-august på inntil 500 l/sekund som skal vara eitt døgn (Asplan VIAK 2002).

**Artsfunn:** Lokaliteten er svært viktig for elvemusling. Aas (1999) fann opp til 120 skjel/m<sup>2</sup>, medan Bruun (2003) fann opp til 200 skjel/m<sup>2</sup>. Dette gjev totalt ein stor og viktig bestand. I Hustadvassdraget er bestanden taksert til meir enn 6,5 millionar (Bruun 2003), den største og viktigaste bestanden i fylket så vidt underteikna kjenner til, og truleg ein av dei største i landet.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten har store bestandar av den raudlista elvemuslingen, som også står på Bernkonvensjonens liste III.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå forureining og fysiske inngrep. Det er viktig at vassføringa er tilstrekkeleg for elvemuslingane. Elvemuslingen er freda og må ikkje plukkast. Hustadvassdraget har så store verdiar at det må få eit biologisk overvakingsprogram (Bruun 2003).

## 44 Hustadvassdraget naturreservat: Frelsvatnet (rike kulturlandskapssjøar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-44
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 08-09, 76-77
<b>Høgde over havet:</b>	37 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapssjøar
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (verna 27.05.88)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1971b, 1972), Fylkesmannen i MR (1982), Naturbasenummer: del av 154800100

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten omfattar Frelsvatnet som er ein del av Hustadvassdraget naturreservat. Hekke og beiteplass i trekktida for våtmarksfugl. Ender, vade- fugl, songsvaner og eit stort tal småfugl karakteriserer fuglefaunaen.

*Vegetasjon:* Vegetasjonsrik del av vassdraget med takrør, sjøsvaks og oreskogar. Elles kransa av myr, hei og dyrka mark. Inntil verneområdet vest for Frelsvatnet ligg eit nedbørsmyrparti.

*Kulturpåverknad:* Noko redusert vassføring som følgje av vassuttak lenger opp i vassdraget. Grensar til vegar og dyrka mark. Ved sørenden av vatnet kryssar ei kraftline.

*Artsfunn:* Vassplanter (Malme 1971b, 1972): kransalgearten mattglattkrans *Nitella opaca*, dikevasshår, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, mjukt brasmegras, krypsiv, tjønngras, botnegras, bukkeblad, tusenblad, takrøyr, rusttjønnaks, småtjønnaks, grastjønnaks, tjønnaks, hjartetjønnaks, kysttjønnaks, evjesoleie, sjøsvaks, sumpsivaks, flotgras, myrsauløk, sumpblærerot.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein artsrik innsjø med heile 5 tjønnaksartar og fleire regionalt sjeldne planter og vegetasjonstypar, og dessutan er det ein del av det viktigaste elvemuslingvassdraget i fylket. Verdien som viltlokalitet kjem i tillegg til dette.

#### Skjøtsel og omsyn

Aktivitetar er regulert av verneforskriftene. Hustadvassdraget har så store verdiar at det må få eit biologisk overvakingsprogram (Bruun 2003).

## 45 Hustadvassdraget naturreservat: Hustadelva, sørlege del (viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-45
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 065 788 – 083 775
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 30-37 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark, myr
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag, intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (verna 27.05.88)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Fylkesmannen i MR (1982), Folkestad (1973a), Aas (1999), Bruun (2003), Naturbasenummer: del av 154800100

#### Områdeskildring

*Generelt:* Ca 3 km lang del av Hustadvassdraget frå Frelsvatnet og nordover som utgjer den delen av Hustadvassdraget naturreservat som ligg nord for Frelsvatnet. Svært viktig elvemuslinglokalitet. Hekke og beiteplass i trekktida for våtmarksfugl. Ender, vadefugl og eit stort tal småfugl karakteriserer fuglefaunaen. Ein god bestand av smålaks og sjøaure gjer området ettertrakta til sportsfiske.

*Vegetasjon:* Vegetasjonsrik del av vassdraget med takrør, sjøsvaks og oreskogar. Elles kransa av myr, hei og dyrka mark. Inntil verneområdet vest for Frelsvatnet ligg eit nedbørsmyrparti.

*Kulturpåverknad:* Grensar til fleire dyrkingsområde. Fiske i elva.

*Artsfunn:* Viktigast er førekomst av raudlistearten elvemusling, med tette bestandar, med 111 skjel/m<sup>2</sup> som eit gjennomsnitt for dei ikkje kanaliserte delene av vassdraget (Bruun 2003). Totalt har Hustadelva rundt 6,5 millionar individ av elvemusling og er dermed den viktigaste elvemuslingbestanden i fylket og ein av dei viktigaste i landet. I Hustadelva nær Frelsvatnet har Leif Malme funne soleinøkkeroser. A.O.Folkestad har notert sjøsvivaks.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit intakt elvesystem med store bestandar av raudlistearten elvemusling og generelt god artsriksdom av mange organismegrupper. Elvemuslingen står også på Bernkonvensjonens liste III.

#### **Skjøtsel og omsyn**

I reservatet gjeld eigne forskrifter. Ein bør unngå alle aktivitetar oppstrøms i vassdraget som skadar elvemuslingane, som redusert vassføring, forureining/begroing, graving og slamtransport m.m. Elvemuslingen er freda og må ikkje plukkast. Hustadvassdraget har så store verdiar at det må få eit biologisk overvakingsprogram (Bruun 2003).

## **46 Vest for Frelsvatnet (myr)**

**Lokalitetsnummer:** 1548-46  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 07-08, 77-78  
**Høgd over havet:** 40 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 24.06.1975, AM (Moen 1984)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg på strandflatene mot nordvest for Frelsvatnet, og grensar til Hustadvassdraget naturreservat. Hovudsakeleg nedbørsmyr (ombrotrof) myr med svak kvelving klassifisert som høgmyr og planmyr.

*Vegetasjon:* Ombrotrof tuvevegetasjon dekkjer meir enn 80% av myrane.

*Kulturpåverknad:* Veggen langs Raudtua passerer i vestkant av myra, grøfting og dyrkingsfelt i nordvestre del har redusert lokaliteten.

*Artsfunn:* Døme på planter: heiblåfjør, særbustorr, usikker nordlandsstorr, loppestorr, grønstorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit myrområde med innslag av atlantisk høgmyr.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## **47 Hustadvassdraget: ved Skjentjønna (låglandsmyr)**

**Lokalitetsnummer:** 1548-47  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 051-056 803-808  
**Høgd over havet:** ca. 25 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Intakt låglandsmyr, intakt høgmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 06.08.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er eit myrområde som ligg inntil Hustadelva ved Skjentjønna rundt 3 km søraust for Hustad. Myra er groverodert med 0,5-1 meter høge tuver med heigråmose, dvergbjørk og røsslyng. Mellom tuvane er det artsfattig lagg.

*Vegetasjon:* Dominert av ombrotrof tuvemyr, dessutan fattigmyr. I Skjentjønna er vassplantefloraen ikkje undersøkt, men ho ser næringsfattig ut.

*Kulturpåverknad:* Det er drenert og dyrka inntil lokaliteten i sør og vest-nordvest. Hustadelva vart seinka og kanalisert forbi lokaliteten på 1980-talet.

*Artsfunn:* Planter: m.a. kvitmyrak.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er innslag av oseanisk høgmyr (nedbørsmyr).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 48 Hustadelva, nordlege del (viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-48
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 038 824 – 065 788
<b>Høgd over havet:</b>	0-ca. 30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Folkestad (1973a), Aas (1999), Bruun (2003)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten omfattar nedre del av Hustad vassdraget, frå reservatet ved Frelsvatnet omtrent til utløpet ved flomålet på Hustad. Elvemusling er funne ned til eit par hundre meter frå utløpet i sjøen (Bruun 2003).

*Vegetasjon:* Det er over lange strekningar lite vegetasjon i sjølve elva. Somme stader er det litt flyteblad- og langskotvegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Mellom Åsheim (ca. 1,5 km frå sjøen) og naturreservatet ved Frelsvatnet vart elva kanalisert og seinka på 1980-talet i ei strekning på om lag 3,5 km (Bruun 2003). Dette har truleg redusert elvemuslingbestanden. Elva er utsett for avrenning frå landbruket.

*Artsfunn:* Elvemusling finst i elva i store bestandar ifølgje Aas (1999) og Bruun (2003). Bestandane er i dei uregulerte partia taksert til 111 muslingar pr. m<sup>2</sup> (opp til 276 skjel pr. m<sup>2</sup>) og i dei kanaliserte til 4 muslingar pr. m<sup>2</sup>.

Totalbestanden er i heile Hustadvassdraget taksert til 6,5 millionar individ, noko som truleg er ein av dei største bestandane i landet (Bruun 2003). I/omkring elveutløpet er det også funne m.a. kjeldegras og blåstorr (Holten 1986b).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten har svært store bestandar av den raudlista elvemuslingen, som også står på Bernkonvensjonens liste III.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå forureining og fysiske inngrep. Elvemusling toler lite av masseuttak/stofftransport og nedslamming, og han krev ei viss minstevassføring. Like eins toler han lite forureining i form av næring som fører til begroing av m.a. algar. Elvemuslingen er freda og må ikkje plukkast. Hustadvassdraget har så store verdiar at det må få eit biologisk overvåkingsprogram (Bruun 2003).

## 49 Tverrfjellia (nordvendte berg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-49
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 1082-1101, 7578-7585
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 200-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.10.2003, Kristian Hassel, Karl Johan Grimstad, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Nordvendt lauvskogsli med rasmark og berg ovanfor sør for garden Tverrfjell, i nordhellinga av fjellet Tverrfjell. Mange typiske planter, lav og mosar for nordvendte kystberg (oseanisk, fuktig klima). Det er avgrensa eit noko større område enn det som er undersøkt, ut frå vurdert potensiale for oseaniske mosar m.m.

*Vegetasjon:* Oseaniske bjørkeskogar nedst, elles rasmark og berg.

*Kulturpåverknad:* Innslag av planta bartre somme stader i nedre del.

*Artsfunn:* Interessante planter: raudsildre, gulsildre, fjellmarikåpe, fjellsmelle, fjellsyre, bergfrue, fjelltistel, svartstorr, enghumbleblom, dvergjamne, blå rapp og kystmaigull. Interessante mosar, dels knytt til nordvendte og fuktige kystmiljø: tråddraugmose *Anastrophyllum minutum* var. *weberi*, småstylte *Bazzania tricrenata*, rødmesigmose *Blindia acuta*, kammose *Ctenidium molluscum*, vengemose *Douinia ovata*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, glansperlemose *Lejeunea cavifolia*, kystband *Metzgeria conjugata*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, spriketormose *Sphagnum squarrosum*, storhoggtann *Tritomaria quinquedentata*. Mest interessant av desse var prakttvibladmosen, som er eit av dei nordlegaste funna i Noreg (nordgrense under Raudtua). *Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av ein middels velutvikla lokalitet med oseaniske mosar, mellom desse den kravfulle prakttvibladmose som her er nær nordgrensa.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå granplanting og andre inngrep opp mot bergveggane.

## 50 Tverrfjell: Stormyra (intakt låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-50
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 120 770
<b>Høgd over havet:</b>	35 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Grøfting, skogplanting
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.02.2003 GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 15)

### Områdeskildring

*Generelt:* Hovudsakeleg er dette ei fattig planmyr, truleg med parti av intermediær myr, særleg i kantsonene. Ein tilsynelatande intakt bekk/lita elv som er svakt meandrerande renn gjennom myra. Langs bekkkantene er det ei smalsone med middelaldrande bjørk- og oreskog.

*Vegetasjon:* Dominert av fattig og intermediær fastmattemyr.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar i aust mot myr som er grøfta og tilplanta, og til tilplanta og delvis grøfta myrparti i nordvest.

*Artsfunn:* Ingen spesielle artar er påvist innanfor lokaliteten.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C), sidan lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane å la området få liggje mest muleg i fred og unngå inngrep, og særleg grøfting og skogplanting er uheldig.

## 51 Tverrfjell: nord for Stormyra (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-51
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 1207-1219 7724-7732
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 60-80 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, skogsdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.03.1998, GGa, 09.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* På sørsida av vegen frå Tverrfjell til Eide, like ved kommunegrensa, er det eit belte med rike hasselkratt ned mot Stormyra. Lokaliteten er noko oppsplitta av granplantefelt. Data er mottekne av G. Gaarder. Truleg finst noko meir hasselskogareal vestover enn det som er avgrensa, men data om avgrensing er for dårlege.

*Vegetasjon:* Det er truleg mest lågurtvegetasjon i området.

*Kulturpåverknad:* Området har nok vore beita før. Viktigaste kulturpåverknad er utnytting av skogen. Sjølv om det nok har vore ein del uttak av skog tidlegare, er det no lokalt innslag av gamle og dels daude ospetre. I tillegg er hasselkratta nokså store og gamle, med ein del daude stammer. Fleire middelaldrande granplantefelt splittar opp lokaliteten.

*Artsfunn:* Det er i første rekkje lavfloraen som verkar interessant, sjølv om lokaliteten også bør ha potensiale for t.d. marklevande sopp knytt til rike hasselkratt. Dei sjeldne skorpelavane *Thelotrema suecicum* og *Pyrenula laevigata* (aktuell raudlistekandidat) veks på hasselstammene. I tillegg finst dei vanlege artane frå lungenever-samfunnet, m.a. lungenever, vanleg blåfiltlav, glattvrenge og stiftfiltlav. I 2004 vart det av planter funne m.a. enghumleblom, jonsokkoll, kranskonvall, kratthumleblom, krossved, kusymre, myske og nattfiol.

*Verdsetting:* Området får verdi B (viktig) sidan dette er ganske store og velutvikla rike hasselkratt, m.a. med funn av ein aktuell art for den nasjonale raudlista.

### Skjøtsel og omsyn

Planta gran bør fjernast før ho spreier seg meir i lokaliteten. Ein bør unngå hogst av hassel og osp.

## 52 Stordalen (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-52
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 125 758
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 200-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt

**Naturtype:** Nordvendte kystberg  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 15.03.2003, GGa

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i Stordalen på nordsida av Sandnestindan, aust for Tverrfjell og nær grensa til Eide. Området har kvalitetar knytt til nordvendte kystberg, med artar som er sterkt oseaniske (kystbundne) og fuktkevande. Data er motteke frå G. Gaarder, Miljøfaglig utredning.

*Vegetasjon:* Bergvegger av hinnebregneutforming.

*Kulturpåverknad:* Ingen ut over streifbeiting av sau.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. hinnebregne, som er ein svært fuktkevande, oseanisk plante som og står på raudlista (V).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten inneheld raudlistearten hinnebregne, og truleg har potensiale for fleire artar med tilsvarende krav.

#### Skjøtsel og omsyn

Truleg ingen spesielle, sidan lokaliteten ligg nokså avsides.

## 53 Melen (kalkrike område i fjellet)

**Lokalitetsnummer:** 1548-53  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 105-108, 809-811  
**Høgd over havet:** ca. 620-720 m  
**Hovudnaturtype:** Fjell  
**Naturtype:** Kalkrike område i fjellet  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 27.06.1990, Jarle Inge Holten (pers. medd. 2003), Hans Erik Wold (pers. medd.)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i sørhellinga nær toppen av fjellet Melen, og består av eit område med baserik berggrunn. Mykje av lokaliteten ligg i Fræna, men den austlege delen ligg i Eide.

*Vegetasjon:* Reinrosehei (R3c) med mykje reinrose.

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Utanom reinrose har ein lite data.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit baserikt område med reinrosehei, men relativt få andre artar. Reinrose er generelt uvanleg så nær kysten.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 54 Knoklia ved Frænabu (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-54  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 097 795  
**Høgd over havet:** ca. 50-260 m  
**Hovudnaturtype:** Skog, rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 11.06.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei bratt sør- til sørvestvendt li rett aust for Frænabu ved Hostadvatnet, i vesthellinga under Knoken. Lokaliteten er relativt liten.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5), kysthasselkratt (D2c), storbregnebjørkeskog (C1b), berg- og rasmarksvegetasjon. Av treslag vart det notert alm, dunbjørk, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. I lifoten vaks og litt svartor.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast breiflangre, brunrot, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kratthumbleblom, krossved, kusymre, liljekonvall, loppestorr, lundgrønaks, lundrapp, myske, myskegras, nyresoleie, rosenrot, sanikel, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne. Av mosar vart det funne kystband *Metzgeria conjugata* (bestemt

av K. Hassel, NTNU). Av fugl med tilhald i hekketida vart det notert lauvsongar, raudstrupe, gulsongar, gauk, gransongar og spettmeis.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrik edellauvskog med alm og hassel. Lokaliteten har truleg potensiale for sjeldne soppar knytt til hasselskog.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er ønskjeleg at lokaliteten får liggja mest muleg i fred.

## 55 Hostad (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-55
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 090-093, 805-810
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 80-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.09.2003, 24.09.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Vestvendt lauvskogsli med varmekjær vegetasjon under Melen, frå Hostaddalen og nordover.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt (D2c) og oseaniske bjørkeskogar med innslag av osp, alm, hegg, selje og gråor. Alm opp til 40 cm i stammediameter utan hjorteegnag, men småskott av alm er dels avbeitt og avborka. Litt svartor i nedre deler av lia.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag, tidlegare beiting, m.a. spor av gjerde fleire stader.

*Artsfunn:* Planter: bergfrue, breiflangre, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kratthumleblom, krattlodnegras, krossved, kusymre, kystmaigull (MQ 0883 8103), liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, myske, sanikel, skogkarse, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne, svarterteknapp, svartor, trollbær og turt. Interessante soppar: raudlistearten grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC) vart funnen ved MQ 0918 8058, elles kvit køllesopp *Clavaria falcata*, hasselriske og liten vokssopp *Hygrocybe insipida*. Av fugl vart det m.a. observert spettmeis.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei middels utvikla edellauvskogsli med mange varmekjære planter og ein raudlista soppart i låg kategori.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

## 56 Hostad-Farstad: søraust for Orheim (kjelde og kjeldebekk)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-56
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0875 8125
<b>Høgd over havet:</b>	40-60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Kjelde og kildebekk
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.06.2003, GGa (Melby & Gaarder 2002)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Eit fuktig parti med tendensar til myr og små kjelder rett på oversida av veggen like sør for Orheim, ved foten av fjellmassivet til Melen. Data er motteke frå G. Gaarder, Miljøfaglig utredning.

*Vegetasjon:* Innslag av arter typisk for rike myrsamfunn og kjelder. Låglandskjelder er ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

*Kulturpåverknad:* Dels vert området beita, dels ligg det utan påverknad. Truleg har det tidlegare vore gravd litt i hovudløpet til bekkesiga.

*Artsfunn:* Registrerte artar var engstorr, gulsildre, heifrytle, kornstorr, bjønnbrodd, svarttøpp, særbustorr, gulstorr, dvergjamne, sumphaukeskjegg, og nokre små svartortre i øverkant.

*Verdsetting:* Området får verdi B (viktig) på grunn av ingen spesielt sjeldsynte og kravfulle artar vart funne, men naturtypen er sjeldsynt og truga.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste vil vere å la miljøet få ligge mest mogeleg i fred. Grøfting og tekniske inngrep vil vera uheldig.

## 57 Hostad-Farstad: søraust for Orheim (sørvendt berg og rasmark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-57
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 088-092 813-816
<b>Høgd over havet:</b>	80-ca. 250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.06.2003, GGa (Melby & Gaarder 2002)

### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvestvendt raskjegle og berghamrar på vestsida av Melen. Arealet med opne rasmarksenger her er uvanleg stort til å vere så langt ut mot havet. Data er motteke frå G. Gaarder, Miljøfaglig utredning.

*Vegetasjon:* Ein relativt rik flora av fjellplanter, mange kalkkrevande, pregar floraen. Det er i tillegg innslag av einskilde artar knytt til varmekjær lauvskog og engsamfunn i låglendet.

*Kulturpåverknad:* Det har helst vore noko slått her tidlegare, men i nyare tid er det mest husdyrbeite.

*Artsfunn:* Registrerte fjellplanter var gulsildre, hårstorr, raudsildre, fjellsmelle, aksfrytle, fjellsyre, kjeldemjølke, flekkmure, rundskolm, bergveronika, svarttopp, fjellarve, rukkevier, bjønnbrodd, bergstorr og fjellbakkestjerne. Av andre artar kan nemnast vill-lin, myske, strandsmelle, storblåfjør, dvergjamne, blåstorr, loppestorr, vårmarihand, kystmaigull, gulstorr, bergskrinneblom, brudespore, kattedot, jåblom, raudknapp, lundgrønaks og kransmynte. Fleire av fjellplantane er sjeldne i regionen og på ytre delar av Romsdalshalvøya elles berre kjent frå Talstadhesten-Sandnestindane.

*Verdsetting:* Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei rasmark med ein relativt rik flora og fleire regionalt uvanlege artar.

### Skjøtsel og omsyn

Kombinasjonen snøras og beiting er truleg den historiske bakgrunnen for den rike engfloraen på lokaliteten. Det er derfor ønskeleg med eit ekstensivt husdyrbeite.

## 58 Hostad-Farstad: ved Orheim (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-58
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 087-090, 819-822
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 80-240 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.09.2004, JBJ (avstandsbetrakta)

### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvestvendt lauvskogsli med varmekjær vegetasjon ved Orheim sør for Rødalsdalen.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt (D2c) og oseaniske bjørkeskogar med innslag av alm og gråor. Treslaga er bestemt på avstand med kikkert.

*Kulturpåverknad:* Truleg tidlegare beiting, dårlege data.

*Artsfunn:* Ikkje undersøkt.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det frå avstand ser ut til å vera ei middels utvikla edellauvskogsli med potensiale for varmekjære planter slik som dei omliggjande lokalitetane.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred. Ein bør unngå treslagskifte.

## 59 Farstad: Rødal (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-59
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 075-083, 827-837
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 50-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)



**Mulege truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 08.08.1948, R. Nordhagen, 05.07.1954, O. Gjærevoll (TRH), 14.06.1988, O.A. Bugge & JBJ (Bugge 1993, lok. 116), 15.06.2002, GGa, (Melby & Gaarder 2002), Naturbasenummer (deler av lok.): 154813309

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er ein større lokalitet av edellausvog i ei sørvestvendt lausvogskogli under Stemshesten. Lokaliteten ligg som ei smal stripe mellom dyrket mark og dei bratte fjellsidene til Stemshesten. Sørvendt rasmarker og berghamrar inngår også i lokaliteten.

*Vegetasjon:* Hassel dominerer stadvis med innslag av bjørk, rogn, hegg og svartor.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Det er dels planta inn litt gran i nedkant, lokalt er det i sør også planta gran oppe i lausvogskoglia dei siste par åra.

*Artsfunn:* Dei raudlista lavartane skorpefittlav *Fuscopannaria ignobilis* (MQ 0775 8329) og kastanjelav *Fuscopannaria sampaiana* (MQ 0764 8335 og MQ 075 837) vart funne av G. Gaarder i 2002. Særleg interessant er også funn av blankstorkenebb og gode bestandar av kystmaigull. Interessante artar elles i 1988: sanikel, svarterteknapp, trollbær, storklokke, firblad, myske, kratthumleblom, nyresoleie, kusymre og vårmarihand. Undersøkingar 15.06.2002 av Geir Gaarder: funn av planter som blåstorr, fjellsmelle, lundgrønaks, murburkne, loppestorr, kransmynte, sanikel, kratthumleblom, blankburkne og taggbregne. I rasmark ved MQ 079 831 fann G. Gaarder prikkperikum, gjeldkarve, rundskolm, svarterteknapp, raudknapp, gulmaure, tårnurt, strandsmelle, mørkkonglys, vill-lauk, raudsildre, bergskrinneblom, vill-lin, flekkmyre, bergveronika, dunhavre, fjellsmelle, gulsildre, loppestorr, svarttopp, brudespore og gulstorr. I tillegg ved MQ 0752 8368 funn av fuglereir og breiflangre, og MQ 076 833 svarterteknapp, blankstorkenebb og kjempesvingel. Nordhagen har samla stortviblad, kusymre og kystmaigull i hasselkratt opp for Rødal, og blåstorr og blankburkne opp for Farstad (herb. O). O. Gjærevoll har funne laukurt og dunhavre i "Stemshesten, i sørberg", dette kan ha vore her ein stad. I og utanfor austkanten av lokaliteten ca. MQ 083 826 til MQ 085 830 ved 400 m (WGS) har Jarle I. Holten funne mykje kystmaigull til ca. 400 m o.h.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla edellausvog og berg/rasmark med ei rekkje varmekrevande og kravfulle artar og to raudlista lavartar. Dette er truleg ein av dei mest artsrike edellausvogskoglokalitetane i distriktet.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred. Treslagskifte bør ikkje gjennomførast. Unge granplantefelt i kantane av lokaliteten bør fjernast før trea får veksa opp.

## 60 Hostadvatnet naturreservat (rike kulturlandskapssjøar)

**Lokalitetsnummer:** 1548-60  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 08-09, 78-80  
**Høgde over havet:** 28-30 m  
**Hovudnaturtype:** Ferskvatn/våtmark, skog  
**Naturtype:** Rike kulturlandskapssjøar, rikare sumpskog  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende (Verna som våtmarksreservat 27.05.88)  
**Undersøkt/kjelder:** Killingbergtrø (1966), Malme (1971b, 1972), Tornes (1974), Folkestad (1977), Fremstad (1983), Eide (1987), Skulberg (1981, 1995), Naturbasenummer: 154801600

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein del av Farstadelva sitt vassdrag, og ligg nokre km sør for Farstad. Det er eit større grunt vatn omkransa av dyrka mark. Raste og hekkeplass for våtmarksfugl. 14 andefuglartar (opp til 335 individ samstundes), kravfulle artar som horndykkar, vassrikse, åkerrikse, hekkande sivsongar og blåstrupe, på trekk inntil 1000 brushøns og store mengder heilo, vipe og enkeltbekkasin. Rik bestand av smålaks og sjøaure.

*Vegetasjon:* Strand- og sumpvegetasjon med m.a. svartor og takrøyr. Elles langskog, flyteblad- og kortskotvegetasjon. Av særleg interesse er heile 5 tjønnaks-artar, inkludert hjartetjønna, som er nokså sjeldan i fylket.

*Kulturpåverknad:* Vatnet har vore seinka omlag 1-1,5 m for å vinna jordbruksland i 1957, og utløpsbekken vart utgroven og kanalisert dei første 200 m frå utløpet. Grensar til veg og dyrka mark. Noko avrenning. Nærings salt og klorofyllinnhald i Hostadvatnet viser at vatnet er næringsrikt. I 1994 vart vatnet overvåka i samband med kartlegging av blågrønalgesituasjonen i fylket (Skulberg 1995). Resultata frå denne undersøkinga tyder på at det ikkje var spesiell fare for masseoppblomstring av blågrønalgar i Hostadvatnet. Deler av fuktengene langs vatnet vert beita.

*Artsfunn:* I svartorskogen finn ein turt, skogsvinerot, ramslauk, myrhatt, grøftesoleie, skogvikke, skogburkne, krossved, smørtelg. I sjølve vatnet er det registrert ei rekkje artar. Av planter m.m. kan nemnast kransalgearten mattglattkrans *Nitella opaca*, kjølelvemose *Fontinalis antipyretica*, dikevasshår, bekkeblom, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, breiull, mannosotgras, sverdlilje, stivt og mjukt brasmegras, krypsiv, botnegras, gulldusk, bukkeblad, tusenblad, takrøyr, rusttjønna, småtjønna, grastjønna, tjønna, hjartetjønna, grøftesoleie, evjesoleie, sjøsvaks, flotgras,

kjempepiggnopp, myrsauløk, cf. sumpblærerot. Av fisk kan nemmast laks, røye, stingsild, aure og ål (Tornes 1974, Eide 1987).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein kulturlandskapssjø med godt utvikla sump- og langskogvegetasjon med mange tjønnaksartar, funn av fleire regionalt sjeldne vassplanter i sjølve vatnet, og i tillegg eit større (og fleire mindre) parti med svartorsumpskog.

#### Skjøtsel og omsyn

Dette vert regulert av verneforskriftene. Ekstensivt beite er ikkje til skade for dei registrerte verdiane.

## 61 Farstadelva (viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-61
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 068-079, 817-839
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 4-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag/meandrerande elv
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining, innførte artar (spansk kjærvel)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Eide (2000), Melby & Gaarder (2002), Naturbasenummer: 154800600

#### Områdeskildring

*Generelt:* Farstadvassdraget startar i Hostadvatnet og renn ut ved Farstad, eit sterkt meandrerande vassdrag.

*Vegetasjon:* Noko svartorskog og gråor langs elva. Den dominerande vegetasjonen langs elva, frå Hostadvatnet og nordover, er no stadvis spansk kjærvel, som vert rekna som eit alvorleg problem av grunneigarane, ved at rotsystemet til planta sprenger ut elvebredden og fremjar erosjon (kjelde: Knut Kvalvågnes).

*Kulturpåverknad:* Elva har i lengre tid vore utsett for avrenning frå landbruket. Farstadelva vart karakterisert ved tilstanden "Mindre god/Dårleg" i 1996. (Relling & Otnes 2000). Nyare undersøkingar viser at situasjonen ikkje er betra, og at vatnet i Farstadelva er så dårlig at det ikke tilfredsstillar krava til badevatn (notat Fræna kommune 21.05.2002, "Badevasskvalitet gjennom sesongen 2001"). Seinking av elva ved Hostadvatnet har truleg ført til langvarig slamtransport og er truleg ei av årsakene til at elvemuslingane er forsvunne. Spansk kjærvel er ein innført art som først vart planta i ein hage på Farstad i 1921-22 (kjelde: Knut Kvalvågnes). Ukontrollert spreiding av innførte artar er i strid med Biodiversitetskonvensjonen.

*Artsfunn:* Elvemusling har vore i elva tidlegare (ifølgje spørjeskjema innsendt frå kommunen på 1980-talet), men er no forsvunnen (kjelde: Knut Kvalvågnes). Svartor veks fleire stader. Kjempepiggnopp vart funne av Nordhagen "i elven ved Farstad" i 1948 (herb. O). A.O. Folkestad skal ha funne stautpiggnopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten er nokså kulturpåverka, og truleg ikkje tilfredsstillar kriterier til B, men er likevel eit av dei mest utprega meandrerande vassdraga i kommunen.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå forureining og fysiske inngrep. Spreiinga av spansk kjærvel er eit eksempel på ein innført art som spreier seg ukontrollert. Det er vanskeleg å sjå korleis ein kan skaffa seg kontroll over denne arten.

## 62 Raudtua: aust for Svarthamrane (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-62
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 067-069 779-780
<b>Høgde over havet:</b>	100-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt, skog
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg, gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.10.2003, GGa

#### Områdeskildring

*Generelt:* Austvendt skogslå på austsida av Raudtua med mykje berghamre og små rasfar. Til dels noko glissen skog. Data er motteke frå G. Gaarder, Miljøfaglig utredning.

*Vegetasjon:* Det er ein mosaikk med fattigare blåbærskog og meir rik storbregne- og høgstaudevegetasjon her, og ein del plantesamfunn knytt til berghamrane.

*Kulturpåverknad:* I dag har lokaliteten eit preg av å vera lite påverka.

*Artsfunn:* Området er mangelfullt undersøkt. Av størst interesse er funn av dei kystbundne (oseaniske) artane hinnebregne (raudlista) og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*. Hinnebregna vart funne svært sparsamt på ein liten berghammar lengst ned i lia, medan prakttvibladmosen vaks sparsamt på større berghamrar i øvre del av

lokaliteten. For sistnemnde er dette truleg nordlegaste kjente lokaliteten i landet, medan hinnebregne har rundt 10 kjente funnstader lengre nord. Truleg bør det finnast fleire kravfulle karplanter og mosar typiske for fuktige, kystnære berghamrar her.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten inneheld eit par regionalt sjeldsynte og kravfulle arter og har potensiale for fleire slike.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste vil vere å la området få ligge i fred for inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 63 Raudtua: Svarthamrane ved Nerlandssetra (nordvendte kystberg, gammel edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-63
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 061-066 780-783
<b>Høgde over havet:</b>	60-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Gammel edellauvskog, nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.06.1988, O.A. Bugge & JBJ (Bugge 1993, lok. 115), 05.03.1993 & 09.03.1996 GGa, 09.12.2000, GGa & JBJ, 13.10.2003, Kristian Hassel, Karl Johan Grimstad, GGa, JBJ, m. fl., Naturbasenummer: 154813713

#### Områdeskildring

*Generelt:* Austvendt lauvskogsli på austsida av Raudtua med gammalskogpreg og dels varmekjær flora. Mykje av skogen står på gammel skredmark og grov stein og steinblokker er vanleg. Alm dominerer flekkvis i lia. I øvre deler innslag av berghamrar og rasmark med mange fuktkevande mosearter. Lokaliteten kjem dels i kategorien nordvendte kystberg (Gaarder m. fl. 2001). Data er dels motteke frå G. Gaarder, Miljøfaglig utredning.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog, storbregnebjørkeskog. I øvre deler mindre areal med høgstaudeenger og berghamrar og rasmarker. I feltskiktet m.a. kvitsymre, ormetelg og blåbær.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare seterdrift og truleg meir beiting og hogst enn no. I dag har lokaliteten eit preg av å vera lite påverka.

*Artsfunn:* Raudlisteartar av lav: skorpefiltlav, *Fuscopannaria ignobilis* (DC=omsynskrevande) og røteflak *Calypogeia suecica* (DM=bør overvakast). Interessante lavartar elles: kystnever, *Gyalecta flotowii* og *Arthonia arthonioides*, dei to siste er kandidatar til raudlista. Geir Gaarder fann 09.03.1996 den sjeldne skorpelaven *Thelotrema lepadinum* i eit hasselkratt i nordre del av lokaliteten. Raudlista soppartar: narrepiggssopp *Kavinia himantia* og rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (begge DC=omsynskrevande). Interessante soppartar elles: hasselkjuke (G. Gaarder 09.03.1996) og skarlagenvokssopp. Av meir krevande planter kan nemnast fuglereir, junkerbregne, skogsvingel, kystmaigull, vårkål, trollurt, sanikel, skogsvinerot, tannrot, myske, lundrapp, kratthumleblom, firblad, kranskonvall, enghumleblom, loppestorr, gulstorr, trillingsiv, svartopp, gulsildre, raudsildre, fjellarve, bergfrue, rosenrot. Interessante, fuktkevande og dels kystbundne mosar: bergpolstermose *Amphidium mougeoti*, heimose *Anastrepta orcadensis*, skortejuvmose *Anoetangium aestivum*, ryemose *Antitrichia curtispindula*, skjermose *Apometzgeria pubescens*, storstylte *Bazzania trilobata*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, krokodillemose *Conocephalum conicum*, kammose *Ctenidium molluscum*, kystlommemose *Fissidens dubius*, kølleåmemose *Gymnomitrium corallioides*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, musehalemose *Isoetecium myosuroides*, glansperlemose *Lejeunea cavifolia*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, flatfellmose *Neckera complanata*, bleikkrylmose *Plagiobryum zieri*, fingersaftmose *Riccardia palmata*, fjordtvibladmose *Scapania nemorea* og rustmose *Tetralophozia setiformis* (bestemt av K. Hassel).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av stor artsrikdom og fleire raudlista og kravfulle artar knytt til både edellauvskog, gammel lauvskog og nordvendte kystberg.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør spara området for hogst og andre inngrep. Ein bør unngå treslagskifte.

## 64 Raudtua: fjellryggen på nordvestsida (terrengdekkjande myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-64
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 045-053, 788-796
<b>Høgde over havet:</b>	220-320 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr

**Naturtype:** Terrengdekkjande myr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** Moen (1984, flybilet-tolka), Singasaas (1985, lok. 113), Naturbasenummer: 154813714

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på fjellryggen nordvestover frå Raudtua. Myrlandskap med tynn torv som dels heller svakt mot sørvest. Tuvebakkemyr, terrengdekkjande myr og trekledd bakkemyr. Terrengdekkjande myr utgjer mindre parti, men i nordvest er det eit parti med haugmyr. Lokaliteten er avgrensa ut frå oppgitte høgdekotar i Singasaas (1985) og markslagsgrenser på M711-kart og økonomisk kart. Avgrensinga er derfor noko annleis enn i naturbasen til Fylket.

*Vegetasjon:* Fattig tuvevegetasjon dominerer, men ombrotrofe parti finst. Røsslyng er det mykje av, stadvis og bjønnskjegg. Elles mykje krekling, molte, dvergbjørk og rundsoldogg.

*Kulturpåverknad:* Ingen synlege.

*Artsfunn:* Ingen spesielle artar, triviell flora. Notert m.a. klokkeling, rome og heisiv.

*Verdsetting:* Området vert under tvil verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei middels utvikla terrengdekkjande myr, som er ein kystbunden myrtype med nokså avgrensa utbreiing.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen særskilte. Ein reknar med at fysiske inngrep er lite aktuelle her.

## 65 Hustad: austsida av Lyngstadjellet (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-65  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 042-045 803-805  
**Høgde over havet:** ca. 80-220 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, gammal lauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Trelagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 09.03.1996, GGa, 12.06.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Austvendt lauvskogsli på austsida av Lyngstadjellet sør for Hustad. Øvre deler kan delvis klassifiserast som gammal lauvskog med mykje selje.

*Vegetasjon:* Kysthasselkratt (D2c), storbregnebjørkeskog, litt bergvegetasjon. Treslag: dunbjørk (ein del), furu (sparsam), hassel (stadvis mykje), hegg, rogn og selje (mykje, dels dominerande). Undervegetasjonen er dominert av storfrytle, kusymre, myske og ormetelg.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Tidlegare truleg meir påverka av m.a. beiting.

*Artsfunn:* Planter: bergfrue, enghumleblom, firblad, fuglereir (regionalt sjeldan orkidé, MQ 0444 8058), kratthumleblom, kusymre, liljekonvall, lundrapp, myske, rosenrot, skjørlok, skogvikke, vårmarihand. På 4-5 hasselkratt vart det funne til dels rikeleg med den sjeldne skorpelaven *Thelotrema suecicum*. Elles finst dei vanlege artane frå lungenever-samfunnet sparsamt i lia, dels på berg og dels på trestammar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er hasselskog og bergvegetasjon av kyst-type, men utan raudlisteartar eller særleg sjeldne artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred. Beiting er ønskjeleg.

## 66 Hustad: søraustsida av Aslaksteinen (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-66  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 043-045, 807-808  
**Høgde over havet:** ca. 80-200 m  
**Hovudnaturtype:** Skog, rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, gammal lauvskog, sørvendte berg og rasmark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Trelagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 12.06.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Sørøstvendt lauvskogsli og berghamrar på sørøstsida av Aslaksteinen sør for Hustad. I lågare deler fuktig lokalklima med kraftig påvekst av mosar og lav på trea, høgare opp sterkare solinnstråling og tørkepåverka vegetasjon i berget.

*Vegetasjon:* Kysthasselkratt (D2c), ein del gammal hassel, bergvegetasjon. Treslag: alm og bergasal (spreidd i berget), dunbjørk (dominerer), hassel (stadvis ein del), osp, rogn, selje. Dels open skog med ganske mykje selje.

Undervegetasjonen er dominert av storfrytle, kusymre og i nedre deler storbregner (ormetelg og skogburkne).

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Tidlegare truleg meir påverka av m.a. beiting. Granplantefelt nedanfor lokaliteten.

*Artsfunn:* Planteartar: bergasal (spreidd i berget), bergfrue, dunhavre, dvergmispel (uvanleg på kysten), engsmelle, firblad, gjeldkarve, hengjeaks, jordnøtt, kratthumleblom, kusymre, kvitmaure, lundrapp, myske, nattfiol, nyresoleie, olavsskjegg, rosenrot, sanikel, skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne, svarterteknapp, våskrinneblom. Elles vart det godt utvikla lungeneversamfunn på berg og trestammar (opp til 3 meters høgd over bakken), med mykje lungenever, skrubbenever, sølvnever og vanleg blåfjiltlav. Av fugl i hekketida vart det notert spettmeis, gransongar, gauk, raudvengetrast, svartrast, grønsisik, måltrast, bokfink, blåmeis og lauvsongar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er hasselskog og bergvegetasjon av kyst-type, men utan raudlisteartar eller særleg sjeldne artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred. Beiting er ønskjeleg.

## 67 Hustad: nordaustsida av Aslaksteinen mot Litle-Horberget (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-67
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 043-044, 809-811
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 60-120 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstaude, nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.04.2002, GGa, Dag Holtan, Karl Johan Grimstad

#### Områdeskildring

*Generelt:* Kystnær lauvskogsli på ryggen og austsida av Aslaksteinen nord for Raudtua. Lokaliteten er noko dårleg avgrensa, særleg mot sør.

*Vegetasjon:* Det er mest storfrytlerik bjørkeskog her, dels med tydeleg lågurtpreg og/eller svakt preg av gråor-almeskog. I tillegg finst mindre areal med høgstaudevegetasjon. Noko kysthasselkratt (D2c, truga vegetasjonstype).

*Kulturpåverknad:* I dag har lokaliteten eit preg av å vera lite påverka, men det har opplagt vore hardare bruk før, m.a. til beite og vedhogst. Det er planta ein del gran i lia, m.a. i nedkant av lokaliteten.

*Artsfunn:* Av karplanter veks det sparsamt med edellauvskogsarter som lundgrønaks, myske, tannrot, kusymre i nordre del, medan det i det sørlege partiet også vart funne jordnøtt, gullstjerne, svarterteknapp, skogsvinerot, bergfrue, rosenrot og ei alm. I nordre del var det i tillegg litt blankstorkenebb i ei ur. Mest spesielt var likevel ein uvanleg god førekomst av fuglereir, som berre på denne vitjinga vart funne heile 5 ulike stader, dels på toppen av fjellryggen og dels i den sørlege delen av lia. Førekomsten er kanskje den beste som er kjent nord for Ålesund-området. På ein liten og tørr berghammer på toppen av ryggen vart artar som gjeldkarve, vill-lauk og rundskolm funne. Av mosar vart noko kravfulle artar som kveilmose *Pterogonium gracile*, dronningmose *Hookeria lucens* og galleteppemose *Porella arboris-vitae* funne. For sistnemnde er dette av dei nordlegaste funna som er gjort. Av lav er det ein rik flora knytt til lungenever-samfunnet i lia. Best utvikla er samfunnet på små berghamrar, men ein del arter veks også på eldre lauvtre som selje. Det vart gjort to funn av raudlistearten kastanjelav *Fuscopannaria sampaiana* (DC-omsynskrevande) på berg ved MQ 0436 8084 og MQ 0425 8107. Andre artar frå lungeneversamfunnet var sølvnever, kystnever, lungenever, vanleg blåfjiltlav, grynfiltilav og kystfiltilav. Lokaliteten bør ha potensiale for nokre av dei kravfulle soppartane som veks knytta til rike hasselkratt.

*Verdsetting:* Området vert under tvil verdsett til berre B (viktig) på grunn av funn av fleire kravfulle og sjeldsynte artar, både av karplanter, moser og lav, innkludert ein raudlisteart. Det kan vere at betre undersøkingar gjer grunnlag for høgare verdi. Lokaliteten bør undersøkast betre.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør spara området for hogst og treslagskifte. Ekstensivt beite er positivt.

## 68 Hustad: Horberget (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-68
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 039-041 812-813

<b>Høgd over havet:</b>	ca. 50-150 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Trelagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.06.2004 og 24.09.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Sør-vestvendt lauvskogsli og rasmark under Horberget ved Reitan sør for Hustad.

*Vegetasjon:* Kysthasselkratt (D2c), berg- og rasmarks-vegetasjon. Treslag: alm (sparsam og små), dunbjørk, hassel, hegg, osp, rogn, selje.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Tidlegare var lifoten og området rundt gardane heilt skoglaust og ope (ifølgje gammalt foto på Reitan).

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av den raudlista grasarten bergfaks, noko som er ny norsk nordgrense (innsendt til herb. O, men ikkje stadfesta artsbestemming). Planteartar elles: bergfrue, blankburkne, brunrot, dunhavre, dvergmispel (uvanleg på kysten), enghumleblom, engsmelle, hengjeaks, kusymre, lundrapp, myske, nyresoleie, olavsskjegg, rundskolm, sanikel, skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne, svarterteknapp, vivendel og vårskrinneblom. Av lungeneversamfunnet vart det funne lungenever, skrubbenever, grynvrøge og vanleg blåfjell på berg. Av sopp vart det i 2004 funne svært lite, men ein kan nemna oker ridderhatt *Lepista gilva*. Det er truleg godt potensiale for raudlista og varmekrevande soppartar som lever saman med hassel. Av fugl i hekketida vart det notert møllar (regionalt uvanleg), gransongar, jarnsporv, bokfink, lauvsongar, svarttrast, gauk, raudstrupe, måltrast og blåmeis.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla hasselskog og rasmark av kyst-type, med nordgrense for raudlistearten bergfaks.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

## 69 Hustad: Litle-Horberget (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-69
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 041-042 810-812
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 50-150 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Trelagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.06.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Sør-vestvendt lauvskogsli og rasmark under Litle-Horberget ved Reitan sør for Hustad.

*Vegetasjon:* Kysthasselkratt (D2c), berg- og rasmarks-vegetasjon. Treslag: alm (sparsam og små), dunbjørk, hassel, osp, rogn, selje (opp til 50 cm stammediameter).

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Tidlegare var lifoten og området rundt gardane heilt skoglaust og ope (sett gammalt foto på Reitan).

*Artsfunn:* Planteartar: bergskrinneblom, brunrot, dvergmispel (uvanleg på kysten), hengjeaks, knollerteknapp, kusymre, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, myske, nyresoleie, sanikel, skogfaks/bergfaks (ikkje belegg), skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, stankstorkenebb, storblåfjør, storfrytle, svartburkne, vivendel og vårskrinneblom. Av lungeneversamfunnet vart det funne lungenever, skrubbenever, glattvrøge, kystfjell og vanleg blåfjell på berg. Av fugl i hekketida vart det notert munk, gransongar, jarnsporv, bokfink, gauk og blåmeis.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er hasselskog og rasmark av kyst-type, og med nokre regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

## 70 Hustad: sørvestsida av Aslaksteinen (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-70
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 042-043 807-808
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 50-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt

**Naturtype:** Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Trelagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 03.07.1895, Ove Dahl, 12.06.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Sør-vestvendt lauvskogsli og rasmark under Aslaksteinen sør for Hustad. Dels grovsteinet ur i lifoten.

*Vegetasjon:* Kysthasselkratt (D2c), berg- og rasmarks-vegetasjon. Treslag: bergasal (spreidd i berget), dunbjørk, furu (i berget), gråor (sparsam), hassel, hengjebjørk, osp, rogn, selje.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Tidlegare var lifoten og området rundt gardane heilt skoglaust og ope (Per Erik Pedersen pers. komm.). I lifoten er det planta stadvis litt gran.

*Artsfunn:* Planteartar: bergasal (spreidd i berget), bergfrue, blankburkne (i berget), brunrot, dunhavre, dvergmispel (uvanleg på kysten), enghumbleblom, hengjeaks, hengjebjørk, knollerteknapp, krossved, kusymre, liljekonvall, lundrapp, mjølbær, myske, nyresoleie, olavsskjegg, rosenrot, skogvikke, storfrytle, svartburkne, svarterteknapp, vivendel. Ove Dahl har tatt belegg av kvitkurle (raudlisteart). Elles vart det funne lungenever (sparsamt). Av fugl i hekketida vart det notert munk, gransongar, ramn, raudvengetrast, svarttrast, raudstrupe, gjerdesmett, bokfink, lauvmeis og lauvsongar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er hasselskog og rasmark av kyst-type, og med nokre regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

## 71 Hustad: Kammen (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-71  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 042-044 798-802  
**Høgde over havet:** ca. 50-200 m  
**Hovudnaturtype:** Skog, rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Trelagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 12.06.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Sør-vestvendt lauvskogsli og rasmark på vestsida av Lyngstadfjellet ved Fjellset og Solberg sør for Hustad.

*Vegetasjon:* Kysthasselkratt (D2c), berg- og rasmarks-vegetasjon. Treslag: alm (sparsam, opp til 40 cm i stammediameter), bergasal (spreidd i berget), dunbjørk, furu, gråor (sparsam), hassel, hegg, osp, platanlønn, rogn, selje. I lifoten er det innslag av sumpskog.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Tidlegare var lifoten og området rundt gardane heilt skoglaust og ope (sett gammalt foto på Reitan). I lifoten er det planta stadvis litt gran, det same gjeld oppunder berget ved Solberg. Platanlønn er truleg i spreieing, dette er ein innført art som er uønska i området. Deler av lifoten er storfebeite.

*Artsfunn:* Planteartar: bergasal, bergfrue, blankburkne (i berget), blankstorkenebb (regionalt sjeldan, lysopen finkorna rasmark MQ 0430 7999 og MQ 0430 8002), firblad, hengjeaks, hundekveke, hårsvæve, jordnøtt, kranskonvall, kratthumbleblom, krossved, kusymre, kystmaigull (i sumpskog i lifoten, MQ 0418 8018), liljekonvall, lundgrønaks, myske, myskegras, nyresoleie, olavsskjegg, rosenrot, rundskolm (rasmark), sanikel, skogkarse, skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, stankstorkenebb, storfrytle, sumphaukeskjegg, svartburkne, vivendel. Av lungeneversamfunnet vart det funne lungenever og skrubbenever på berg, steinblokker og hassel (sparsamt). Av fugl i hekketida vart det notert gulsongar, spettmeis, gransongar, ramn (utfloge kull), svarttrast, raudstrupe, tornsongar, bokfink, kjøtmeis, lauvsongar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er hasselskog og rasmark av kyst-type, og med nokre regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred. Storfebeite i lifoten er positivt (tradisjonelt beiteområde).

## 72 Hustad: Råa (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-72  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 042-043, 793-794  
**Høgde over havet:** ca. 50-180 m

**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Trelagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 12.06.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvest-vendt lauvskogsli med nokre små berghamrar ved Råa (fråflytt bruk) ved Gammelsetra sør for Hustad.

*Vegetasjon:* Rein lauvskogsli med bjørk og hassel som dominerande treslag. Kysthasselkratt (D2c), litt berg-vegetasjon. Treslag: alm (sparsam), dunbjørk, hassel (mykje), hegg, osp, rogn, selje. Lokaliteten er meir moldrik og mindre raspåverka enn mange av nabolokalitetane, og derfor er innslaget av artar som jordnøtt, sanikel, skogsvinerot og skogstjerneblom større.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Tidlegare var området truleg meir beitepåverka og ope.

*Artsfunn:* Planteartar: bergfrue, fagerperikum, firblad, hengjeaks, jordnøtt, kranskonvall, kratthumleblom, kusymre, liljekonvall, loppestorr, lundgrønaks, lundrapp, myske, nattfiol, nyresoleie, sanikel, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, storfrytle, strutsvegg, sumphaukeskjegg, vivendel, vårmarihand. Av fugl i hekketida vart det notert raudvengetrast, spettmeis, raudstrupe, bokfink og lauvsongar. Lokaliteten har truleg potensiale for sjeldne soppartar knytt til hassel.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er hasselskog og rasmark av kyst-type, og med nokre regionalt sjeldne artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

### 73 Hustad: Gammelsetra, vestre del (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-73  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 041 791  
**Høgd over havet:** ca. 80-125 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Trelagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 12.06.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvest-vendt lauvskogsli med nokre små berghamrar ved for Gammelsetra sør for Hustad. Berre vestlege del nærast Råa er undersøkt, men det er avgrensa noko meir austover som berre er sett med kikkert.

*Vegetasjon:* Lauvskogsli med bjørk og hassel som dominerande treslag utanom det som er tilplanta. Kysthasselkratt (D2c), litt berg-vegetasjon. Treslag: alm (sparsam), dunbjørk, furu (mest på berg), hassel, hegg, osp, rogn, selje.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er eit restområde etter at deler av lia er tilplanta (treslagskifte).

*Artsfunn:* Planteartar: blankstorkenebb (stor bestand av regionalt sjeldan art, fleire hundre planter ved MQ 0407 7914), firblad, fuglereir (regionalt sjeldan, berre ei plante registrert), haremat, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kratthumleblom, kusymre, liljekonvall, maurarve, myske, sanikel, skogkarse, skogsvinerot, skogvikke, storfrytle, storklokke, stortviblad, vivendel, vårerteknapp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein hasselskog av kyst-type, men utan raudlisteartar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå ytterlegare treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let lauvskogen vera i fred, og let lauvskog ta over etter avverking av gran.

### 74 Hustad: Gammelsetra, austre del (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-74  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 043-045 788-790  
**Høgd over havet:** ca. 80-175 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Trelagskifte



**Undersøkt/kjelder:** 12.06.2004, JBJ (avstandsbetrakta)

### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvest-vendt lauvskogsli søraust for Gammelsetra sør for Hustad, aust for eit parti med granplanting. Det vart ikkje tid til å undersøkje lokaliteten, som berre er sett med kikkert. Lokaliteten er upresist avgrensa.

*Vegetasjon:* Lauvskogsli med bjørk og hassel som dominerande treslag. Kysthasselkratt (D2c), litt berg-vegetasjon. Av treslag vart det elles observert alm.

*Kulturpåverknad:* Deler av lia der lokaliteten ligg er tilplanta med gran (treslagskifte).

*Artsfunn:* Ingen data ut over treslag.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein hasselskog av kyst-type (truga vegetasjonstype).

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om ein let lauvskogen vera i fred.

## 75 Skarset: Svartgjølhamrane (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-75  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 019-024, 745-751  
**Høgde over havet:** ca. 60-250 m  
**Hovudnaturtype:** Skog, rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, nordvendte kystberg  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** Bugge (1993, lok. 117), del av naturbasenummer: 154813711. 19.03.1995, GGa, 14.10.2003, Kristian Hassel, Karl Johan Grimstad, GGa, JBJ m. fl.

### Områdeskildring

*Generelt:* Vest- til nordvestvendt lauvskogsli på vestsida av Skalten ved gardane Fjell, Bruvoll og Fjelltun. Mange typiske planter, lav og mosar for nordvendte kystberg (oseanisk, fuktig klima).

*Vegetasjon:* Kysthasselkratt (D2c) nedst, gråor-almeskog (D5), oseaniske bjørkeskogar. Bra innslag av alm.

*Kulturpåverknad:* Innslag av planta bartre somme stader i nedre del. Stort sett lite påverka i øvre del.

*Artsfunn:* Det vart funne to raudlista soppantar: karminslørsopp *Cortinarius anthracinus* (DC) på marka under hassel, og narrepiggssopp *Kavinia himantia* (DC) på alm. Elles vart det funne skarlagenvokssopp og kystrustkjuke eller rustkjuke (den siste er i så fall også på raudlista). Interessante planter: bergfrue, brunrot, enghumleblom, firblad, fjellsyre, fjellstistel, gulsildre, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, junkerbregne, kranskonvall, kratthumleblom, loppestorr, lundrapp, markjordbær, myske, raudsildre, rosenrot, sanikel (dels store mengder), skogkarse, skogsalat, skogstorr (sjeldan i Fræna), skogsvinerot, skogsvingel (sjeldan i Fræna), skogvikke, stankstorkenebb, storklokke, strutsvegg, svartburkne, tannrot, trollbær og vivendel. Interessante mosar, dels knytt til nordvendte og fuktige kystmiljø: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, krokodillemose *Conocephalum conicum*, kammose *Ctenidium molluscum*, vengemose *Douinia ovata*, sprikemoldmose *Eurhynchium praelongum*, kystmoldmose *Eurhynchium striatum*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusemose *Hylocomiastrum umbratum*, rottehallemose *Isothecium alopecuroides*, musehallemose *Isothecium myosuroides*, glansperlemose *Lejeunea cavifolia*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, krusfellmose *Neckera crispa*, larvemose *Nowellia curvifolia*, sokkvårmose *Pellia neesiana*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*, kystkrukkemose *Pogonatum aloides*, kystbinnemose *Polytrichastrum formosum*, buttgråmose *Racomitrium aciculare*, kysturnemose *Rhabdoweisia crispata*, kystkransmose *Rhytidadelphus loreus*, fingersaftmose *Riccardia palmata*, kalktvibladmose *Scapania calcicola*, fjordtvibladmose *Scapania nemorea*, stortujamose *Thuidium tamariscinum*, putevrimose *Tortella tortuosa* og kysthoggtann *Tritomaria exsecta* (ny for fylket). Interessante lavartar: kystnever, lungenever, sølvnever, kystfyllav, grynfyllav, dessutan skrukkelav på ei steinblokk.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av eit velutvikla og ganske artsrik lokalitet med oseaniske mosar og lav, og eit par raudlista soppantar og fleire varmekjære planter knytt til edellauvskog.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

## 76 Skalten: Herdalen (gammal furuskog, gammal lauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-76  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 023-028, 742-746  
**Høgde over havet:** ca. 250-450 m  
**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** Gammal barskog, gammel lauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Skogsdrift  
**Undersøkt/kjelder:** 28.10.2004, FO & JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på vestsida av Skalten mot Stavikmyrane. Lokaliteten ligg i Herdalen, og kallast dels Halsen (økonomisk kart). Det er mest eldre furuskog og bjørkeskog med rotvelter, gadd og læger. Litt steinur.

*Vegetasjon:* Skogen består av furu, bjørk, rogn, osp og såvidt hassel. Feltskiktet vert særleg dominert av blåbær og bjørnkam, men det var og innslag av høgstaude og lågurtvegetasjon med myske, hengjeaks, og einskilde rikare sig med gulstorr og svarttopp.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten i dag. Det er hogd furu for lang tid sidan (gamle stubbar). Innslag av læger og gadd av furu, bjørk og rogn.

*Artsfunn:* Det vart funne fleire uvanlege barksoppar på furulæger og nedramla furugreiner (soppar bestemt av Finn Oldervik), men ingen raudlisteartar. M.a. vart det funne regionalt mindre vanlege artar som *Globulicium hiemale*, *Gloeocystidiellum citrinum*, *Phlebia subcretacea*, *Skeletocutis lenis* og *Trechispora cf. stellulata*. Av planter kan nemnast fagerperikum, gulstorr, heistorr, hengjeaks, kvitblattistel, loppestorr, myske, strandrøyr og svarttopp. Det vart og observert kvitryggspett (raudlisteart, V) og spettmeis.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels velutvikla gammel bar- og lauvskog utan raudlisteartar, men med einskilde signalartar.

#### Skjøtsel og omsyn

Naturverdiane er særleg knytt til kombinasjonen daud ved og fuktig lokalklima. Det er derfor ønskjeleg med minst muleg påverknad for å sikra tilgangen på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad.

## 77 Ås (slåtteeng)

**Lokalitetsnummer:** 1548-77  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 0216-0237 7199-7206  
**Høgd over havet:** ca. 80-100 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtteeng  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av slått og beite, atgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 12.07.2002, JBJ, 25.06.2003, Ole Arne Aas & JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Beita slåtteeng med innslag av einer i skogkanten ovanfor garden til Ole Arne Aas på Ås, lokaliteten heiter Storbakkan på økonomisk kart.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, jordnøttutforming med kystmaure (G4b, truga vegetasjonstype).

*Kulturpåverknad:* Beita vår og haust, slått om sommaren, driftveg i nedkant.

*Artsfunn:* Raudlistearten mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* (DC) vart funnen. Ein går ut frå at lokaliteten har godt potensiale for beitemarkssopp. Vidare vart det funne 10-tals rosettar av solblom som ikkje lenger blomstrar (framvist av Ole Arne Aas). Plantene blomstra sist i 2001, og tidlegare vart det plukka bukettar av solblom. Av planter kan nemnast: jordnøtt, kystmaure, knegras, aurikkelsvæve, blåklokke, finnskjegg, gulaks, smalkjempe, geitsvingel, tepperot, blåkoll, engfrytle, kusymre (skogkant m. hassel), prestekrage, engfiol, loppestorr, kystgrisøyre, kjeldeurt.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik naturbeitemark med to raudlisteartar i lågare kategori, mange naturengplanter, ein truga vegetasjonstype og potensiale for fleire raudlista beitemarkssopp. Dette er ein av dei nordlegaste intakte lokalitetane i landet av solblom (den nordlegaste i fylket ligg på Stokke i Gjemnes, elles er arten kjent frå Rennebu i Sør-Trøndelag). Betre undersøkingar (av m.a. beitemarkssopp) kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt tradisjonell bruk, dvs. slått og beiting utan gjødsling og fysiske inngrep.

## 78 Tornes: Åsmulen ved Kongsstigen (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1548-78  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 010 716  
**Høgd over havet:** 60-110 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, skogsdrift  
**Undersøkt/kjelder:** 02.03.2003, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 30)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i eit sørvendt ospeholt med ganske stort innslag av hassel.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen har delvis lågurtpreg, medan edellauvskogsartar ser ut til å mangla.

*Kulturpåverknad:* Truleg er lokaliteten utan kontinuitet i daudt trevirke eller biologisk gamle tre. I dag finst sparsamt med daud osp i ulike nedbrytningsstadiar.

*Artsfunn:* Det er eit visst potensiale for kravfulle marklevande sopp knytta til rike hasselkratt, kanskje også raudlisteartar.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C), sidan det er innslag av tilsynelatande ganske velutvikla hasselkratt på lågurtmark, men utan funn av spesielt sjeldne og kravfulle artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane å la området får liggje mest muleg i fred og unngå inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 79 Tornes: Langhaugan (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1548-79  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 004 706  
**Høgd over havet:** 20-25 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av beiting, attgroing, fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 02.03.2003, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 24)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei lita beitemark med noko einer.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Beitetrykket er godt. Mykje av arealet virkar vesentleg oppgjødsle (særleg kantsonane), men det er og noko som har større mosedekke og ein del finnskjegg.

*Artsfunn:* Det er notert artar som blåknapp, engfiol, tepperot, engfrytle, smalkjempe, lækjeveronika, tiriltunge, bråtestorr og gulaks.

*Verdsetting:* Registreringane dokumenterer ikkje spesielt store kvalitetar. Undersøkingar om hausten med aktive søk etter beitemarkssopp kan gi grunnlag for ein betre verdsetting av lokaliteten. Potensialet for beitemarkssopp er opplagt til stades, og det er muleg at artar som står på den nasjonale raudlista førekjem. Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C).

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å oppretthalde beite som i dag, og ikkje gjødsle dei naturengprega delane av beitemarka. Evt. oppslag av busker og lauvtre bør ryddast vekk.

## 80 Tornes: ved Vardhaugmyra (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1548-80  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** LQ 985 697  
**Høgd over havet:** 25 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 02.03.2003 og 15.05.2003, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 37)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på eit større eng- og beitemarksområde vest for Tornes og nord for Hamneset.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Det meste av engareala er gjødsle og jordbearbeidd og er utan spesiell biologisk verdi. Eit parti i kantsona mot aust skil seg derimot ut, da det truleg ikkje har vore vesentleg bearbeidd og har innslag av ein del naturengartar.

*Artsfunn:* M.a. er det ein god del engkransmose på marka og jamnt innslag av finnskjegg. I tillegg artar som gulaks, blåknapp, smalkjempe, geitsvingel, kornstorr og tepperot.

*Verdsetting:* Registreringane dokumenterer ikkje spesielt store kvalitetar. Undersøkingar om hausten med aktive søk etter beitemarkssopp kan gje grunnlag for ei betre verdsetting av lokaliteten. Potensialet for beitemarkssopp er opplagt til stades, og det er muleg at artar som står på den nasjonale raudlista førekjem. Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C).

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å oppretthalde beite som i dag, og ikkje gjødsle dette engpartiet. Evt. oppslag av busker og tre bør ryddast vekk.

## 81 Skaret: Malmesetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-81
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 165-167 656-658
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 240 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.09.1992, JBJ (Jordal & Sivertsen 1992), 23.08.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Seterområde som ligg nordaust for Skaret i søraustre del av kommunen.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng av engkvein-ryllik-type (G4), innslag av finnskjeggeng og sølvbunkeeng.

*Kulturpåverknad:* Eldre seterhus og nyare hytter. Beita av både storfe og sau i 2004, små område rundt seterhusa er slått. Truleg gradvis forbusking i området. Litt planta sitkagran.

*Artsfunn:* Av planter vart det funne stort sett trivielle artar som blåknapp, finnskjegg, geitsvingel, og myrmaure. Av beitemarkssopp er det funne berre gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

## 82 Tornes: Levra-Ørnehaugen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-82
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 978 694
<b>Høgd over havet:</b>	0-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark, kystlynghei, tangvollar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.03.2003 og 15.05.2003, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 38)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på ytre delar av Hamneset, nord for garden, og omfattar m.a. morenetangen Levra. Her er det ein mosaikk av gjødsla og ugjødsla beitemark, lynghei og strandberg. Det er fleire parti med lite gjødsla beitemark (naturbeitemark), i første rekkje i kantsoner mot strandberg. Området ber preg av relativt sur, kalkfattig berggrunn og lausmassar.

*Vegetasjon:* Typisk for dei gjødsla partia er stort innslag av sølvbunke, og lite mosar (sølvbunkeeng, G3).

*Kulturpåverknad:* Området har eit tilsynelatande godt beitetrykk av storfe og verkar velhevda. Det meste av beitemark ber tydeleg preg av gjødsling og er artsfattig med triviell flora.

*Artsfunn:* I dei ugjødsla kantområda er det karakteristisk med velutvikla dekke av engkransmose og førekomst av signalartar som finnskjegg og harerug. I tillegg vart det funne spreidd med andre naturengartar som blåknapp, tepperot, heisiv, smalkjempe, gulaks, kornstorr, engfiol, tiriltunge, bråtestorr, jonsokkoll, markfrytle, gulaks, blåklokke, gjeldkarve og kattefot. I ei lita kløft ned mot sjøen i sørvestre del av lokaliteten vart det funne kystnever på ein bergvegg. Levra og sjøområdet omkring er samleplass for småflokkar av skarv, stormåsar og diverse ender. Dette er også eit hekkeområde for vadefugl, med fleire par av tjeld og vipe, og nokre par steinskvetv. Levra har også innslag av litt havstrandmiljø med både små tarevollar og saltenger. Her vart i tillegg den nasjonalt svært sjeldsynte ugrasplanta mørkveronika truleg funne i beita strandeng. Er artsbestemminga rett er dette truleg første kjente funn på Vestlandet, samtidig som det kan vere det første i landet i "naturleg" vegetasjon. Oteren har tilhald i bukta nordover mot Kjørsvika.

*Verdsetting:* Registreringane dokumenterer fleire kvalitetar. Undersøkingar om hausten med aktive søk etter beitemarkssopp kan gi grunnlag for ei fagleg betre verdsetting av lokaliteten. Potensialet for beitemarkssopp vert vurdert som stort, og det er sannsynleg at artar som står på den nasjonale raudlista førekjem i kantsoner av beitemarka som er lite gjødselpåverka. Ut frå kjent kunnskap er verdien truleg viktig (B).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det beste for naturverdiane er truleg å oppretthalde beite som i dag, men ikkje gjødsle tidlegare lite gjødsla eller ugjødsla engparti. Evt. tilleggsfor bør ikkje leggest nær parti med naturbeitemark, men i kanten av engene på stader som alt er ganske opptrakka. Ein bør unngå fleire fysiske inngrep, særleg slike som skader markvegetasjonen på parti med naturbeitemark.

### **83 Tornes: Sandvika (sandstrand)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-83
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9863-9870 7017-7045
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst, skog
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand, rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.2004, JBJ

#### *Områdeskildring*

*Generelt:* Lokaliteten ligg i Sandvika mellom Tornes og Kjørsvika, og består av ei strekning med sandstrand i ei beskytta vik. Også litt grus, og eit mindre strandberg i midten. Elles er det eit bekkeutløp med noko svartorsumpskog i nordre del.

*Vegetasjon:* Sandstrand med brei tangmeldevoll fremst, spreidd strandrug og hestehavre- og kveke-dominert tangvoll ovanfor.

*Kulturpåverknad:* Litt sandtekt, bål plass, ei rekkje med sitkagran-leplanting ca. 30 m inn frå stranda.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. rukkerose, strandarve og strandrug.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit sandstrandområde med innslag av svartorstrandskog.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Lokaliteten bør ikkje utsettast for vesentlege fysiske inngrep.

### **84 Kjørsvikbukta (sandstrand)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-84
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 986 716
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.2004, JBJ

#### *Områdeskildring*

*Generelt:* Lokaliteten består av ei strekning med sandstrand ved campingplass. Lokaliteten er nytta intensivt til bading og friluftsfornål, noko som truleg ikkje er i konflikt med bevaring av naturverdiane.

*Vegetasjon:* Sandstrand med smalt belte av strandrug med rukkerose bak i nordvestre del.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er i sommarhalvåret intensivt utnytta til bading, soling m.m. I søraustre del steinfylling ned til stranda, denne har truleg tatt litt flygesand.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. rukkerose, sandstorr, strandarve, strandrug. Mest interessant var funn av sandstorr i ein lite område med laus dynesand.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit sandstrandområde med einskilde interessante artar, da særleg sandstorr.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Lokaliteten bør ikkje utsettast for meir utfylling i bakre del av sandstranda. Bruken til bade plass skapar truleg såpass mykje trakk at sandstorren vil overleva, da denne er avhengig av sand i rørsle, elles vil han verta utkonkurrert.

## 85 Stavika: Storvika (sandstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-85
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 979 725
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand, tangvollar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei strekning med sandstrand nedanfor travbanen i Storvika ved Stavik.

*Vegetasjon:* Sandstrand med litt tangmeldevoll fremst og tangvollsamfunn ovanfor. Innslag av strandreddik og steril sandstorr. Ilanddrive ålegras viser at det finst ålegrasenger utanfor (ikkje avgrensa).

*Kulturpåverknad:* Travbane ovanfor med steinfylling ut i stranda. Truleg har her vore litt sanddyner tidlegare (jf. funn av sandstorr).

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. sandstorr, strandreddik, strandrug og litt ilanddrive ålegras.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit sandstrandområde med einskilde interessante artar.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for ytterlegare fysiske inngrep.

## 86 Stavika (sandstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-86
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9796-9807, 7291-7313
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	12.08.1969, R. Elven, 17.07.1973, J. Kristiansen (Kristiansen 1974), Naturbasenummer: 154813719, 04.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei strekning med mudderfjøre og sandstrand i austre del av Stavika, ved utløpet av Stavikelva. Sandstranda er oppsplitta av eit par bergknausar. Stavikselva er eit lite kystvassdrag med delta, og drenerer den sørlege delen av Gule-/Stavikmyrane naturreservat. Elveosområdet er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal (godkjend 10.06.94 i Miljøverndept.). Tidlegare er her rapportert sanddynevegetasjon i eit 10 m breitt og ca. 100 m langt område (Kristiansen 1974), men dette vart ikkje observert i 2004. Av viltobservasjonar i 2004 kan nemnast sandlo.

*Vegetasjon:* Sandstrand med tangmeldevoll fremst og hestehavredominert tangvoll ovanfor. Også litt strandbergvegetasjon på knausane, og fragmentariske strandengsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Det er dyrka ned mot stranda, truleg har her vore noko meir flygesand tidlegare, jf Kristiansen (1974). Nyttå som badestrand, bålplass.

*Artsfunn:* Det vart i 2004 funne m.a. knopparve, rukkerose, strandarve, strandkjeks, strandrug, strandstjerne, taresaltgras. R. Elven har funne kusymre ved stranda (herb. TRH), J. Kristiansen har samla strandreddik "ved Fugleberget", og Eiliv Lunde har samla sandstorr 18.08.1985 (herb. O), men dei to siste artane kan vera forsvunne.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit sandstrandområde med einskilde interessante artar.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for vesentlege fysiske inngrep.

## 87 Stavika: vest for Vedaberget (sandstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-87
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9768-9780, 7318-7324
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-2 m

**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Sandstrand  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 04.08.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei strekning på ca. 20 x 100 m med sandstrand vest for Vedaberget på nordsida av Stavika.

*Vegetasjon:* Sandstrand med tangmeldevoll fremst og hestehavredominert tangvoll ovanfor, elles ein del strandrug.

*Kulturpåverknad:* Dyrka mark ovanfor, elles liten kulturpåverknad.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. amerikamjølke, havstorr, strandrug, strandstjerne.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit sandstrandområde som kanskje ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for vesentlege fysiske inngrep.

## 88 Vestad: Solberg (artsrike vegkantar)

**Lokalitetsnummer:** 1548-88  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** LQ 9759 7426  
**Høgde over havet:** 20 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Artsrike vegkanter  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** GGa 26.07.2003 (Larsen & Gaarder 2004, lok. 17)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av kantsonene til gamlevegen. Han er omgjeven av myr, plantefelt og kultureng. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkantar på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-arter. Kalkkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og om hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukka opp, spesielt raudskivesopp. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Tørre, baserike engsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Det har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteeenger i distriktet.

*Artsfunn:* Den registrerte vegkanten ved Solberg er ganske artsfattig, men inneheld fleire av dei kravfulle artane. M.a. førekjem den regional truga arten bakkesøte sparsamt, i tillegg til artar som vill-lin, rundskolm og småengkall.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, og sjølv om artsmangfaldet er ganske høgt med innslag av ein regional truga art, er det påvist fleire vegkanter i kommunen med høgare mangfald og meir sjeldne og truga artar. Den avgrensa lokaliteten er heller ikkje spesielt stor. Isolert sett får han derfor berre verdien C (lokalt viktig).

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg, gjerne kombinert med fjerning av graset. Tilsåing med framandt grasfrø, attvekking med kratt og busker langs kantane og hard vegrensk er uheldig.

## 89 Vestad: Rishaugan (slåtteeeng)

**Lokalitetsnummer:** 1548-89  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** LQ 9758 7447  
**Høgde over havet:** 20 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtteeeng  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** GGa 26.07.2003 (Larsen & Gaarder 2004, lok. 18)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei lita plen til eit bustadhus (partiet ut mot vegen). Det er også naturleg å inkludera dei næraste partia med vegkantar. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen på plena er svært kortvaksen og prega av noko grunnlendte forhold, truleg overgangar mellom frisk fattigeng og meir baserike typar.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vert bruka og slått som plen.

*Artsfunn:* Engfloraen er ganske artsfattig, men vert prega ikkje minst av god førekomst av den regionalt truga arten bakkesøte. I tillegg førekjem artar som tiriltunge, blåknapp, blåklukke og rundskolm. Også den sørlege og regionalt uvanlege sommarfuglen *Zygaena filipendulae* (ein bloddråpesvermar) vart observert på plena. Lokaliteten har potensiale for kravfulle beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Sjølv om ingen raudlisteartar førekjem, og lokaliteten er liten og ikkje spesielt artsrik, så vert likevel verdien sett til B (viktig). Dette skuldast ein kombinasjon av at lokaliteten vert halden i god hevd (slått med plenklipping) og har god forekomst av ein regionalt truga art (bakkesøte) som har vorte spesielt sjeldan i midtre og ytre strøk av fylket.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå plena som vanleg. Ein bør truleg slå eit godt stykke ut på hausten. Gjødsling vil vera svært uheldig.

## 90 Vestad: aust for Rishaugan (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-90
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 981 743
<b>Høgd over havet:</b>	20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2003, GGa (Larsen & Gaarder 2004, lok. 19)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei ganske lita beitemark som ligg i kanten mellom dei opne myr- og lyngheiane i aust og kulturlandskapet i vest. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Dels frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Enga ber preg av eit noko svakt og ujevnt beite i seinare år og har ikkje vorte beita dette året. Truleg har det vore hest som har gått her i seinare tid.

*Artsfunn:* Enga er ganske artsfattig og dominert av noko gjødsetolerante artar, men det er også innslag av naturengplanter, særleg i kantsonene. Av spesiell interesse er sparsam forekomst av svartknoppurt, ein regionalt sjeldan art som er sjeldan så langt nord. I tillegg kan nemnast meir trivielle naturengplanter som tepperot, gulaks, blåknapp og engfrytle.

*Verdsetting:* Lokaliteten er liten, i dårleg hevd og utan nasjonalt sjeldne artar. Ein regionalt sjeldan art, som samtidig er sjeldan så langt nord førekjem likevel og gir grunnlag for å setta verdien til C (lokalt viktig).

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast.

## 91 Vestad: Øverland (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-91
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9781 7482
<b>Høgd over havet:</b>	20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkanter
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	GGa 26.07.2003 (Larsen & Gaarder 2004, lok. 16)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av kantsonane til ein gardsveg. Han er omgjeven av attgroande beitemark og lynghei. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkantar på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-artar. Kalkkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og om



hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukke opp, spesielt raudskivesopp. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Tørre, baserike engsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Det har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteenger i distriktet.

*Artsfunn:* Den registrerte vegkanten ved Øverland er ikkje av dei mest artsrike, men skiljer seg positivt ut ved ganske god forekomst av den regionalt sjeldne arten bakkesøte. Av andre artar kan nemnast vill-lin, gulaks, tepperot, geitsvingel, tiriltunge, småengkall, kornstorr, engfrytle, harerug, knegras, katterot og blåknapp.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, og sjølv om artsmangfaldet er ganske høgt med innslag av ein regionalt truga art, er det påvist fleire vegkanter i kommunen med høgare mangfald og meir sjeldne og truga artar. Den avgrensa lokaliteten er heller ikkje særleg stor. Isolert sett får han derfor berre verdien C (lokalt viktig). Sett i samanheng med andre artsrike vegkanter i fylket, kunne det vore naturleg å gje ein høgare verdi.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg, gjerne kombinert med fjerning av graset. Tilsåing med framandt grasfrø, og attveksing m.a. med kratt og busker langs kantane, er uheldig.

## 92 Guleleira (strandenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-92
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 965-968, 757-762
<b>Høgd over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng og strandsump, tangvollar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Kristiansen (1974), Holten m. fl. (1986b, lok. 26.7), Naturbasenummer: 154814601, kontrollert 03.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av strandenger som omkransar Guleleira, som ligg ved Gule i vestre, ytre del av kommunen, i utløpet av eit av dei mange mindre kystvassdraga her. (Lokaliteten pluss leirene har og viltfunksjon. Raste- og overvintringsområde for vassfugl. Det er observert overvintring av songsvane, stokkand, sjørre og siland, og opptil 500 ærfugl. Hekking av ærfugl, tjeld, sandlo og raudstilk.) Holten m. fl. (1986b) har registrert i første rekkje bukta aust for Seterneset. Her er det strandengvegetasjon med stor variasjon i samfunnstypar. Sjekk avgrensing 04.08.2004, JBJ. Også eit lite parti med strandeng/strandsump på austsida av riksvegen er teke med i avgrensinga.

*Vegetasjon:* Forstender med salturt og saltbendel (U3a, U3c), nedre og midtre saltenger med fjøresaltgras og ishavsstorr (U4a, U4d), saltenger med saltsiv og raudsvingel-fjørekkoll (U5a, U5c), velutvikla brakkvassenger (U7) og tangvollar av ulike slag.

*Kulturpåverknad:* Strandengene i bukta aust for Seterneset er oppgrøfta, men samfunnstypane er framleis representerte. Nordsida av leira var beita av storfe i 2004. Litt avfall i stranda.

*Artsfunn:* Middels artsrik, 55 artar. M. a. ishavsstorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein nokså variert strandlokalitet med fleire regionalt uvanleg artar og vegetasjonstypar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Beiting er positivt i strandengene dersom ein unngår for mykje trakkskader.

## 93 Bud: Karlsvika (sandstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-93
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 948 763
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei strekning med sandstrand i Karlsvika nær Bud camping.

*Vegetasjon:* Sandstrand med litt tangmeldevoll fremst og hestehavredominert tangvoll ovanfor.

*Kulturpåverknad:* Dyrka mark og veg ovanfor med steinfylling ut mot stranda.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. havstorr, strandarve og strandrug.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit sandstrandområde som kanskje ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for vesentlege fysiske inngrep.

## 94 Bud: Gulberget (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-94
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 956-958 769-770
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 70-120 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.07.1895, Ove Dahl, 04.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Gulberget er eit lite kystfjell som ligg ved Bud heilt ut mot kysten. Fjellet har litt skog, m.a. på sørsida der det er litt hasselkratt og annan lauvskog.

*Vegetasjon:* I sørhellingane er det nokså småvaksen, men dels frodig lauvskog med bjørk, hassel, rogn og osp som typiske treslag. Rike kysthasselkratt er ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

*Kulturpåverknad:* Det er lite daudt trevirke, og skogen er kanskje relativt ung på grunn av tidlegare sterkare påverknad i form av beiting m.m.

*Artsfunn:* Av karplanter vart det i 2004 funne artar som dunhavre, fagerperikum, hengjeaks, hundekveke, krossved, kusymre, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, skogvikke, stankstorkenebb, svarterteknapp, vivendel. Etter Ove Dahl finst det også belegg av lundgrønaks frå Gulberget. På berg og tre vart det funne lungenever og skrubbenever.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av det er ein middels velutvikla lokalitet med kysthasselkratt, som og er ein truga vegetasjonstype.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred. Beiting kan verka positivt.

## 95 Bud: Raudmoaksla, vestsida (edellauvskog, berg/rasmark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-95
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9538-9555, 7760-7767
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 60-120 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på vestsida av Raudmoaksla/Gulberget, i ei vestvendt kløft med sørvendte berghamrar og rasmarker.

*Vegetasjon:* Oppunder hamrane er det nokså småvaksen, men dels frodig lauvskog med bjørk, hassel, rogn, osp og litt alm som typiske treslag. I berget finst også bergasal. Rike kysthasselkratt er ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

*Kulturpåverknad:* Det er lite daudt trevirke.

*Artsfunn:* Av karplanter vart det funne artar som bergasal, bergfrue, berggrøyrkvein, blårapp, brunrot, dunhavre, fagerperikum, filtkongslys, gjeldkarve, hengjeaks, hestehavre, hestespreng, hundekveke, knegras, knollerteknapp, kransmynte, kratthumleblom, krattlodnegras, krossved, kusymre, liljekonvall, lundrapp, murburkne, myske, olavsskjegg, rosenrot, sanikel, skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, svartburkne, vårskrinneblom og vivendel. Det vart og observert hoggorm, syngande grashopper med raud bakkropp, og like utanfor lokaliteten også blåstorr og bloddråpesvermaren *Zygaena filipendulae*.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein edellauvskog med velutvikla kysthasselkratt (truga vegetasjonstype) og eit visst utval varmekrevande planter.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred.

## 96 Bud: Raudmoaksla, nordsida (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-96
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 955 779
<b>Høgd over havet:</b>	50-80 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.03.1998, GGa, 11.06.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Gulberget og Raudmoaksla er eit lite parti med kystfjell som ligg ved Bud heilt ut mot kysten. Rundt fjellet veks det litt skog. På nordaustsida er det fleire små kløfter og nordaustvendte berg.

*Vegetasjon:* I kløftene er det nokså småvaksen, men dels frodig lauvskog med bjørk, litt hassel og osp som typiske treslag. Rike kysthasselkratt er ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001), men er dårleg utvikla i dei nordvendte partia. Viktigast er dei artane som er knytt til skuggefullt, fuktig og vintermildt lokalklima i kløfter og skuggefulle små bergveggar.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag.

*Artsfunn:* Av karplanter vart det funne artar som fjellsmelle, fjelltistel, kusymre, kystmaigull (oseanisk art), lundrapp, nyresoleie, rabbesiv, raudsildre, rosenrot, skjørlok, skogkarse, storfrytle, trollbær og vivendel. Fleire av desse er fjellartar som på kysten er mest typiske i skuggefulle berg (fjelltistel, rabbesiv, raudsildre). Elles vart det funne fleire fuktkevande moseartar m.m.: *Bazzania trilobata* storstylte, gullhårrose *Breutelia chrysocoma* (GGa), *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Ctenidium molluscum* kammose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Fissidens adianthoides*, saglommemose (det. K. Hassel), *Hookeria lucens* dronningmose, *Mnium hornum* kysttornemose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Plagiomnium undulatum* krusfagermose, *Plagiothecium undulatum* kystjammemose, *Ptilium crista-castrensis* fjørmose, *Rhytidiadelphus loreus* kystkransmose, *Thuidium tamariscinum* stortujamose og *Tortella tortuosa* putevrimose. Elles vart det notert skrubbenever og skålfiltlav på berg.

*Verdsetting:* Lokaliteten vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og andre inngrep som kan endra dei lokale fukt- og lystilhøva.

## 97 Bud: Båsan (gammal lauvskog, nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-97
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 959-961, 781-782
<b>Høgd over havet:</b>	60-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, berg, rasmark og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog, rik edellauvskog, nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.03.1998 & 21.03.1998, GGa, 03.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Gulberget og Raudmoaksla er eit lite kystfjellparti som ligg ved Bud heilt ut mot kysten. Fjellet har litt skog. Nordaustsida kallast Båsan og her er det fleire små kløfter og eldre lauvskog i eit fuktig lokalklima.

*Vegetasjon:* I kløftene er det nokså småvaksen, men dels frodig lauvskog med bjørk, hassel og osp som typiske treslag. Rike kysthasselkratt er ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001). Bjørkeskogen har mykje storfrytle i botnen, men og kusymre m.m.

*Kulturpåverknad:* Det er litt daudt trevirke, særleg av bjørk og osp.

*Artsfunn:* Raudlisteartar: ospekjuke *Ceriporiopsis aneirina*, rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (begge DC=omsynskrevande), elles den oseaniske mosearten kysttvibladmose *Scapania gracilis* (bestemt av K. Hassel). Av karplanter vart det funne artar som sanikel, vårmarihand, raudsildre, bergfrue, fagerperikum, hengjeaks, knollerteknapp, krattlodnegras, krossved, lundrapp, skogvikke, svartburkne, svarterteknapp og vendelrot. Av mosar vart det notert fuktkevande og dels kystbundne artar som kystkransmose, stortujamose, stripefoldmose, kysttornemose, glansperlemose, skuggehusmose, kystjammemose, vengemose og krusfagermose (på berg og på marka). Ingen av desse

er særleg kravfulle. Av lav vart det notert lungenever (på berg og grov osp), skrubbenever, grynvrenge, glattvrenge og flishinnelav.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av det er eit område med innslag av gammal lauvskog (oseanisk utforming) og rik edellauvskog med raudlisteartar og einskilde varmekjære planter.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred.

## 98 Bud-Bergset (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-98
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9452-9521 7738-7809
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkanter
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av kantsonene til riksvegen, ca. 1 m breidde på kvar side. Han er omgjeven av myr og hei. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkanter på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-artar. Kalkkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og på hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukke opp.

*Vegetasjon:* Kalkrike, tørre engsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Det har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteenger og beita skjelsandenger og strandberg i distriktet.

*Artsfunn:* Den registrerte vegkanten mellom Bud og Bergset inneheld fleire av dei kravfulle artane. M.a. førekjem den regionalt truga arten bakkesøte sparsamt, i tillegg til artar som blåkoll, brudespore, dunhavre, dvergjamne, hårsvæve, kattefot, knegras, kornstorr, kvitmaure, loppestorr, småengkall, storblåfjør, veikveronika (veggrøfta) og vill-lin. Raudlistearten spissvokssopp *Hygrocybe persistens* førekjem fleire stader. Sommarfuglarten *Zygaena filipendulae* (ein blodråpesvermar) vart observert på erteplanter.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdien B (viktig) på grunn av generelt variert artsmangfald og førekomst av ein raudlisteart i lågare kategori.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg, helst etter midten av juli. Tilsåing med framandt grasfrø, attveksing med kratt og busker langs kantane og hard vegrensk er uheldig.

## 99 Bergset: Yttersunde (strandenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-99
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 977-979 799-800
<b>Høgde over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.07.1973, Kristiansen (1974), 26.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Yttersunde mellom Bergset og Vikan. Han vart undersøkt av Jarle N. Kristiansen i 1973 og reinventert av underteikna i 2004. Ei lita elv fylt med skjelsand renn ut i ein smal våg med flate brakkvassenger langs, og overgangar mot hei og myr rundt. Strandengene har eit etter måten betydeleg areal.

*Vegetasjon:* Viktige innslag av brakkvassenger med fjøresivaks og rustsivaks. Elles større raudsvingelenger, saltsivenger og driftvollsamfunn som går over i attgroingsenger mot heia.

*Kulturpåverknad:* Ligg tett inntil veg og bustader. Grensar mot dyrka mark i aust. Beita i 1973. I 2004 sto framleis eit elektriskgjerde som tyder på beiting inntil nyleg, men lokaliteten vart truleg ikkje beita i 2004. Mot heia attveksing med lauvskog (bjørk, rogn, osp).

*Artsfunn:* I 2004 vart m.a. følgjande planter noterte: fjøresaulauk, fjøresivaks, fjørestorr, havbendel, jåblom, knopparve, krypkvein, musestorr, myrsaulauk, rustsivaks, strandkjeks, strandkryp, strandstjerne og veikveronika. Vill-lin vart påvist i 1973, men ikkje attfunnen i 2004. Sommarfuglarten *Zygaena filipendulae* vart observert.

*Verdsetting:* Lokaliteten vert verdsett til B (viktig) på grunn av at han inneheld større og middels artsrike og varierte strandenger.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Det er ønskjeleg med lett beiting, helst av ungdyr/kalvar for å unngå trakkskader.

### 100 Bergset-Sunde (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-100
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9705-9711, 7924-7929
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 5-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkanter
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten består av kantsone til riksvegen, i 1-2 m breidd nordaustover frå Bergset. Han er omgjeven av mest myr, lynghei og litt kultueng. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkanter på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-arter. Kalkkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og om hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukke opp, spesielt raudskivesopp.

*Vegetasjon:* Kalkrike, tørre engsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Dette har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteenger i distriktet.

*Artsfunn:* Dei registrerte vegkantane mellom Bergset og Sunde inneheldt fleire av dei kravfulle artane. M.a. førekjem den regionalt truga arten bakkesøte i gode bestandar som tyder på gode forhold for arten og ein god frøbank. Elles vart det funne artar som dvergjamne, harerug, kjertelaugnetrøst, rundskolm, smalkjempe, storblåfjør og vill-lin.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, men artsmangfaldet er ganske høgt med innslag av fleire regionalt truga artar. Lokaliteten får derfor verdien B (viktig).

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg. Tilsåing med framandt grasfrø, attveksing med kratt og busker langs kantane og hard grøfterensk er uheldig.

### 101 Bergset-Gule (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-101
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 966 782-783
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkanter
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten består av kantsone i ca. 1 m breidd på ei mindre strekning langs vegen mellom Bergset og Gule, aust for Båsan (Gulberget). Vegen er omgjeven av lauvskog, myr og lynghei. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkanter på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-arter. Kalkkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og om hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukke opp, spesielt raudskivesopp.

*Vegetasjon:* Kalkrike, tørre engsamfunn, truleg på skjelsand.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Dette har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteenger i distriktet.

*Artsfunn:* Dei registrerte vegkantane mellom Bergset og Gule inneheldt fleire av dei kravfulle artane. M.a. førekjem den regionalt truga arten bakkesøte i gode bestandar som tyder på gode forhold for arten og ein god frøbank. Elles vart det funne artar som gulsildre, katterot, kjertelaugnetrøst, kornstorr, rundskolm, smalkjempe, småengcall, storblåfjør og vill-lin.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, men artsmangfaldet er ganske høgt med innslag av fleire regionalt truga artar. Lokaliteten får derfor verdien B (viktig).

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg. Tilsåing med framandt grasfrø, attveksing med kratt og busker langs kantane og hard vegrensk er uheldig.

## 102 Gule-/Stavikmyrane naturreservat (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-102
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 98-MQ 02, 74-78
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 30-50 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr, ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Høgmyr, rikmyr, intakt låglandsmyr, dammar
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (verna 13.12.96)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.07.1971, A. Skogen (herb. BG), Malme (1972), 23.07.1973 J.A. Eie (Eie 1975), Folkestad (1977), Wold (1978), Moen (1984, lok. 6 og 47, besøkt 24.06.1975, 01.07.1980), Dolmen (1991), Fylkesmannen i MR (1988a), 29.06.1993, Asbjørn Moen (herb. TRH), Naturbasenummer: 154813718

### Områdeskildring

*Generelt:* Ein har her velt å skildra Gule- og Stavikmyrane naturreservat som ein kompleks lokalitet. Strandflata mellom Stavik, Bud og Hustad har eit av dei største myrlandskapa i landet. Lokaliteten er avgrensa identisk med Gule-/Stavikmyrane naturreservat, og er opprinneleg skildra som to lokalitetar av Moen (1984, lok. 6 og 47). Namn som Gulemyrane, Stavikmyrane og Vestadmyrane inngår. Dette er eit stort, kystnært myrlandskap der nedbørsmyr dominerer, hovudsakleg planmyr og atlantisk høgmyr. Erosjonsfurer er vanlege. Minerogene innslag i øyblandingsmyr og flatmyr. Myrlandskapet er oppdelt av tørrare fastmarksryggar. Viktige hekke- og rasteplassar for vassfugl, særleg i Stavikvassdraget som er noko rikare. Hydrografiske data m.m. frå Langvatnet finst hos Eie (1975): største djup ca. 1 m, pH=7,2,  $K_{18}$ =105, Ca=8,2 mg/l, Mg=2,3 mg/l, Cl=20,8 mg/l,  $SO_4$ =17,5 mg/l, Na=12,3 mg/l, noko som viser sterk maritim påverknad og uventa høg pH truleg som følge av skjelsand i grunnen.

*Vegetasjon:* Gråmose og reinlav dominerer i myrtuene, elles er dvergbjørk, klokkeling og rome vanleg. På fastmark er det innslag av lågurtskog med osp, hassel og hengjeaks (ved Myrsteinen=Marihaugen), elles furu og bjørk.

Overgangstypar mot kystheivegetasjon. I vatna finst både flyteblad, langskot og kortskotvegetasjon, og krypsiv-vegetasjon (P1, P2, P3, P4). Eie (1975) har laga eit enkelt vegetasjonskart over Langvatnet

*Kulturpåverknad:* Fleire store leplantingsbelte sett preg på landskapet og i vest er spor etter brann på 50-talet. Elles har det vore teke torv mange stader, særleg i vestlege deler. Ved Langvatnet ligg ei hytte og fram til denne går det ein traktorveg. Nord og nordaust for verneområdet er store areal grøfta.

*Artsfunn:* Planter på rikmyr: engstorr, loppestorr, svartopp, gulsildre, dvergjamne, bjønnbrodd, myrsauløk, breiull, småsivaks, kvitmyrak. I nordlege del nær vegen Stavik-Gule fann A. Skogen i 1971 dikesoldogg i takrøyrsump som ein av få veksestader i fylket, men det er usikkert om funnet vart gjort innanfor reservatet. Aust for Vestadvatnet fann A. Moen i 1993 brunmyrak og myrkråkefot, nord for Langvatnet blystorr, og aust for Vestadremma krypvier (usikkert i forhold til reservatet). Ved Langvatnet har Eie (1975) notert småsivaks, bjønnbrodd og gulsildre. Elles er vegetasjonen artsfattig og typisk for nedbørsmyr. I Stavikvassdraget er det registrert laks, aure og trepigga stingsild (Dolmen 1991). Planter i Brentholvatnet (austre Stavikvatnet) (Malme 1972) LQ 996-999 741-744: dikevasshår, bekkeblom, trådstorr, hesterumpe, tjønngras, botnegras, kvit nøkkerose, takrøyr, tjønnaks, tusenblad, sjøsivaks, sumpsivaks, flotgras, småblærerot, sumpblærerot. Elles firfisle (Dolmen 1991). Planter vestre Stavikvatnet (Klingeritevatnet?) (Folkestad 1977, Wold 1978) LQ 994 744: botnegras, tusenblad, kvit nøkkerose, kysttjønnaaks, sjøsivaks, flotgras. Planter Vestadvatnet LQ 996 758: trådstorr, flaskestorr, myrhatt, botnegras, bukkeblad, tusenblad, kvit nøkkerose, kysttjønnaaks, sjøsivaks, flotgras (Folkestad 1977). Artar i Langvatnet MQ 002 751 (Malme 1972, Folkestad 1977): kransalgen mattglattkrans *Nitella opaca*, bekkeblom, trådstorr, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, krypsiv, botnegras, bukkeblad, tusenblad, kvit nøkkerose, takrøyr, tjønnaks, kysttjønnaaks, sjøsivaks. Eie (1975) har vidare data om småkreps frå Langvatnet (berre vanlege artar), nemner store mengder igler, og elles planteartar som småpiggnopp, mjuksivaks, kjempesøtgras og storengkall utan at dette har late seg verifisera. I Gulevatnet: bekkeblom, trådstorr, flaskestorr, myrhatt, elvesnelle, krypsiv, botnegras, bukkeblad, kvit nøkkerose, takrøyr, tjønnaks, sumpsivaks, småblærerot, sumpblærerot (Malme 1972, Eie 1975). Det finst padde i området, Dolmen (1991) fann arten ved Langvatnet (MQ 005 755) innanfor reservatet, og vidare eitt individ på vegen mellom Fjellvang og Bjerke like utanfor reservatet.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og velutvikla myrlandskap (er ein del av eit av dei største myrområda i landet) med betydelege areal atlantisk høgmyr i mosaikk med andre naturtypar. Lokaliteten har også stor dokumentert artsrikdom av planter og fugl.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld verneforskriftene. Innførte treslag bør fjernast.

## 103 Vest for Rambjørhaug (låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-103
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 012 765
<b>Høgd over havet:</b>	40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakte høgmyrar, intakt låglandsmyr, rikmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Grøfting, oppdyrking, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	GGa 26.06.2003 (Larsen & Gaarder 2004, lok. 13)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten ligg rett på austsida av det etablerte reservatet Gule-/Stavikmyrane. Det er innslag av einskilde skogholt utover, men landskapet har eit svært ope preg. Det ser ut til å vera tendensar til sakte attgroing med tre i kantsonene til desse skogholta. Det ligg fleire grunne, intakte tjønner i området. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Myrvegetasjonen er generelt rik, med forekomst av uvanleg store areal med intermediaær mjukmatte- og lausbotnmyr, og parti med rike bakkemyrar. Elles vert området prega av mykje nedbørsmyr, stadvis med erosjonsfurer.

*Kulturpåverknad:* Medan reservatet ut frå skildringa verkar ein del påverka både av leplantinger og torvuttak, er spor av slike inngrep få og små innanfor denne lokaliteten. Storfe beiter på sørlege deler av området.

*Artsfunn:* Av størst floristisk interesse er den store førekomsten av dikesoldogg, som finst mange stader i området.

Saman med denne finst også artar som blystorr, nøkkesiv og strengstorr. I tillegg kjem fleire andre intermediaære artar som kornstorr, trådstorr, takrør, myrsaulauk, vanleg myrklegg, skogsiv, myrsnelle, dvergjamne og særbustorr. Spesielt i området rundt Rambjørgtjørna er det også innslag av rikmyr med artar som breiull, engstorr, loppestorr, bjørnbrodd og ein stad også brunskjene. I tillegg vart brunmosar funne her og der.

*Verdsetting:* Lokaliteten ser ut til å innehalda like store botaniske naturverdiar som det alt etablerte reservatet som det ligg heilt inntil. Som naturtype er også verdiane utvilsamt store, sjølv om det er muleg at naturreservatet har større verdi i så måte. Det er ut frå dette naturleg å gje området verdi svært viktig (A). Dette vert også understøtta av det generelt intakte preget og det store arealet.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiene er å la området få liggja mest muleg i fred. Særleg alle former for grøfting av myrane og senking av bekkar og tjønner. Eit ekstensivt beite er truleg positivt. Det er ellers ønskjeleg med noko rydding av småtre for å halda landskapet ope, men dei gamle furutrea må få stå.

## 104 Høghaugen sør for Sandstølen (slåtteeng)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-104
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 003 785
<b>Høgd over havet:</b>	40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	GGa 14.05.2003 (Larsen & Gaarder 2004, lok. 14)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten er som det såg ut til eit nedlagt bruk, som vert nytta som fritidshus. Det er eit område med nokså stort artsmangfald og mykje naturengplanter. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen ber preg av nokså kalkfattige tilhøve, med både friske og meir grunnlendte, tørre felt med hovudsakeleg frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Noko av engpartia ved huset vert framleis halde i hevd med slått. Deler av desse er ganske artsfattige kulturrenger og nokre av dei er også pløgd opp dei seinare åra.

*Artsfunn:* Ein rekkje typiske naturengplanter førekjem, som prestekrage, gulaks, bråtestorr, jonsokkoll, blåknapp, engfiol, smalkjempe, legeveronika, harerug og geitsvingel. Av meir uvanlege og kravfulle artar opptre også sparsamt med marinøkkel og markfrytle. Lokaliteten har potensiale for kravfulle beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, men fleire kravfulle, regionalt sjeldne karplanter. I tillegg er slåtteenga intakt og vert framleis halden godt i hevd. Samla tilseier dette ein klar verdi som viktig (B).

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå engene årleg, gjerne kombinert med ekstensivt etterbeite. I tillegg bør ein unngå tilførsel av gjødsel, spesielt på dei urterike delene der det er mykje naturengplanter.

## 105 Hustad: vest for Venås (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-105
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0097-0102, 7892-7902
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 40-50 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.10.1980, Sigmund Sivertsen & Bodil Pedersen, 05.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Sørøstvendt lita lauvskogsli med varmekjær vegetasjon i kanten av eit lågt åsdrag langs vegen vest for Venås.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt (D2c) og oseaniske bjørkeskogar med innslag av bjørk, gråor, rogn, osp og hegg. Botnvegetasjonen var dels påverka av tidlegare beiting med ein del sølvbunke, elles krattlodnegras, myske, jordnøtt og ei rekkje urter.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare beiting. Innslag av planta gran. Vedhogst. Litt daud ved i 2004.

*Artsfunn:* Planter: brunrot, firblad, hengjeaks, jonsokkoll, jordnøtt, kranskonvall, kratthumleblom, krattlodnegras, myske, skogsalat, slirestorr, stankstorkenebb og vivendel. Av sopp er det i 1980 funne 2 raudlisteartar, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* og elegant småfingersopp *Ramariopsis subtilis*, begge i kategori DC - omsynskrevande. På hassel vart det funne einskilde lavartar som glattvrenge og stiftfiltlav.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei middels utvikla edellauvskogsli med mange varmekjære planter og 2 raudlista soppartar i låg kategori.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er om ein let skogen vera i fred.

## 106 Hustad: Rugga ved Barbroholen (viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-106
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 013-014 782-787
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 35 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Larsen & Gaarder (2004), 05.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i Ruggavassdraget sør for Venås. Vassdraget renn ut mellom Vikan og Male. Lokaliteten er eit viktig sump- og våtmarksområde som både har viltfunksjon og interessant flora. Lokaliteten er avgrensa nord til der elva går over i stryk like sør for Venås.

*Vegetasjon:* I vassdraget er det både vierkratt, større takrøyrbelte, elvesnelle-flaskestorrsumpar, langskot- og flytebladvegetasjon. Vassdraget er omgjeve av fattige myrar og nedbørsmyr.

*Kulturpåverknad:* I 2004 tilsynelatande lite påverka, litt beiting i nordre del.

*Artsfunn:* Planter: dikeminneblom, flotgras, grøftesoleie, hesterumpe, klovasshår, kvit nøkkerose, kysttjønnaks, mannosøtgras, myrhatt, myrklegg, grastjønnaks, rusttjønnaks, småtjønnaks, sumpsivaks, takrøyr, veikveronika. Det vart observert mykje augestikkarar (ubestemte), elles frosk. Viltfunksjon (ikkje vurdert her): Både vassrikse (R på raudlista), sivsongar og rørsongar vert årleg høyrte hevda territorium på lokaliteten, og hekkar truleg. Jordugle regnast også som ein årleg hekkefugl. Elles nyttar songsvaner Barbroholen til beiteområde om hausten fram til isen legg seg. (Larsen & Gaarder 2004).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit viktig bekkedrag med nokre interessante planteartar og vegetasjonstypar. Basert på ein kombinasjon av viltfunksjon og naturtypar kunne verdien vore sett høgare.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå forureining og fysiske inngrep.



## 107 Hustadmyrane, nordre del (låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-107
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 019-025, 808-816
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 14-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt låglandsmyr, intakt høgmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit samanhengande nokså intakt myrområde 1-2 km SV for Hustad.

*Vegetasjon:* Planmyr og høgmyr med tuver og store erosjonsfurer. Nokre småtjønner (MQ 022-023, 812-813) med omliggjande blautmyr skapar variasjon og rikare flora.

*Kulturpåverknad:* Det er gradvis dyrka vestover og sørover frå Hustad. Nord for lokaliteten er det anlagt trialbane (sør til ca. MQ 0204 8157). Lokaliteten er avgrensa vest til ein veg som går frå trialbanen (MQ 0204 8157) sørover til MQ 0195 8079.

*Artsfunn:* Planter: blystorr, dvergbjørk, dystorr, hesterumpe, hundekvein, krypsiv, kvitmyrak, kysttjønnaks, myraugnetrøst, særbustorr, takrør.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større, intakt myrområde med innslag av høgmyr og einskilde interessante planter.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at det avgrensa området ikkje vert dyrka eller utsett for fleire fysiske inngrep.

## 108 Vikan: Kvennagrovhaugen (låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-108
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9942 7903
<b>Høgd over havet:</b>	30-45 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt låglandsmyr, rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Oppdyrking/grøfting, forstyrring
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.2003 GGa (Larsen & Gaarder 2004, lok. 3)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten ligg sør for Vikan, i eit relativt lite påverka myr- og lyngheiområde. Landskapet er ganske flatt med store myrflater og mindre kollar med lynghei. Skog- og krattvegetasjon er stort sett fråverande. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er gjennomgåande fattig, sjølv om det er einskilde intermediære til svakt rike preg på deler av myrane. Det meste av myrane er nedbørsmyrar, med både tuver og høljer. I tillegg er det noko fattigmyr, mest som fastmattemyr. Lyngheia er gjennomført fattig (frisk til tørr type). Det ligg fleire små myrtjønner og puttar i området.

Desse er gjennomgåande dystrofe med mykje humus og har ein sparsam flora av langskotplanter (mest kantnøkkerose og tjønnaks). Eit par myrområde, dels nær tjønnene er av intermediær til svakt rik karakter.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten.

*Artsfunn:* Ein typisk art er takrør som ofte dominerer på fastmattemyrane. På mjukmattemyr er derimot den uvanlege og regionalt omsynskrevande blystorren ofte dominerande. I tillegg førekjem m.a. artar som trådstorr, småsivaks, gulstorr og flaskestorr. Viltfunksjon (ikkje vurdert her): Fuglelivet er ikkje spesielt rikt, men inneheld fleire interessante og til dels sjeldne og raudlista artar. I det største tjønna vart eit varslande raudstilkpar registrert, og ei vaksen, varslande myrsnipe på myra i vestkant av tjønna. I tillegg vart varslande heilo registrert, og eit tranepar utan spesielle indikasjoner på hekking. Ganske sikkert hekkar alle dei tre vadarartane, og området bør også vera høveleg som hekkeplass for trane. Det er i tillegg eit potensielt leveområde for fleire våtmarksfuglar, m.a. ender som stokkand og krikkand og vadere som enkeltbekkasin og spover. For både myrsnipe og trane utgjer lokaliteten ein av dei aller sørvestlegaste aktuelle hekkeplassane i fylket. Elles vart ein voksen tornirisk hann sett i flukt over området. Arten er sjeldan i fylket, men hekker neppe innanfor denne lokaliteten. Heipiplerke er derimot ein spreidd hekkefugl.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi viktig (B), fordi han har intakt låglandsmyr med ein regionalt sjeldan planteart som førekjem i god bestand. Som viltlokalitet (ikkje vurdert her) kan verdien verta høgare fordi to sjeldne og dels truga fugleartar førekjem.

### Skjøtsel og omsyn

Plantelivet er spesielt sårbart for grøfting og fysiske inngrep. Fuglelivet er særleg sårbart for forstyrning. I tillegg vil både artane og miljøet vera sårbart for attgroing med tre, og fleire av fuglane reagerer negativt på andre fysiske inngrep.

## 109 Sørvest for Vikan (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-109
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 983-984 803-805
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 5-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkanter
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2004, JBJ

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten består av kantsonene til riksvegen, i 1-2 m breidd ved Åsheim mellom Sunde og Vikan. Han er omgjeven av mest myr, lynghei og litt kulturing. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkanter på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-arter. Kalkkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og om hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukke opp, spesielt raudskivesopp.

*Vegetasjon:* Kalkrike, tørre engsamfunn, oftast på skjelsand.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Dette har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteenger i distriktet.

*Artsfunn:* Dei registrerte vegkantane sørvest for Vikan inneheldt fleire av dei kravfulle artane. M.a. førekjem den regionalt truga arten bittersøte i gode bestandar som tyder på gode forhold for arten og ein god frøbank. Elles vart det funne artar som jåblom, kjertelaugnetrøst, kornstorr, loppestorr, rundskolm, småengkall, storblåfjør, stortviblad og vill-lin. I nærleiken av vegen vart det og funne knollerteknapp i lyngheia.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, men artsmangfaldet er ganske høgt med innslag av fleire regionalt truga artar. Lokaliteten får derfor verdien B (viktig).

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiene er å slå vegkantane årleg. Tilsåing med framandt grasfrø, attveksing med kratt og busker langs kantane og hard vegrensk er uheldig.

## 110 Vikan: Sandstølen sør (låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-110
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0033 7880
<b>Høgd over havet:</b>	20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Grøfting, oppdyrking, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	25.06.2003, GGa (Larsen & Gaarder 2004, lok. 12)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten ligg sørvest for eit anna viktig myrområde (lok. 114 - Marittjørna, lok. 6 hos Larsen & Gaarder), og består av eit slakt myrkledd dalføre omgjeve av open lynghei. Det renn ein liten bekk roleg gjennom dalen, dels meandrerande. Opprinneleg manuskart er tapt hos Statkraft, lokaliteten er avgrensa etter minnet i ettertid av Geir Gaarder, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Det er mest fattig fastmattemyr. Langs bekken er det i tillegg innslag av meir kravfull vegetasjon, med intermediære storrartar og einskilde høgstauder. I tillegg kjem mindre flekkar med mjukmatte-lausbottenmyr.

*Kulturpåverknad:* Ikkje oppgjeve.

*Artsfunn:* Av størst floristisk interesse er forekomst av dikesoldogg i somme av dei mest vegetasjonslause partia med lausbottenmyr. I desse vaks det også litt av blystorr og strengstorr. I tillegg kjem sparsam forekomst av ulike artar knytt til interemediære myrar, som myrsaulauk, ryllsiv, myrmjølke, kornstorr, myrsnelle, takrør, trådstorr, dvergjamne og særbusstorr, i tillegg til artar knytt til småputtar og vass-sig som grøftesoleie, elvesnelle, bukkeblad og kysttjønnaks. Ellers forekom noko dvergbjørk på dei fattige fastmattemyrane.

*Verdsetting:* Som eit intakt myrområde som grenser til andre intakte myr- og heilandskap er det naturleg å gje området verdi viktig (B). Dette vert styrkt av forekomsten av fleire regionalt uvanlege artar, mellom desse ein som vert rekna som sterkt truga og har svært få andre forekomstar i regionen (dikesoldogg).

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å la området få liggja mest muleg i fred. Spesielt alle former for grøfting av myrane og senking/utretting av bekken er uheldig. I tillegg er det klart ønskjeleg at planta bartre i nærområdet (særleg på sørsida) vert fjerna.

## 111 Vikan: Sandstølen vest (dammar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-111
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9964 7982
<b>Høgde over havet:</b>	30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Dammar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Grøfting
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.2003 GGa (Larsen & Gaarder 2004, lok. 4)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten ligg i vestkanten av eit delvis oppgjeve dyrkingsfelt sør for Vikan (delar av feltet gror no att, og deler er nyleg tilplanta med gran). Det består av ein ganske grunn myrpytt som truleg delvis er naturleg og delvis skapt i samband med oppdyrkingsaktivitetane. Opprinneleg manuskart er tapt hos Statkraft, lokaliteten er avgrensa etter minnet i ettertid av Geir Gaarder, Miljøfaglig utredning AS. Avgrensinga er derfor nokså usikker.

*Vegetasjon:* Høgstorrump, flyteblad- og langskotvegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Miljøet rundt er noko forstyrta av m.a. grøfting.

*Artsfunn:* Floraen i og inntil putten er ganske triviell med artar som elvesnelle, flaskestorr, tjønnaks og hesterumpe. Lokaliteten har likevel ein viss verdi sidan den regionalt uvanlege planta veikveronika veks sparsamt her. Elles vart raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula* sett.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C), sidan ein regionalt uvanleg og omsynskrevande sumpplante førekjem.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er truleg å la lokaliteten få liggja stort sett i fred. Ekstensivt beite vil vera positivt.

## 112 Vikan: Sandstølen (kalkrike enger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-112
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0001 7982
<b>Høgde over havet:</b>	20-25 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike enger
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Massetak, attgroing, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.07.1972 (Leif Malme, herb. O, Malme 1974b), 27.06.2003 GGa, (Larsen & Gaarder 2004, lok. 2)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten grensar til lok. 1 hos Larsen & Gaarder 2004 (Sandstølen nord, lok. 113 her). Lokaliteten ligg langs bekken, i eit parti der han slynger seg gjennom nokre naturlege haugar med lausmassar (skjelsand). Lokaliteten er omgitt av open lynghei og fattig myr. Det er litt oppslag av busker og kratt i området, både av lauvtre og einer.

Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Kalkrik, gras- og urterik vegetasjon, ikkje nærare klassifisert.

*Kulturpåverknad:* Landbruksvegen endar her, og det har tidlegare vore tatt ut litt skjelsand frå to av haugane langs vegen, og det har vore laga ei lita grøft langs vegen som har leia vekk vatnet frå nedre deler av bekken. Andre deler av området er upåverka av fysiske inngrep.

*Artsfunn:* Skjelsandforekomstane har medført at området har ein sjeldan rik flora med høgt innslag av kalkkrevande artar. Den mest sjeldne arten er fjellplanta dvergsnelle, som veks i eit par stader i skjelsandbanken nordaust i lokaliteten (funnen 1972 og 2003). Dette er einaste kjende låglandsforekomsten av arten på Vestlandet, og dei næraste lokalitetane ligg oppe i fjellet i indre deler av Sunndal (og Rauma) kommuner. I tillegg bør ein liten forekomst av krypvier, sannsynlegvis rasen sandvier, nemnast. Arten vart funnen i noko som nærast må kallast eit lite dynetrau nordvest i lokaliteten. Krypvier er ein sørleg art og dette er ein av landets nordlegaste kjende førekemstar. I Møre og Romsdal er berre nokre få andre lokalitetar kjent. Av andre artar kan nemnast fleire kalkkrevande fjell- og myrplanter som hårstorr, småsivaks, engstorr, loppestorr, jåblom, bjønnbrodd, fjelltistel og svarttopp, og ei rekkje (andre) naturengplanter som kvitmaure, gulmaure, kornstorr, tepperot, lækjeveronika, vill-lin, dunhavre, gjeldkarve, marinøkkel, fjellmarikåpe,

harerug, hårsvæve, katterot, gulaks, prestekrage, sauesvingel, smalkjempe, tiriltunge og (kjertel)augnetrøst. I tillegg vart m.a. gåsemure og sverdlilje funne. Både dunhavre, marinøkkel, dvergsnelle og krypvier står på lista over regionalt sjeldne artar. Også gulmaure er ein regionalt uvanleg og kravfull art. Også på denne strekninga førekjem kransalgearten skjørkrans i bekken. Malme (1974b) var den som først oppdaga dei floristiske verdiane til denne lokaliteten. Han fann i stor grad dei same artane som dei som vart funne i 2003, men i tillegg også musøyre, og ein del regionalt uvanlege moseartar.

*Verdsetting:* Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A). Dette skuldast framfor alt den svært sjeldne naturtypen. Naturleg meanderande bekker gjennom skjelsandbanker som er lite påverka av inngrep er ein naturtype som knapt er kjent frå andre stader på Vestlandet og som generelt må vera svært sjeldan i heile landet. I tillegg førekjem det her eit par regionalt sjeldne til svært sjeldne planteartar og fleire uvanlege og kravfulle artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen nye fysiske inngrep bør forekoma i og inntil lokaliteten. Dette gjeld sjølv enkel opprusting av den eksisterande veggen. Ein bør også vera varsam med inngrep i nærområdet, m.a. for å unngå næringstilsig. Eit ekstensivt beite hadde vore sterkt ønskelig, da området no gror langsamt att og taper gradvis verdi. Tidlegare inngrep har ført til at denne attgroinga går raskere enn det som ville ha vore naturleg, og alle nye inngrep kan lett føra til ytterlegare forverring av situasjonen.

## 113 Vikan: Sandstølen nord (bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-113
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9971 8037
<b>Høgde over havet:</b>	15-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvann/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktige bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Forureining, grøfting/bekkelukking
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1974b), 26-27.06.2003, GGa (Larsen & Gaarder 2004, lok. 1)

### Områdeskilddring:

*Generelt:* Lokaliteten består av ein liten bekk med tilhøyrande smal kantsone (1-5 meter brei). Bekken renn roleg gjennom eit grunt lite dalføre. Stadvis er han svakt meanderande. Han er omgjeven av attgroande lynghei og eit par mindre attgroande kulturrengjer. Lokaliteten er også kortfatta omtala av Malme (1974b). Bekken er registrert i første rekkje fordi han verkar naturleg svakt frodig og samtidig er lite påverka av inngrep. I tillegg er det ein ganske rik flora i og inntil bekken. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS. *Vegetasjon:* Høgstorrump, langskogvegetasjon, flytebladvegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Ein enkel landbruksveg som no mest ikkje vert nytta lenger krysser bekken heilt i nord og på ny rett sør for den avgrensa lokaliteten (innanfor lokalitet 2 - Sandstølen). Nedre deler av bekken er retta ut og er ikkje inkludert i lokaliteten. Bekken ber lite preg av forureining og andre påverknader.

*Artsfunn:* M.a. veks den regionalt uvanlege og omsynskrevande arten veikveronika lokalt ganske vanleg langs nedre deler av bekken. Den regionalt uvanlege kransalga skjørkrans *Chara delicatula* er stadvis vanleg. Elles kan nemnast typiske og meir vanlege artar som grøftesoleie, flaskestorr, hanekam, kysttjønnaks, klovasshår og mannasøtgras. Det vart sett ein del småaure i bekken, og den er sannsynlegvis ein lokalt viktig gyte- og oppvekstplass for aure.

*Viltfunksjon:* Eit par med svartstrupe vart sett i området på 1990-talet, og det er ikkje usannsynleg at arten kan ha hekka her.

*Verdsetting:* Lokaliteten får under tvil verdi viktig (B). Slike naturleg rike og samtidig lite påverka bekker er svært sjeldan å finna i låglandet i Møre og Romsdal. Kanskje er det berre på Smøla det er muleg å finna tilsvarende eller betre utvikla utformingar av naturtypen i fylket. Samtidig førekjem eit par regionalt uvanlege artar i bekken. Det er derfor muleg at verdien skulle ha vore sett enda høgare.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at spesielt bekken, men også nærliggjande deler av nedbørfeltet, vert generelt spart for påverknad. Både jordbruksdrift og skogbruksdrift vert vurdert som negative, med unntak av forsiktig uttak av enkelttre og ekstensivt beite. Særleg det siste vil vera positivt. Tilslamming av bekken, forureining eller nedbygging er eksempel på svært negative tiltak.

## 114 Vikan: Sandstølen: Marittjøna (intakt låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-114
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 002-010, 793-801
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 25-35 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr

**Naturtype:** Intakt låglandsmyr, rikmyr  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Grøfting, oppdyrking, tekniske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** BHL 27.06.2003, GGa 25.07.2003 (Larsen & Gaarder 2004, lok. 6)

#### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten omfatter myr- og lyngheiområde med tjøenner og småpyttar aust for Sandstølen. Landskapet er temmeleg flatt med større myrflater og mindre kollar med lynghei. Opprinneleg manuskart er tapt hos Statkraft, lokaliteten er avgrensa etter minnet i ettertid av Geir Gaarder, Miljøfaglig utredning AS. Avgrensinga er derfor usikker.  
*Vegetasjon:* Skog- og krattvegetasjon er fråverande. Vegetasjonen er gjennomgåande fattig, men med einskilde intermediaære mjukmatte-lausbotnmyrar, der m.a. regionalt uvanlege artar som blystorr og strengstorr veks. Tjøenna og puttane i området er vegetasjonsfattige og humusrike. Også rundt tjønna veks artar som blystorr og strengstorr, og noko takrør.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten.

*Artsfunn:* I tillegg til blystorr og strengstorr kan nemnast myrsaulauk og trådstorr. På ein stad vart også breiull funnen. Viltfunksjon: Varslande, vaksne myrsnipar (1 individ på kvar lokalitet) vart observert nordvest for den største tjønna og aust for den austligste putten. Det må derfor forventast at arten hekka i området i 2003. Dette kan vera sørleg myrsnipe, som står som direkte truga (E) på raudlista. Hekkebestanden ellers vart dominert av heippiplerke.

*Verdsetting:* Verdien som naturtype vert sett til C (lokalt viktig) fordi lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for B. (Verdien som viltlokalitet kan settast til A (svært viktig) – dersom det er sørleg myrsnipe som hekkar, ellers B. Kombinert verdi av vilt og naturtypar vil derfor verta høgare enn C.)

#### Skjøtsel og omsyn:

For vegetasjonen vil drenering og attgroing med skog vera mest negativt.

## 115 Vikan: Skutholmen (slåtteenger)

**Lokalitetsnummer:** 1548-115  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** LQ 98 82  
**Høgde over havet:** 0-5m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtteeng  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av slått og beiting, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 13.10.1992, SS, JBJ & Siv Aksdal, 13.10.1993, JBJ, 30.09.1994 GGa & JBJ, 05.10.1995 (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995a, Aksdal 1994), 01.10.2003, Trond Schumacher, Anne Grete Sandnes, Inkeri Männikkö (professor og to hovudfagsstudentar frå Blindern) & JBJ, 24.09.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Øy ut mot Hustadvika utan vegsamband, ein fastbuande (Asbjørn Skutholm). Deler av øya har vorte slått med ljà i alle år, og vert det framleis (2003).

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), finnskjeggeng (G1), litt fukteng og lynghei, grunnlendt over berg, delvis tørkeutsett. Ein må gå ut frå at det er noko saltpåverknad. Brakkvassmiljø med havsivaks.

*Kulturpåverknad:* Ein hadde eit par kyr til 1993, seinare oksar. Noko av slåttemarka er ugjødsla (mest artsrik), medan noko vert gjødsla med fastgjødsel. Det har vore bruka litt gjødsel på beita.

*Artsfunn:* Mest spesielt er gode bestandar av slimjordtunge *Geoglossum difforme* (E=direkte truga) som vart funnen her i 1992 for første gong i Noreg (pr. 2004 er det berre 3 andre kjente lokalitetar). Denne arten har framleis truleg under 20 publiserte lokalitetar i Europa Vidare vart første funn i Noreg av den sjeldne vokssopparten *Hygrocybe vitellina* gjort her, arten vart seinare kalla gul slimvokssopp (V=sårbar, jf. omtale i Jordal & Gaarder 2002). Det er kjent 31 artar av beitemarkssopp, av desse var det 15 vokssopp-artar. Den direkte utryddingstruga jordtungearten slimjordtunge vart attfunnen i god bestand også i 2003 og 2004. I 1994 vart ein annan og minst like sjeldan jordtungeart funnen på Skutholmen, sumpjordtunge *Geoglossum uliginosum* (E=direkte truga). Denne arten er berre kjent frå Sverige, Storbritannia og Noreg. Andre raudlistearter er skifervokssopp *Hygrocybe lacmus*, glasblå raudskivesopp *Entoloma caeruleopolitum* og beitehette *Mycena pelliculosa*. Det vart funne over 50 planteartar i grasmarkene, og av desse var det 15 naturengartar. Mellom desse var harerug, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras og småengkall. I 2004 vart det og funne havsivaks (regionalt sjeldan art) i ein liten brakkvassdam ved lokaliteten for slimjordtunge.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det her finst ugjødsla slåttemark som framleis vert slått med ljà. Dette er også sjeldant som kulturhistorisk fenomen, og viser på ein fin måte korleis fiskarbonden sitt landskap kunne sjå ut. I tillegg finst bestandar av svært sjeldne og akutt truga beitemarkssopp som gjev lokaliteten ein svært høg, nasjonal biologisk verdi. Lokaliteten tilhøyrer eit av dei nasjonalt viktige kulturlandskapsområda (Aksdal 1994, Iversen m. fl. 1994). Lokaliteten er biologisk (og truleg også kulturhistorisk) ein av dei mest særmerkte på kysten

av Møre og Romsdal. Dei mange truga artane finst her på grunn av langvarig og tradisjonell drift. Fleire av desse artane har vi i Noreg eit europeisk forvaltaransvar for.

### Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskeleg med framhald av ljåslåtten. Når den tid kjem at det vert for tungt for dagens drivar å halda fram, bør ein frå det offentlege si side leggja arbeid i å hjelpa med å finna løysingar som sikrar både kulturmiljøet og naturmiljøet på staden. Dersom det ein gong ikkje vert anna råd, er utleige til beite (sau, ungdyr) truleg eit akseptabelt alternativ for å halda kulturmarka i hevd.

## 116 Vikan (strandenger)

**Lokalitetsnummer:** 1548-116  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** LQ 997-998 813  
**Høgd over havet:** 0-1m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Strandeng og strandsump, tangvollar  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** Holten m. fl. (1986b, lok. 26.8), kontrollert 27.07.2004 JBJ, Naturbasenummer: 154803300

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Vikan, i botnen av ein beskytta våg der botnen er fylt med skjelsand og grus. På begge sider av vågen finst strandberg og røsslynghei. Inst i vågen er det strandenger som utgjer den her avgrensa lokaliteten.

*Vegetasjon:* Stor forekomst av salteng-typar. Fjøresaltgraseng (U4a), ishavsstorreg (U4c), øvre saltenger med saltsiv dominerer (U5a), brakkvassenger (U7) med fleire utformingar og tangvollar med mjødukt.

*Kulturpåverknad:* Riksvegen berører indre del av området.

*Artsfunn:* Middels artsrikt (59 artar) med ein sjeldan art, saltarve, elles ishavsstorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre areal med middels velutvikla strandenger.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 117 Vikan: Skutsanden (strandenger)

**Lokalitetsnummer:** 1548-117  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 000-002, 818-819  
**Høgd over havet:** 0-1 m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Strandeng og strandsump, tangvollar  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** Holten m. fl. (1986b, lok. 26.8), kontrollert 27.07.2004 JBJ, Naturbasenummer: 154803400

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg mellom Myra og Myrabø ved Vikan, og består av mudderflater og strandengvegetasjon på flate skjelbankar. Dette er ein våg som munnar mot vest, men som er beskytta mot vind frå andre retningar. I sør og nord ligg strandberg, medan det austafør er myr og fukthei. Totalarealet er om lag 600 x 20 m. Tilstand/avgrensing kontrollert 27.07.2004 (JBJ). Dei store mudderflatene har truleg viltfunksjon.

*Vegetasjon:* Dominerande forekomst av salteng-typar. Fjøresaltgraseng (U4a), øvre saltenger med saltsiv dominerer (U5a), litt brakkvassenger (U7) med fjøresivaks og store tangvollar med kveke m.m.

*Kulturpåverknad:* Vegen berører lokaliteten i indre (austlege) deler, uttak av skjelsand i 1984.

*Artsfunn:* Middels artsrikt (64 artar) med ein sjeldan art: bogestorr. Ved vegkanten på nordsida (like utanfor avgrensa område) vart det funne marinøkkel og brudespore og observert bloddråpesvermaren *Zygaena filipendulae*.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrikt og middels velutvikla strandenglokalitet m.m.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 118 Vikan: Leirheim (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-118
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 999 814
<b>Høgd over havet:</b>	1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkanter
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	GGa 14.05 og 26.06.2003 (Larsen & Gaarder 2004, lok. 15)

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten består av mindre kantsoner langs hovudvegen, og ein liten bustadveg som går mot nord ut mot Naustholmen. Dels går lokaliteten over i strandeng i nordvest. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkanter på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-arter.

Vegkantane nær Vikan er ein del av dei interessante vegkantane i kommunen og har stadvis eit høgt innslag av naturengplanter, m.a. sparsamt innslag av den regionalt sjeldne arten bittersøte. Lokaliteten er avgrensa som på manuskart motteke av Bjørn Harald Larsen, Miljøfaglig utredning AS.

*Vegetasjon:* Kalkrike, tørre engsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Det har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteeenger i distriktet.

*Artsfunn:* Særleg interessant var bittersøte.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, og sjølv om artsmangfaldet er ganske høgt med innslag av ein regionalt truga art, er det påvist fleire vegkanter i kommunen med høgare mangfald og meir sjeldne og truga artar. Den avgrensa lokaliteten er heller ikkje spesielt stor. Isolert sett får han derfor berre verdien C (lokalt viktig). Sett i sammenheng med andre artsrike vegkanter i distriktet, kunne det vore naturleg å gje ein høgare verdi.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg, gjerne kombinert med fjerning av graset. Tilsåing med framandt grasfrø, attveksing med kratt og busker langs kantane og hard vegrensk er negativt.

## 119 Vikan-Male (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-119
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0039-0163, 8170-8312
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 5-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkanter
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.2003, JBJ

### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten består av kantsonene til riksvegen. Han er omgjeven av mest myr, lynghei og litt kulturesseng. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkanter på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-arter. Kalkkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og om hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukke opp, spesielt raudskivesopp.

*Vegetasjon:* Kalkrike, tørre engsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Dette har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteeenger i distriktet.

*Artsfunn:* Dei registrerte vegkantane mellom Vikan og Male inneheldt fleire av dei kravfulle artane. M.a. førekjem den regionalt truga arten bittersøte i gode bestandar som tyder på gode forhold for arten og ein god frøbank. Elles vart det funne kravfulle artar som marinøkkel, vill-lin og storblåfjør, og elles rundskolm, prestekrage, karve, nyseryllik, harerug, dvergbjørk, gåsemure, skogmarihand, enghumbleblom og raudknapp.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, men artsmangfaldet er ganske høgt med innslag av fleire regionalt truga artar. Lokaliteten får derfor verdien B (viktig).

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg. Tilsåing med framandt grasfrø, attveksing med kratt og busker langs kantane og hard vegrensk er uheldig.

## 120 Ruggeosen (strandenger m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-120
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 007 822
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng og strandsump, undervassenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av deler av arealet ved utløpet av Rugga. Det som er avgrensa er i første rekkje intakte strandenger og brakkvassdammar på begge sider av riksvegen. Lokaliteten kunne og ha vore betrakta som eit brakkvassdelta og da kunne noko meir av utløpet ha vore avgrensa.

*Vegetasjon:* Brakkvassenger med m.a. raudsvingel, elles brakkvassdammar med småhavgras.

*Kulturpåverknad:* Etter omlegging av riksvegen deler denne lokaliteten i to, men sjøvatn slepp inn gjennom ein vasspost slik at småhavgraset har gode tilhøve.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. fjøresaltgras, ishavsstorr, rustsivaks, shetlandsaugnetrøst, småhavgras og sverdlilje. Elles vart det observert oterstigar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit strandområde med einskilde interessante artar.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for fleire fysiske inngrep.

## 121 Male: Askevågen (undervassenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-121
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 009-011, 828-830
<b>Høgd over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Undervassenger, strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.07.1973, Kristiansen (1974), 27.07.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er indre del av Askevågen ved Åsbøen vest for Male. Det er ein smal våg som ikkje fell tørr fordi vassutskiftinga er hemma av ein kryssande veg.

*Vegetasjon:* Undervassenger med småhavgras. Smal strandsone med strandenger (fjøresivaksenger, krypkveinenger, raudsvingelenger, saltsivenger) og driftvoll-samfunn.

*Kulturpåverknad:* Ein veg som kryssar Askevågen har avgrensa vassutskiftinga slik at området innanfor får liten vassstandsvariasjon og vert høveleg for havgras.

*Artsfunn:* Under vatn finst gode bestandar av småhavgras. I strandengene var det m.a. fjøresaulauk, fjøresivaks og saltsiv.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av undervassengene med småhavgras.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 122 Maletangen (naturbeitemark, tangvollar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-122
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 013-015 835-838
<b>Høgd over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark, fuktenger, tangvollar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.07.1973, Kristiansen (1974), 27.07.2004, JBJ



### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Tangen på Male. Her er store tang- og tarevollar, naturbeitemark på Tangen og fuktenger i eit sumpområde innanfor.

*Vegetasjon:* Friske fattigenger (G4), fuktenger med ein del nitrofile planter og store driftvollar med viltfunksjon (viktig trekkområde for fugl), innslag av strandrug-samfunn.

*Kulturpåverknad:* Framleis beiting av storfe. Steinmurar frå eldre tid.

*Artsfunn:* I beitemarka var det m.a. blåklokke, gjeldkarve og gulmaure. Driftvollane inneheld stort sett vidt utbreidde, nitrofile artar som hestehavre, mjøddurt, sløkje, tangmelde, kveke og hundekjeks, dessutan ein del strandrug.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med ein mosaikk av middels velutvikla naturbeitemark og større tangvollar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Beiting i naturbeitemarka er viktig for å oppretthalda mangfaldet i denne.

## 123 Aust for Maletangen (kalkrike enger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-123
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 016-017 837-838
<b>Høgde over havet:</b>	1-3m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kuloturlandskap, havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike enger, kalkrike strandberg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.07.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg aust for Tangen på Male, mellom dyrka mark og sjøen, og er dominert av strandberg og anna fastmark med innhald av skjelsand.

*Vegetasjon:* Baserike enger (G7/G11).

*Kulturpåverknad:* Beiting av storfe (og grågåås).

*Artsfunn:* I engen vart det funne m.a. bitterbergknapp, bittersøte (sparsam, MQ 0169 8377), blåklokke, blåkoll, bogestorr, dunhavre, gjeldkarve, hårstorr, jåblom, karve, kornstorr, loppestorr, myrsaulauk og småengkall. Dette er ein av dei få stadene i Møre og Romsdal at bittersøte veks i naturleg vegetasjon.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er kalkrike enger og kalkrike strandberg med interessant flora. Dette er regionalt ein sjeldan naturtype.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 124 Male: ved Malehammaren (sandstrand, tangvollar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-124
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 019-023, 835-837
<b>Høgde over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst, kulurlandskap
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand, tangvollar, kalkrike enger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.07.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit større sandstrandområde som ligg vest og sør for Malehammaren, mellom dyrka mark og sjøen. Sjølve Malehammaren er ein markert strandbergknaus som tidlegare truleg har vore beita.

*Vegetasjon:* Sandstrendene hadde eit belte av tangmelde, og innanfor der driftvollsamfunn med hestehavre, mjøddurt, kveke, krushøymole, hundekjeks m.m.

*Kulturpåverknad:* Litt uttak av sand, litt søppel.

*Artsfunn:* I stranda vart det m.a. funne strandarve, strandreddik og kystbjønnekjeks. På Malehammaren og ein stor stein i stranda (MQ 0211 8361) vart det funne bakkeveronika, bitterbergknapp, enghumleblom, gjeldkarve, gulmaure, hårsvæve, knegras, raudknapp, sandarve, vill-lauk, vårskrinneblom, desse er dels artar knytt til tørre, gjerne litt baserike bakkar og berg i kulurlandskapet, og er truga av attgroing.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mosaikk av velutvikla tangvollar og kalkrike enger med interessant flora, ein regionalt sjeldan naturtype.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Malehammaren burde ha vore beita.

## 125 Vikan: ved innsida av Soløya

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-125
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 992-993, 811
<b>Høgd over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i botnen av ein langstrekt våg på innsida av Soløya ved "sentrum" av Vikan. Ein liten bekk renn ut og dannar ein brakkvassdam omgjeven av strandenger. Dammen hadde lite siktedjup (<20 cm) og ein del grønalgar.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen består mest av brakkvassenger, dels dominert av saltsiv, dels av raudsvingel, og litt tangvollsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Grensar til dyrka mark, veg og busetnad.

*Artsfunn:* Det vart ikkje funne uvanlege artar.

*Verdsetting:* Lokaliteten vert verdsett til C (lokalt viktig) fordi han truleg ikkje tilfredsstillir kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 126 Nerlandsbukta naturreservat (brakkvassdelta, sanddyner)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-126
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 025-039, 821-837
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta, sanddyner, strandeng og strandsump, tangvollar, undervassenger, kalkrike enger
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende, del av Nerlandsbukta naturreservat (verna 08.11.02)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.07.1895 (Dahl 1897), Kristiansen (1974), Holten m. fl. (1986b, lok. 26.10, besøkt 30.08.1984), Oterhals (1996), 14.07.2003, 27.07.2004 og 24.09.2004, JBJ, Naturbasenummer: 154811001

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på Hustad utanfor utløpet av Sagelva og Hustadelva som går ut i ein langstrekt vågos. Sandområda ved Nerland og Malefeta er klassiske sanddynelokalitetar som har vore vitja av mange botanikarar gjennom tidene, m.a. Dahl (1897) og Kristiansen (1974). Det er ein topografisk variert havstrandslokalitet med strandenger, sandstrender og strandberg. Den her avgrensa lokaliteten er identisk med naturreservatet sidan dette kan klassifiserast som den prioriterte naturtypen brakkvassdelta, med innslag av andre strandtypar (strandeng, sanddyner, undervassenger). I tillegg kulturlandskap med kalkrike enger og kalkrike strandberg nord for Malefeta, desse er no i attgroing.

*Vegetasjon:* Mest kjent er sørlege sanddyner ved Nerland og Malefeta med sandstorr og strandreddik. Ved Malefeta er det sparsamt med sanddyner i dag. Lokaliteten har ifølgje Holten (1986b) mellom anna det sjeldne plantesamfunnet strandreddik-forstrand (V4a), elles fordyne med strandarve (V6c), tangmeldevoll (V1c), fordyne med strandrug (V6b), og etablerte sanddyner (W2). I indre deler finst ulike saltenger, somme stader også strandberg. I nordre del ved Malefeta mot gravhaugane finst dels skjelsandenger og kalkrike strandberg som no er i attgroing.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til dyrka mark, vegar, naust og busetnad. Noko avrenning frå landbruksområde. Kjent gravhaug-område ved Malefeta. Lite/ikkje beiting ved Malefeta i 2003-2004.

*Artsfunn:* Middels artsrikt strandlokalitet (69 plantearter i 1984). Verdas nordlegaste forekomst av sandstorr og marehalm (marehalm er truleg forsvunnen), og verdas nest nordlegaste for strandkveke (truleg forsvunnen), elles er det tidlegare funne bakkesøte, marinøkkel, stortviblad og hjartegras (Dahl 1897). Kristiansen (1974) skreiv at marehalm førekom berre med få eksemplar "på Malefeta" 18.07.1973, men han fann ikkje strandkveke. Marehalm og strandkveke vart ikkje attfunne i 1984 og 2004. Elles strandreddik. E. Fondal har funne sandslirekne "Nerland, i sandfjære"

02.07.1954. Denne er heller ikkje attfunnen. Kjeldegras, tiggarsoleie og trådtjønnaks er belagt av Holten 30.08.1984 i "Hustadbukta", dette kan og ha vore i elveosen. I 2004 vart sandstorr attfunnen i Nerlandssanden, det vart observert ilanddrive ålegras, og elles vart det notert raudknapp, kjeglevokssopp og engvokssopp i attgroande skjelsandenger (JBJ). Skjelsandengene og dei kalkrike strandberga ved Malefeta fortener egne kommentarar. Dahl (1897) fann her m.a. sylarve, kystarve, bakkeveronika, vårskrinneblom, sandarve og vill-lin. Mellom riksvegen og stranda vart det i 2003-2004 funne bakkeveronika, bittersøte, dunhavre, enghumleblom, gjeldkarve, gulmaure, harerug, hårstorr, kattedot, knopparve, kornstorr, kvitmaure, lodnerubom, marinøkkel, raudknapp, rundskolm, sandarve, småengkall, vill-lauk, vill-lin og vårskrinneblom. Vidare vart det funne bakkesøte langs riksvegen ved MQ 0268 8304 (utanfor reservatet). Dette er ein av dei få stadene i Møre og Romsdal der bittersøte veks i tilnærma naturleg vegetasjon utanom kalkrike vegkantar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten i alle fall tidlegare var ein velutvikla og artsrik sanddynelokalitet med fleire dels sørlege og dels kalkkrevande planteartar. I dag synest fleire av dei kravfulle sanddyneartane å vera borte, kanskje pga. ein kombinasjon av dyrking og opphøyr av beite. Det er framleis ein intakt sanddynelokalitet, og reservatet har også andre kvalitetar med undervassenger, tangvollar, strandenger og dessutan store strandflater og gruntvassområde med viltfunksjon. I tillegg finst ved Malefeta velutvikla og artsrike kalkrike enger og kalkrike strandberg. Slike lokalitetar utgjer i vårt fylke svært små areal, og er derfor regionalt truga.

### Skjøtsel og omsyn

Vert regulert av verneforskriftene. Nerlandssanden er truleg i attgroing utan beiting, og einskilde planter knytt til sand i rørsle overlever truleg betre med husdyrtrakk. I tillegg vart det funne fleire naturengplanter og beitemarkssopp som synest truga av attgroing. Det er derfor ønskjeleg med beiting i strandsona. Det er også sterkt ønskjeleg at kalkengene ved Malefeta vert beita. Det kunne ha vore laga ein skjøtelsplan.

## 127 Sør for Hoksneset: Breivika

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-127
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 035-038, 844-848
<b>Høgde over havet:</b>	0-3 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng og strandsump, tangvollar, kalkrike strandberg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Kristiansen (1974), Holten m. fl. (1986b, lok. 26.11), 05.08.2004, JBJ, Naturbasenummer: 154802700

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på Hustad utanfor Nerlandsbukta ytst i den vågosen som er skapt av Sagelva og Hustadelva. Svært eksponert bukt mot vest med ujamn strandline med spreidde strandberg. Mellom strandberga ligg eroderte strandenger, strandsumpar og tangvollar. Beiteplass for grasender og vadarar. Hekkeplass for gravand, tjeld og ein del vadarar.

*Vegetasjon:* Påviste sjeldne samfunn: Balderbrå-saftstjerneblom-voll (V1f), tjønnaks-pøl (U2d), ferskvasspåvirka kjelde-grasvoll (U8/U9). Tangvollsamfunna er godt utvikla og førekjem med fine og fullstendige soneringar. Dei går i 2004 gradvis over i attgroande kulturenger. Elles fjøresaltgraseng (U4a), saltsiveng (U5a) og ulike brakkvassenger (U7), forutan strandbergvegetasjon. Små areal med kalkrike strandberg med basekrevande planter som blåstorr, hårstorr og jåblom. Små pyttar med vassplanter, m.a. trådtjønnaks.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til dyrka mark. Relativt lite påverka. I 1973 og 1984 beita av storfe, i 2004 i attgroing.

*Artsfunn:* Artsrikt (85 artar). Holten m. fl. (1986b) nemner m.a. saftstjerneblom, kjeldegras, trådtjønnaks og tiggarsoleie. Eit utval planter notert i 2004: blåstorr, flotgras, hesterumpe, hårstorr, jåblom, knopparve, kornstorr, kvann, markfrytle, musestorr, saltbendel (mykje), shetlandsaugnetrøst, strandstjerne, trådtjønnaks, tusenblad.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla og variert havstrandmiljø med fleire sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå forureining og fysiske inngrep. Det er ønskjeleg med beiting.

## 128 Farstad: Hoksneset, ved husa (kalkrike enger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-128
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0344-0348, 8523-8528
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 5-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap

**Naturtype:** Kalkrike enger  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 27.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg like ved dei fråflytta gardshusa på Hoksneset. Dette er truleg grunnlendt, tidlegare overflatedyrka mark med innslag av skjelsand i jordsmonnet. Lokaliteten har interessant flora, men er diverre i attgroing. Her kan det ha vore fleire kravfulle engartar enn dei som er att i dag.

*Vegetasjon:* Hestehavreenger og blåstorr-engstorrenger.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slåttemark, no i attgroing utan slått/beiting.

*Artsfunn:* Av planter vart det funne m.a. blåstorr, dunhavre, gjeldkarve, gulmaure, hestehavre, kornstorr, loppestorr, raudknapp, smalkjempe, småengkall, særbustorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er kalkrike enger med interessant flora, som er i attgroing.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskjeleg med oppattaking av beitinga, viss ikkje vil dei kravfulle artane gradvis forsvinna.

## 129 Farstad: Hoksneset (undervassenger)

**Lokalitetsnummer:** 1548-129  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 035 853  
**Høgd over havet:** 0-1 m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Brakkvasspoll, undervassenger  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 27.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Det er undersøkt ein brakkvassdam vest for Rotvika, like nordaust for dei fråflytta gardshusa på Hoksneset. Vatnet i dammen var lite salt, og det vart påvist småhavgras. Lokaliteten er omgjeven av flate svaberg m. oppsplitta, engprega vegetasjon.

*Vegetasjon:* Undervassenger (U2a).

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Småhavgras er ingen vanleg art i Møre og Romsdal, med relativt få lokalitetar i Fræna.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at ein mindre brakkvassdam med småhavgras truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

## 130 Farstad: Storholmen-Taksneset (naturbeitemark/kystlynghei)

**Lokalitetsnummer:** 1548-130  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 038-144, 855-857  
**Høgd over havet:** 0-10 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei, naturbeitemark, kalkrike enger  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av beite, fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 27.09.1992, JBJ (Jordal & Sivertsen 1992), 27.07.2004 og 24.09.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på halvøya mellom Taksneset/Rotvika i vest og Storholmen (Hustadvika gjestegard) i aust. Dei nordlege delene ut mot sjøen består av bergknausar. I indre del av desse berga ligg det meste av naturbeitemarka, særleg rundt Andersvika. Sørafor der, dvs. mesteparten av halvøya, består av ulike heitypar.

*Vegetasjon:* Mykje av arealet (70-80%) er overgangar mellom fuktig kystlynghei og kalkfattig fukteng med finnskjegg (G1), resten er m.a. frisk fattigeng (G4) og små areal med kalkrike enger, dels med blåstorr (truga vegetasjonstype).

*Kulturpåverknad:* Beita av storfe i 1992, i 2004 av 15-20 utegangarsauer inngjerda av straumgjerde.

*Artsfunn:* Av planter vart det m.a. funne bakkeveronika, bitterbergknapp, blåklokke, blåkoll, blåstorr, enghumleblom, gjeldkarve, gulmaure, jåblom, karve, knegras, marinøkkel, myrklegg, raudknapp, småengkall. Av beitemarkssopp vart det i 1992 notert 4 vanlege vokssoppantar. I 2004 vart det funne følgjande raudlisteartar av beitemarkssopp: *Entoloma caesiocinctum* (DC), bronseraudskivesopp *Entoloma formosum* (R), *Entoloma pratulense* (R) og russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (DC). Totalt er det kjent 21 artar av beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er eit velutvikla, variert og artsrikt kystkulturlandskap med både kystlynghei, naturbeitemark og kalkrike enger som framleis er i bruk. Det er lite intakte område att av denne typen kulturlandskap på Hustadvika. Det meste elles er i attgroing. Området Hoksneset-Storholmen er framleis eit av dei mest opne og trefattige områda på Hustadvika.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskjeleg med framhaldande beiting.

### 131 Farstad: vest for Storholmen (undervasseng)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-131
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 044 855
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Undervassenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg like vest for Hustadvika gjestegard ved Storholmen, sør for Andersvika. To brakkvassdammar ligg innanfor strandberga. Den sørlegaste av desse har gode bestandar av havgras.

*Vegetasjon:* Undervassenger av havgrasutforming. Rundt ligg brakkvassenger med fjøresivaks- og rustsivaks-enger, krypkvein m.m.

*Kulturpåverknad:* Ligg inntil turistsenter med diverse fysiske inngrep i nærområdet, beiteområde.

*Artsfunn:* Det vart påvist m.a. skruhavgras. Dette er einaste kjende lokaliteten i kommunen, og skruhavgras er generelt ein regionalt sjeldan brakkvassplante. Her i fylket finst dei viktigaste bestandane på Smøla.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten er undervasseng med skruhavgras som er ein regionalt sjeldan naturtype.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med minst muleg fysiske inngrep som påverkar dei hydrologiske tilhøva (tilførsle av ferskvatn og sjøvatn).

### 132 Farstad: aust for Storholmen (strandeng, driftvollar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-132
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 052-054, 849-850
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Tangvollar, strandeng og strandsump, naturbeitemark (i attgroing)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein våg som ligg like aust for Storholmen, nær det fråflytta bruket Bruhaugen. Vågen har både strandenger og driftvollar, litt attgroande naturbeitemark og ein brakkvassdam utan særlege funn. Truleg vesentleg funksjon for våtmarksfugl.

*Vegetasjon:* Brakkvassenger med krypkvein, raudsvingel m.m. Vidare driftvollsamfunn med mykje hestehavre, og elles mjøddurt, hundekjeks, kveke, stornesle, sløkje m.m.

*Kulturpåverknad:* Ein traktorveg m. grøft går ut til naust lenger ut. Eit jaktskjul med torvtak er truleg laga for gåsejakt. Lokaliteten har tidlegare vore beita, kanskje også slått, men er no i attgroing.

*Artsfunn:* Det vart påvist m.a. havbendel i strendene, og m.a. dunhavre, gulmaure og raudknapp i dei attgroande engene ovanfor tarevollane. Viltobservasjonar: Raudstilk viste hekkeindikasjon, elles gravand og merke etter grågås.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større strandeng- og tangvollområde med interessante artar, og gammal beitemark også med interessante artar (diverre i attgroing).

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med beiting (utan gjødsling). Det er ønskeleg med minst muleg fysiske inngrep.

## 133 Farstad: Farstadberget (kalkrike enger, kystlynghei)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-133
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 060 851
<b>Høgd over havet:</b>	0-8m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike enger, kystlynghei
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, noko inngår i Farstadbukta naturreservat (verna 08.11.02)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	25.06.2003, JBJ, Naturbasenummer: del av 154802800

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på Farstad på vestsida av utløpet av Farstadelva ved eit lite gardsbruk og består av knausar med ein del skjelsand og lynghei, kanskje og baserik berggrunn. Deler av naturtypen går så vidt inn i nordvestlege del av Farstadbukta naturreservat, men i lokalitet 133 er avgrensa berre det som ligg utanfor.

*Vegetasjon:* Dels tørre kalkenger, dels meir fuktige med tillaup til dunhavreng, litt av den meir vanlege frisk fattigeng, og dels lynghei.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var beita av hest og sau (2003-2004).

*Artsfunn:* Svært artsrik lokalitet (ca. 95 artar). Mest interessant var vill-lin, lodnerubloom, sandarve, flekkmure, storblåfjør, bakkeveronika, marinøkkel, vill-lauk og truleg fjellrapp. Elles vart det m.a. funne liljekonvall, raudknapp, småengkall, gjeldkarve, kvitmaure, åkerminneblom, dunhavre, gulmaure, nyresoleie, kornstorr, enghumbleblom, harerug, bitterbergknapp, jonsokkoll, karve, vårskrinneblom, smalkjempe, aurikkelsvæve og knegras.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei svært artsrik kalkrik tørreng med stort potensiale for beitemarkssopp. Dette er ei av dei få skjelsandengene på kysten her som framleis vert beita og ikkje er i attgroing. Dei artane som vart opplista som interessante er dels på veg ut på kysten.

### Skjøtsel og omsyn

Det viktigaste er at lokaliteten vert beita, og at det ikkje vert gjødsla eller utført nye tekniske inngrep.

## 134 Farstadbukta naturreservat (brakkvassdelta, sanddyner)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-134
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 060-065, 848-864
<b>Høgd over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta, sandstrand, sanddyner, tangvollar
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende, del av Farstadbukta naturreservat (verna 08.11.02)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Dahl (1897), 06.-08.08.1948, Rolf Nordhagen (herb. O), 04-05.07.1954 (Gjærevoll 1954), 19.07.1971, A. Skogen & E. Fremstad (herb. BG), Kristiansen (1974), 06.08.1978 & 24.07.1979, Leif Malme, 15.10.1980, B. Sveum & S. Sivertsen (Jordal 1993), 15.09.1982 M. Sæbø & S. Sivertsen (Jordal 1993), Holten m. fl. (1986b, lok. 26.12), Oterhals (1996), juli 2002, Tore Frøland, 13.10.2002, GGa, 25.06.2003 og 03.06.2004 og 24.09.2004, JBJ, Naturbasenummer: 154802800

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på Farstad ved utløpet av Farstadelva som renn ut i ei bukt fylt med sand. Eksponert område, med rullesteinstrand i nord og sanddyner i sør. Dette er ein klassisk sanddynelokalitet som har vore vitja av mange botanikarar gjennom tidene, m.a. Dahl (1897) og Gjærevoll (1954). Lokaliteten er verdas nordlegaste sanddynelokalitet av sørleg type. Lokaliteten kan m.a. klassifiserast som brakkvassdelta og er derfor avgrensa identisk med Farstadbukta naturreservat.

*Vegetasjon:* Sørlege sanddyner med strandreddik (underarten nordsjøreddik). Lokaliteten har mellom anna det sjeldne plantesamfunnet strandreddik-forstrand (V4a), elles fordyne med strandarve (V6c), tangmeldevoll (V1c), fordyne med strandrug (V6b), og etablerte sanddyner (W2).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til dyrka mark. Tidlegare var lokaliteten større, men ein god del har vorte dyrka i 1986. Friluftsområde med badeplass, tilkomstveg, parkeringsplass m.m.

*Artsfunn:* Middels artsrikt av planter (66 artar, Holten m. fl. 1986b). Verdas nordlegaste førekomst av strandkveke (Dahl 1897, Gjærevoll 1954, Kristiansen 1974). Arten er sist sett av Leif Malme 06.08.1978. Bleiksøte vart funnen her

(Gjærevoll 1954), sist sett 24.07.1979 (Leif Malme). Arten er truleg forsvunnen som følgje av dyrking, han vaks her ved sørgrensa si i Skandinavia. Einaste kjente intakte førekomst av bleiksøte i Møre og Romsdal er no ved Hopen på Smøla (1999). Sandsiv funne av Nordhagen i 1948 er heller ikkje funnen i nyare tid. Elles strandreddik, engstorr, stortviblad, østersurt, marianøkleblom (ca. 300 planter sett i 2004, JBJ), tiggarsoleie og blåstorr. Marianøkleblom finst i Møre og Romsdal berre her og på Skotten. Eilif Lunde (lærar Eide) fann sandslirekne "på Farstad" (truleg her) i august 1964 (herb. O). Andre noterte planter i 2003: dunhavre, gulmaure, strandrug, gjeldkarve, strandarve, engsmelle, smalkjempe, hestehavre, småengkall, tangmelde, skvallerkål, strandreddik, gåsemure, kveke, åkerminneblom, markrapp, spansk kjørvel. Når det gjeld sopp, er det funne fleire raudlisteartar i sanddynene: *Entoloma phaeocyathus* (R=sjeldan, einaste funn i fylket, funnen 1980 og attfunnen 24.09.2004), dynetunge *Geoglossum cookeianum* og spissvokssopp *Hygrocybe persistens* (begge DC=omsynskrevande) (Jordal 1993). Dessutan vart det i 2004 funne ein interessant skjermssopp (*Pluteus* aff. *phlebophorus*). Bleiksøte, sandsiv, strandkveke og sandslirekne synest å vera utgått.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit større brakkvassdelta, og framleis er eit sanddynesystem med betydeleg artsriksdom, fleire regionalt sjeldne artar, og tidlegare funn av fleire raudlisteartar og andre sjeldne planteartar. Dessutan inngår litt kalkrike enger/kalkrike strandberg ved Farstadberget (jf. lokalitet 133).

### Skjøtsel og omsyn

Vert regulert av verneforskriftene. Beiting er ønskjeleg ved Farstadberget, kanskje også i Farstadsanden. Det kunne ha vore laga ein skjøtelsesplan.

## 135 Farstad: Breivikbukta (sandstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-135
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 065 859
<b>Høgd over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand, tangvollar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.07.2004, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på Farstad nord for Farstadbukta naturreservat, sør for Nordneset. Breivika er full av finsand. Flate sandflater fell tørre på fjøre sjø, inst i bukta er ei brattare sandstrand som ender i tarevollsamfunn øvst på rullestein som dels er fylt med sand (dels rydda frå dyrkamarka ovanfor).

**Vegetasjon:** Sandstrand med tangmeldevoll (V1c), noko tiggarsoleie/kjeldegras og hestehavrevoll. Litt strandrugvegetasjon.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten grensar til dyrka mark. Rydding av marka har produsert ein del stein som har hamna øvst i stranda.

**Artsfunn:** Her vaks m.a. strandreddik, kjeldegras og tiggarsoleie i gode bestandar. For dei to siste kan dette vera ein av dei største bestandane i fylket, som dominerer eit areal på ca. 60 x 2 meter. Elles amerikamjølke, dikeminneblom, spansk kjørvel, strandarve og strandrug.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei sanstrand med fleire regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 136 Farstad-Skotten (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-136
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 069-087, 854-860
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 10-15 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkanter
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2001, GGa & FO (ved Skotten), 14.07.2003, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten består av kantsonene til riksvegen om lag frå avkjørsla til Breivika og austover til Skotten. Han er omgjeven av myr, busetnad og dyrka mark. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkanter på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-artar. Mineralrike og

baserike vegkantar som vert slått har eit stort plantemangfald som tidlegare truleg var vanleg i naturenger i kulturlandskapet. Kalkkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og om hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukke opp, spesielt raudskivesopp.

*Vegetasjon:* Kalkrike, tørre engsamfunn, oftast på skjelsand.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Dette har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteenger i distriktet.

*Artsfunn:* Den registrerte vegkanten ved Farstad inneheldt mange av dei kravfulle artane. Raudlistearten kystengkall er truleg funnen her (innsendt, ikkje stadfesta). Beitemarkssopp: bronserøds-kivesopp *Entoloma formosum* (R=sjeldan), fiolett røds-kivesopp *Entoloma mougeotii* (R=sjeldan, kalkkrevande), spiss vokssopp *Hygrocybe persistens* (DC=omsynskrevande, kalkkrevande), *Entoloma serrulatum* og *Entoloma cf. lividocyanulum*. Pokalmorkel *Helvella acetabulum* (kalkkrevande) voks i kanten av ein privat veg på Skotten. Den regionalt sjeldne og truga plantearten bittersøte førekjem i bestandar som er så store at det må vera dei viktigaste i heile fylket. Ved MQ 0705 8555 vart det registrert opp til ca. 60 planter av bittersøte på 1 m<sup>2</sup>, og ved MQ 0726 8572 vart det registrert ca. 80 bittersøteplanter på 1 m<sup>2</sup>. Dette er ekstremt tette bestandar som tyder på gode forhold og ein god frøbank. Elles vart det funne kravfulle artar som blåklukke, blåkoll, blåstorr, brudespore, dvergjamne, gulmaure, gulsildre, jåblom, karve, kjertelaugnetrøst, knegras, kornstorr, marinøkkel, prestekrage, raudknapp, rundskolm, smalkjempe, stormaure, stortviblad, tiriltunge og vill-lin.

*Verdsetting:* Fleire raudlisteartar av sopp førekjem, og artsmangfaldet er høgt med innslag av raudlisteartar og fleire regionalt sjeldne planteartar. Bestandane av bittersøte er truleg dei største i fylket. Lokaliteten får derfor verdien A (svært viktig).

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg, helst seint i sesongen. Tilsåing med framandt grasfrø, attveksing med kratt og busker langs kantane og hard vegrensk er uheldig.

## 137 Farstad: Sandvikbukta (sandstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-137
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0753-0765, 8606-8620
<b>Høgde over havet:</b>	0-1m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand, tangvollar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.08.1978, L. Malme, 14.07.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på Farstad nordaust for gardane i Sandvika. Det er ei sandstrand på eit par hundre meter, med ein 10-20 m brei vegetasjonssone ovanfor sanden. Elles finst berg med interessant flora.

*Vegetasjon:* Mest driftvollvegetasjon med mjødukt, kveke, hestehavre, hundekjeks, tangmelde, krushøymol, raud jonsokblom og vassarve, og litt vegetasjon med strandrug på open sand.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til dyrka mark, naust i vestre del.

*Artsfunn:* Sjå under vegetasjon. Det vart også notert m.a. villauk, bitterbergknapp og knopparve på strandberga. Leif Malme har i 1978 funne marinøkkel, bittersøte, stortviblad, strandreddik på flygesand ved MQ 080 860 mellom Skotten og Sandvikbukta. 20.07.1975 har han elles samla tiggarsoleie i "Sandvika".

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det truleg ikkje fyller kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 138 Stemshesten: Vetaberga-Skottenura (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-138
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 078-086 853-856
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 40-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.1907, B. Kaalaas?, 25.07.1990, I. Røsberg?, 16.01.2000, GGa, 12.01.2005, JBJ

### Områdeskildring



**Generelt:** Lokaliteten består av ei nordvendt fjellskråning med berghamrar, grov steinur/steinblokker, berghamrar og nokså tronge kløfter som ligg på sørsida av riksvegen mellom Farstad og Skotten. Nedst i lia, der denne går over i flatare terreng er det eit parti med grove steinblokker og einskilde små bergveggar og skuggefulle og fuktige bergkløfter. Avgrensinga er basert på G. Gaarder (pers. medd.) og egne undersøkingar. Det er heilt uvisst om Kaalaas og Røsberg har vore på den avgrensa lokaliteten, eller om dei har vore på andre område i nærleiken. Truleg finst her hinnebregne over eit større område enn det som er avgrensa. (J. E. Koefoed har funne hinnebregne 200 m o.h. truleg på nordsida av Sandvikaksla lenger vest. Her kan truleg avgrensast ein annan lokalitet ved betre undersøkingar.)

**Vegetasjon:** Bergvegg av hinnebregneutforming, kystlynghei av ulik utforming, litt blåbærbyrkeskog.

**Kulturpåverknad:** Liten. Kraftline i nedkant.

**Artsfunn:** Av interessante planter er det funne hinnebregne (raudlistearter) fleire gonger og fleire stader i området: MQ 07 85, Kaalaas ("i en kløft ved Stemshestens vestligste fot"), I. Røsberg ("mellom Sandvik og Skotten, S for veggen, NV for Sjurvarden. Strandflata"), og ved MQ 084 856, GGa. Eigne undersøkingar 12.01.2005 gav 4 nye funn av hinnebregne i småkløfter i fjellfoten ved strandflata vestover forbi Vetaberga: MQ 0811 8560, MQ 0802 8568, MQ 0799 8565 og MQ 0780 8552. Elles er det m. a. fleire upresise, eldre funn av blankburkne og blåstorr. I tillegg vart det gjort to funn av kystmaigull i 2005. Av mosar vart dronningmose *Hookeria lucens* funne mange stader over heile området i 2005, elles fleire fuktkevande og dels oseaniske artar som grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, kysttvibladmose *Scapania gracilis*, skjørblæremose *Frullania fragilifolia*, vengemose *Douinia ovata* (alle kontrollert/bestemt av dr. scient. Kristian Hassel, NTNU), raudmuslingmose *Mylia taylori* og kyststornemose *Mnium hornum*, og av lav (GGa) lungenever, skrubbenever, vanleg blåfiltlav, kystfiltlav og skrukkelav.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit oseanisk område med mange fuktkevande artar, m.a. hinnebregne, som står på raudlista.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for fysiske inngrep.

### 139 Skotten: Otterliene (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-139
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0826 8599
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.10.2003, Kristian Hassel, GGa, JBJ, m. fl.

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten består av nokså tronge kløfter som ligg mellom riksvegen og stranda ved Skotten.

**Vegetasjon:** Bergvegg av hinnebregneutforming.

**Kulturpåverknad:** Liten.

**Artsfunn:** Av interessante planter vart det funne hinnebregne (raudlistearter). Interessante mosar: småstyle *Bazzania tricenata*, sumplundmose *Brachythecium rivulare*, vengemose *Douinia ovata*, kystmoldmose *Eurhynchium striatum*, skoreblankmose *Isopterygiopsis pulchella* cf., rottehallemose *Isothecium alopecuroides*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, kysttvibladmose *Scapania gracilis*, sagtvibladmose *Scapania umbrosa*. Lungenever m.fl. lavartar finst fleire stader på trea i kløftene i området.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei oseanisk kløft med fleire fuktkevande artar, m.a. hinnebregne som står på raudlista.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for fysiske inngrep.

### 140 Skotten (sanddyner, kalkrike enger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-140
<b>Kartblad:</b>	1220 I Hustad
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 085-088, 861-862
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 0-5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand, sanddyner, kalkrike enger
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beiting

**Undersøkt/kjelder:** 04.07.1895, Ove Dahl (Dahl 1897), 02.07.1954, O. Gjærevoll (herb. TRH), 21.08.1977 & 30.07.1978, Leif Malme (herb. O), 11.08.2001, GGa & FO, 13.10.2003, Kristian Hassel, GGa, JBJ, m. fl., 03.06.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av eit nokså smalt område med sanddyner og kalkrike strandberg ved Skotten, som går over i kalkrike enger ovanfor.

*Vegetasjon:* Ustabile og stabile sanddyner, kalkrike enger.

*Kulturpåverknad:* Badeområde, veg går ned til stranda, beita av kyr. Berre nordlege delar vert beita av dyr, mens hovuddelen av sanddyna og den sørlege delen av strandenga er i svak attgroing.

*Artsfunn:* Raudlistearten kystengcall er kanskje funnen her (2001, GGa & Finn Oldervik, bestemminga er ikkje stadfesta). Beitemarkssopp: russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (DC=omsynskrevande, kalkkrevande), brunaugevokssopp *H. virginea* var. *fuscescens* (kalkkrevande), grøn vokssopp og kritt vokssopp. Bittersøte, marianøkleblom, hjartegras, dunhavre, sandsiv, hjartegras, blåstorr og stortviblad er samla frå Skotten av Ove Dahl 04.07.1895 (herb. O). O.Gjærevoll har samla hjartegras, kjeldegras og sandsiv (herb. TRH). Av interessante planter vart det i 2003-2004 funne bittersøte, blåstorr, dunhavre, enghumleblom, fjellfrøstjerne, fjellrapp, fjellsmelle, gjeldkarve, gulmaure, hjartegras, jåblom, karve, knopparve, kvitmaure, liljekonvall, lodnerubloom, marianøkleblom (ein av to veksestader i fylket, viktigaste bestanden i fylket med 800-1200 planter telt i 2004), markfrytle, raudknapp, raudsildre, sandsiv (einaste kjende lokalitet frå nyare tid i fylket), storblåfjør, stormaure, strandreddik, svarttopp, vill-lin. Dette er ein av dei få stadene i fylket at bittersøte veks i naturleg vegetasjon (utanom vegkantar). Interessante mosar: skortejuvmose *Anoetangium aestivum*, slireskruemose *Barbula convoluta*, vegskruemose *Barbula unguiculata*, sølvvrangmose *Bryum argenteum*, faksbustehette *Orthotrichum rupestre*, hårmose *Platydictya jungermannioides*, dynehårstjerne *Syntrichia ruraliformis* (ny moseart for fylket).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit velutvikla sanddyneområde og artsrike kalkrike enger og kalkrike strandberg med sjeldne artar, og dessutan fleire raudlistearter i lågare kategori.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for fysiske inngrep. Ekstensivt beite er naudsynt (bør takast opp att også for den sørlege delen av området).

## 141 Stemshesten, austsida (nordvendte kystberg)

**Lokalitetsnummer:** 1548-141  
**Kartblad:** 1220 I Hustad, 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 092-098, 841-849  
**Høgd over havet:** ca. 100-300 m  
**Hovudnaturtype:** Rasmark, berg og kantkratt, skog  
**Naturtype:** Nordvendte kystberg, rik edellauvskog  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 26.02.2000, GGa

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei aust- og nordaustvendt fjellside på austsida av Stemshesten mot Sandblåst. Lia er dels skogkledd i nedre del. Lokaliteten ligg i eit svært fuktig lokalklima og er dels klassifisert som nordvendte kystberg (Gaarder m.fl. 2001), dels som rik lauvskog med innslag av ein del hassel og litt alm. Lokaliteten er for dårleg undersøkt.

*Vegetasjon:* Dels kysthasselkratt, dels oseanisk utforming av bjørkeskog. Bergveggsamfunna er dårleg undersøkt.

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Lungeneversamfunn med lungnever og kystnever på berg eit par stader. Kystfiltlav og vanleg blåfiltlav vart funne på osp. Den kystbundne (oseaniske) planten kystmaigull vart truleg funnen. Sistnemnde er sjeldan så langt nord.

*Verdsetting:* Området vert førebels verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er skuggefullt og eit oseanisk område med einskilde fuktkrevande artar, men som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B. Lokaliteten har truleg potensiale for meir enn det som er funne, og kan visa seg å ha høgare verdi ved betre undersøkingar.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for fysiske inngrep eller treslagskifte.

## 142 Vest for Kråkholsundet (sandstrand)

**Lokalitetsnummer:** 1548-142  
**Kartblad:** 1220 I Hustad  
**UTM (EUREF 89):** MQ 0938-0961 8630-8654

**Høgd over havet:** ca. 0-5 m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Sandstrand  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 28.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei strekning med sandstrand mellom Skotten og Kråkholmsundet.

*Vegetasjon:* Sandstrand med tangmeldevoll fremst og hestehavredominert tangvoll ovanfor.

*Kulturpåverknad:* Dyrka mark ovanfor, elles liten kulturpåverknad.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. havbendel, strandarve, strandreddik, strandrug og strandstjerne.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit sandstrandområde med einskilde interessante artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for vesentlege fysiske inngrep.

## 143 Kråkholmsundet (strandeng)

**Lokalitetsnummer:** 1548-143  
**Kartblad:** 1320 IV Eide, 1321 III Bremsnes  
**UTM (EUREF 89):** MQ 099-101, 868-869  
**Høgd over havet:** 0-1m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Strandeng og strandsump, tangvollar  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** Holten m. fl. (1986b, lok. 26.13), 28.07.2004, JBJ, Naturbasenummer: 154811400

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg mellom Farstad og Vevang, og er eit stort strand og gruntvassområde. Produktivt kystområde med strender, grunner og holmar. Viktig våtmarksområde når Sandblåstvågen frys til, m.a. for songsvane. Substratet varierer. Silt og skjelsand er vanlegast, i tillegg finst område med leire og område med grus. I nord dels småkupert med ein del strandberg. Grensar til dyrka mark, røsslynghei og fattigmyr. Totalarealet for havstrandvegetasjon er omlag 600 x 20 m. Eigne undersøkingar var for det meste avgrensingskontroll.

*Vegetasjon:* Relativt mange ulike saltengtypar. Forstrand med havbendel (U3c). Fjøresaltgraseng (U4a), øvre saltenger med saltsiv dominerer (U5a), litt brakkvassenger (U7) med fjøresivaks og tangvollar med kveke m.m, elles sumpstrand (U9).

*Kulturpåverknad:* Vegfylling ut til Kråkholmen. Noko avfall, traktorkøyning, uttak av masse m.m.

*Artsfunn:* Artsrike strandenger (84 artar) med sjeldne planteartar som saltarve, sverdlilje og blåstorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre område med strandeng og strandsump.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for fysiske inngrep.

## 144 Sandblåstvågen naturreservat (brakkvasspoll m.m.)

**Lokalitetsnummer:** 1548-144  
**Kartblad:** 1320 IV Eide, 1321 III Bremsnes  
**UTM (EUREF 89):** MQ 11-12, 84-85  
**Høgd over havet:** 0-2 m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Brakkvasspoll, undervassenger, strandeng og strandsump  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende (verna som våtmarksreservat 27.05.88)  
**Undersøkt/kjelder:** Kristiansen (1974), Skogen (1975), Fylkesmannen i MR (1982), Holten m. fl. (1986b), A.O. Folkestad & Geir Gaarder (pers. medd.), Naturbasenummer: 154813306

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein elvemunningsvåg ved utløpet av Kornstadfjorden, og ligg delvis i Fræna (Sandblåstvågen, dvs. indre, sørvestlege del) og delvis i Eide kommune (resten). Lokalitetsskildringa er i grove trekk felles for heile lokaliteten, slik han er undersøkt og skildra av kjeldene. Dette er det mest utprega "estuariat" i fylket og heilt unikt i utforming og storleik, med store verdiar innan botanikk, zoologi og kvartærgeologi. Store tidevassoner og strandenger i

eit småkupert kystlandskap. Lokaliteten er Ramsarområde som rasteplass for fugl på trekk og for hekkande våtmarksfugl. Eineståande samling fugleartar der 22 er av regional interesse, 23 av nasjonal interesse og 5 av internasjonal verdi. I trekktida m.a. inntil 200 songsvanar, inntil 8-900 grasender av ulike artar og inntil 2500 vadarar. Fleire sjeldne artar både under trekk og som hekkande. Arealet i Fræna er på 798,1 dekar. Området er målt opp og koordinatfesta. Grunnlaget for den rike fuglefaunaen er eit rikt planteliv og stor biologisk produksjon. Plantelivet er undersøkt av Kristiansen (1974) og Holten m. fl. (1986b). Fuglelivet er skildra i ei rekkje titlar, men ei viktig oppsummering er Fiske & Gylseth (1985).

*Vegetasjon:* Samla sett artsrike strandenger og undervassenger med fleire sjeldne artar og samfunnstypar, m.a. undervassenger med småhavgras, trådtjønnaks og bust-tjønnaks, raudsvingel-grusstorreg og tre ulike utformingar av bakre fuktenger. Svært stor variasjon i samfunnstypar (for fleire detaljar sjå Holten m. fl. 1986b).

*Kulturpåverknad:* Grensar til dyrka mark og vegar. Noko av dei omgjevande myrane er dyrka. Beiting av storfe, gjerde. Beitinga er truleg med på å skapa variasjon og er positiv for naturverdiane. Litt avfall.

*Artsfunn:* Holten m. fl. (1986b) har laga 3 artslistar, ei av desse gjeld Sandblåstvågen, dvs. Fræna-delen av området. Her er det funne 72 planteartar, som tyder at lokaliteten er artsrik. Busttjønnaks, trådtjønnaks og bogeminneblom er uvanlege artar. Bust-tjønnaks er ein typisk brakkvassplante som på Fræna-sida særleg skal finnast i mengde ved innløpet til Gaustadvågen. A.O. Folkestad og G. Gaarder har funne kjempesøtgras her, som einaste lokaliteten i fylket. Arten veks langs bekken mellom gardsbruka i sør, og er nok mest sannsynleg komen inn med grasfrø. A. Skogen har funne sandsiv "ved bekken ned til den sydvestligste bukt" 20.07.1971.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er del av eit stort, artsrikt og svært variert estuarieområde som er eineståande i regional og nasjonal samanheng.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet. Beiting er positivt så lenge ein unngår vesentlege trakkskader.

## 145 Skottenstupet (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1548-145
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 103-113, 832-839
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 80-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt, skog
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg, rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.02.2000, GGa

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei aust- og nordaustvendt fjellside på austsida av Stemshesten mot Sandblåst. Lia er dels skogkledd i nedre del. Lokaliteten ligg i eit svært fuktig lokalklima og kan klassifiserast dels som nordvendte kystberg (Gaarder m.fl. 2001), dels som rik lauvskog med innslag av ein del hassel og litt alm. Lokaliteten er for dårleg undersøkt.

*Vegetasjon:* Dels kysthasselkratt, dels oseanisk utforming av bjørkeskog. Bergveggsamfunna er dårleg undersøkt.

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Lungeneversamfunn med lungnever og kystnever på berg fleire stader. Kystfiltlav og vanleg blåfiltlav vart funne på osp. Den kystbundne (oseaniske) planten kystmaigull vart funnen eit par stader og galleteppemose på berg og basis av hassel eit par stader. Sistnemnde er sjeldan så langt nord.

*Verdsetting:* Området vert førebels verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er skuggefullt og eit oseanisk område med einskilte fuktkrevande artar, men som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B. Lokaliteten har truleg potensiale for meir enn det som er funne, og kan visa seg å ha høgare verdi ved betre undersøkingar.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør ikkje utsettast for fysiske inngrep eller treslagskifte.

## Område med dårlege data eller usikker status

Tidlegare undersøkingar har dekt deler av kommunen, medan andre deler er dårleg undersøkt. Ein del tidlegare undersøkingar har produsert mangelfulle data eller mangelfull avgrensing. Av ulike årsaker vert det nedanfor presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. I fleire tilfelle av at lokalitetar har vore undersøkte og data finst har ein vore i tvil om lokalitetane fortener å bli avgrensa og prioritert i rapporten. Det finst ingen tydelege retningslinjer for slike grenseoppgangar.

Tabell 7. Område i Fræna kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten. Dersom ikkje anna er opplyst er lokaliteten undersøkt av rapportforfattaren.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Åndalssetra - Langdalen (gammal skog)	MQ 010-029, 606-613	Område med innslag av gammal furuskog og gadd, observert med kikkert 26.08.2004, potensiell lokalitet, ikkje undersøkt.
Åndalssetra: Seterfjellet-Svarttjønna (gammal skog)	MQ 027-032, 605-613	Område med innslag av gammal furuskog og gadd, observert med kikkert 26.08.2004, potensiell lokalitet, ikkje undersøkt.
Åndalsvatnet	MQ 004-011, 617-622	Undersøkt i sørenden 24.08.2004, oligotroft vatn med litt interessant flora, kunne vore vurdert avgrensa med verdi C (gjeld fleire vatn i distriktet).
Jendemsfjellet: Gammelsetra (gammal skog)	MQ 010-015, 654-662	Område med eldre furuskog og svakt innslag av daud ved, overflatisk undersøkt 24.08.2004, det er usikkert om lokaliteten har kvalitetar som tilfredsstillar kriteria for prioriterte naturtypar.
Elnesvågen: Forøya	MQ 049-055, 687-695	Småhavgras funnen i grunn bukt (Malme 1971b), kunne vore undersøkt og avgrensa som undervasseng, dårleg lokalisert.
Tverrfjell: aust for Sæterdalsvatnet	MQ 115 763	Undersøkt av G. Gaarder, gammal lauvskog med osp og skorpefiltlav (raudlisteart) på austsida av Sæterdalsvatnet. Truleg B-lokalitet, men litt sparsame opplysningar, kom for seint til å bli med mellom lokalitetane.
Raudtua, nordsida (gammal skog)	MQ 04-05 78	Innslag av gammal furuskog og gadd stadvis nordover frå Herskaret, observert med kikkert frå Skalten 28.10.2004, ikkje undersøkt.
Skarset: Sagelva mot Herskaret	MQ 0449 7688	Observasjon av ein daud elvemusling i elva (Geir Moen pers. medd.). Sagelva har hatt stor bestand av elvemusling tidlegare og skulle vore sjekka.
Skarset: aust for Nordmark	MQ ca. 042 775	Lauvskog med m.a. den sjeldne skorpelaven <i>Thelotrema lepadinum</i> undersøkt av Geir Gaarder. Dårlige data elles, men potensiell lokalitet.
Kjørsvik: Strandhaugbukta (sandstrand)	LQ 988 708	Undersøkt 04.08.2004, triviell vegetasjon/flora, er ikkje avgrensa, tilfredsstillar truleg ikkje kriteria.
Farstad: sør for Storholmen	MQ 0496 8485	Undersøkt 27.07.2004, liten pøl med småhavgras like over flomålet, ikkje prioritert/avgrensa.
Farstad: ved Nygård (mellom Nerland og Storholmen)	MQ 0409-0425, 8423-8492	Vegkantar undersøkt 27.07.2004 med vill-lin, storblåfjør, dvergjamne, gjeldkarve, kjertelaugnetrøst og prestekrage, og to funn av spissvokssopp <i>Hygrocybe persistens</i> . Kunne vore avgrensa som artsrik vegkant.
Farstad: ved Bruhaugen (vegkantar)	MQ 054-056 847	Vegkantar undersøkt av GGa (og overflatisk av underteikna 28.07.2004) med stortviblad, marinøkkel og vill-lin. Kunne vore avgrensa som artsrik vegkant.
Farstad: Nordneset	MQ 058 862	Innslag av blåstorreng (truga vegetasjonstype) og mindre dammar med vassplanter undersøkt 28.07.2004, potensiell C-lokalitet, men ikkje avgrensa.
Farstad: Sandvikaksla, nordsida	MQ 075-080, 850-852	Nordvendte kystberg. J. E. Koefoed fann hinnebregne ein stad 200 m o.h. i 1977. JBJ fann m.a. dronningmose ca. 80 m o.h. 12.01.2005. Burde ha vore betre undersøkt. Sannsynleg B-lokalitet.

Kartlegging i saltvatn (t.d. undervassenger med ålegras) vert overlevert til ei seinare evt. kartlegging etter DN-handboka om marin kartlegging.

Som nemnt i metoden er heller ikkje kartlegging etter handbok i ferskvasskartlegging inkludert, m.a. er lakse- og aureførande vassdrag ikkje registrerte.

Til slutt er det grunn til enda ein gong å minna om at prosjektet heller ikkje inkluderer kartlegging av virveldyr (pattedyr, fugl m.m.) etter handbok i viltkartlegging (DN 1996).

# RAUDLISTEARTAR

## Generelt

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd	R	sjeldan
E	direkte truga	DC	omsynskrevande
V	sårbar	DM	bør overvakast

I tillegg er det nytta K=raudlistekandidat om artar som ikkje er med på raudlista, men kan vera aktuelle ved neste revisjon. For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Fræna. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

## Sopp

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av sopp er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001), med seinare oppdatering i eigen database. Det er kjent godt over 7000 soppartar i Noreg, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998). Tabell 8 viser at det i Fræna er kjent 30 raudlista soppartar, av desse 2 direkte truga (kategori E), 1 sårbar art (kategori V), 9 sjeldan (kategori R) og 18 i kategori omsynskrevande (DC). Dei fleste av desse er knytt anten til kulturlandskapet (16 artar) eller til edellauvskog (8 artar). Nokre (4 artar) er og knytt til gammal skog ved at dei finst på røten ved. To artar førekjem helst i sanddyner.

## Lav

